

De Excidio Britanniae

*

Ein studie av Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae* og spørsmålet om brot eller kontinuitet av den romano-britiske kulturen i det sub-romerske Britannia



Av Eirik Anders Rosnes



Masteroppgåve i historie. Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap.
Universitetet i Bergen. Mai 2009.

ENGLISH SUMMARY

In the introduction for his book, "*The Decline and Fall of Roman Britain*" from the year 2000, author Neil Faulkner poses the question: Do we really need another book on Roman Britain and its decline and fall¹. He subsequently goes on to argue that yes, we do indeed. I suppose the very same question can be applied with regards to my own project concerning Roman Britain, and I, as Neil Faulkner, must come to the conclusion that yes, we do. However, the answer that both Faulkner and I give to this particular question comes with a catch. The information presented in both the works by Dr. Faulkner and myself must represent something new to the field in question. And therein, as the bard would tell us, lies the rub.

Over the years, the historical field of Roman Britain has intrigued many scholars of ancient history and the different approaches to the topic are highly numerous. So how is my own approach any different than what has already been read and agreed upon? What do I bring to the table?

Actually, this master thesis is not just concerned with the period that is known as Roman Britain, but just as much the period that followed it, commonly known by scholars as the Sub-Roman period. There are two written accounts from Britain in this period, and I have chosen to work with the one best suited for my task, and that is the sixth century document *De Excidio Britanniae*, by the author Gildas. This is therefore a project mostly concerned with one major literary source, and so the question I ask is this: **What can we learn from the *De Excidio Britanniae* concerning continuity or a break with the Romano-British culture in the Sub-Roman period of Britain?**

To answer this question, we need to establish an opinion regarding what the Romano-British culture consisted of. In the following thesis, I will therefore attempt to establish major traits in the Romano-British culture, in order to determine if we can find remnants of a continuing practice, or a break with these elements, in the work of Gildas, written more than a century after the Roman Empire abandoned the province.

¹ Faulkner 2000, 10

Forord

Eg vil gjerne få takka min rettleiar Ingvar Brandvik Mæhle for inspirasjon og kommentarar som har vore til stor hjelp i utforminga av sjølv idéen bak dette arbeidet, og for at han alltid har vore til hjelp i prosessen med å skrive denne oppgåva. Eg vil også takka Eivind Heldaas Seland og Jørgen Christian Meyer, samt mine mange medstudentar på masterseminaret, som med konstruktive innspel har bidratt til mange gode og interessante diskusjonar.

Takk til mine foreldre Oddbjørn og Norhild, for gjennomlesing og gode innspel, og for at dei har utstyrt meg med ei interesse for historie.

Til sist sender eg ein tanke til dei mange munkane i dei europeiske klostera i mellomalderen, som gjennom utallege timar ved skrivepulten, har gjort sitt for å halda historia i live.

Bergen, mai 2009.

Eirik Anders Rosnes

INNHALD

1.0	Ingenting å frykta eller gleda seg over	8
2.0	Forskingstradisjonen	12
3.0	Kjeldene	15
3.1	Gildas	18
3.2	Bede	19
3.3	Tacitus	19
3.4	Øvrige litterære kjelder	20
3.5	Førebels samanfatning	21
4.0	Erobring og okkupasjon	22
4.1	Dei tidlege møta	23
4.2	Caesar sine ekspedisjonar til Britannia	24
4.3	Planer om invasjon	26
4.4	Claudius sin invasjon	27
4.5	Boudicca – krigerkvinna	29
4.6	Agricola	31
4.7	Britannia som okkupert område og utpost mot barbarane	32
5.0	Decline and fall	39
5.1	Fiendar på alle kantar	39
5.2	Ei nedadgåande kurve?	42
5.3	Førebels samanfatning	43
6.0	Romanisering	44
6.1	Om romanisering	45
6.2	Dei tidlege forskarane	47
6.2.1	Theodor Mommsen	47
6.2.2	Francis Haverfield	48

6.2.3 R.G. Collingwood	49
6.3 Forsking frå etterkrigstida	50
6.3.1 A.L.F. Rivet	50
6.4 Moderne forskning	51
6.4.1 David Mattingly	51
6.4.2 Greg Woolf	52
6.5 Om romaniseringa av Britannia	54
6.5.1 Romanisering i kjelda - <i>De vita et moribus Iulii Agricola</i>	54
6.5.2 Romanisering i forskingslitteraturen	57
6.6 Ein romano-britisk kultur?	60
6.6.1 Økonomi	61
6.6.2 Religion	63
6.6.3 Kunst	64
6.6.4 Språk	66
6.6.5 Arkitektur	68
6.7 Romanisering av by og landsbygd i provinsen Britannia	69
6.7.1 Landsbygda, og utbreiinga av Villa-kulturen	71
6.8 Førebels samanfatning	73
7.0 Gildas – Om øydeleggjinga av Britannia	76
7.1 Kven var Gildas?	76
7.2 Dateringa av <i>De Excidio</i>	81
7.3 Bruken av <i>De Excidio</i> – Framhaldet av ein romano-britisk kultur?	88
7.4 Ei romersk identitetskjenle?	91
7.5 Religion	94
7.6 Språk	96
7.7 Arven frå Gildas	100
7.7.1 Religion	101
7.7.2 Språk	102
7.7.3 Andre romano-britiske element	103
7.8 Førebels samanfatning	105
8.0 Samanfatning	106

9.0 Kart og myntar	109
9.1 Figur 1	109
9.2 Figur 2.....	110
9.3 Figur 3.....	111
9.4 Figur 4.....	112
9.5 Figur 5.....	113
9.6 Figur 6.....	114
9.7 Figur 7.....	114
10.0 Bibliografi	115
10.1 Forkortingar	115
10.2 Primærkjelder	115
10.3 Sekundærlitteratur	117

1.0 INGENTING Å FRYKTA ELLER GLEDA SEG OVER

Og ganske fort, i løpet av ti-femten år, vokste romernes Londinium opp rundt den første spinkle trebrua over Thempsen – til den ble en av de livligste handelsbyene i den europeiske delen av det romerske verdensriket. (...) London fikk snart en befolkning på 50 000 – i et land hvor det dengang neppe fantes en million mennesker tilsammen. Romernes by ble på mange måter en etterligning – i mindre målestokk naturligvis – av det Roma som de var kommet fra. Offentlige bygningar og større privathus hadde sentralfyring i form av varmt vann i kanaler under gulvene. Londinierne hadde vanntoalett også – og de kjørte omkring i vogner med hjul på. Alt dette skulle forsvinne da romerriket brøt sammen for over ett tusen år siden. Først under dronning Elizabeth I kom rullende kjøretøyer tilbake i allminnelig bruk. Man måtte vente helt til dronning Victoria, før vannklosettet dukket opp igjen i forrige århundre. Og sentralfyring er ikke blitt alminnelig for britene før etter andre verdenskrig.²

Det er i grunn rart dette med interesse, kva det er i livet som på ein måte talar til oss, som fengjer oss meir enn andre ting gjer. Då vi var ungar brukte ofte dei vaksne spørje oss laust og fast om kva vi likte her i livet, om idrett, leikar, dyr, musikk, skulen, og eg vart ofte spurd av tantar og onklar kva fag eg likte best. Dei fleste i klassen ville sikkert ha svart gymnastikk, sløyd eller musikk, og det er alltid eit par som svarar matematikk. Dei du ser for deg kjem til å sitja og knusa tal resten av livet. Men så har du og ei anna gruppe. Dei av oss som likte å læra om emne som språk, geografi og **historie**.

Sjølv om eg godt kan like å lese bøker, kan eg ikkje akkurat kalla meg sjølv ein lesehest. Men eg har ei klar favorittbok. ”Mine Gleders By” av Richard Herrmann er ei bok eg verkeleg har nytt godt av, og blir inspirert av. Boka omhandlar byen London opp gjennom historia, og det passa veldig godt i høve til mine interesser. Eg har tidlegare studert grunnkurs i engelsk, og har alltid vore fascinert av Storbritannia si kultur og historie. Etter ei kjapp rådslaging på det

² Herrmann 1991, 22

første masterseminaret vart det klart at svaret måtte bli eit arbeid om romersk Britannia, denne provinsen der *Cicero* meinte det var ingenting å frykta eller gleda seg over.³

Romanisering var temaet, og eg gjekk i gang med litteratur og kjelder knytta opp om dette temaet i mine oppgåver dei første semestera på masternivå. Så kom eg til eit vegskille, og eg byrja gjera meg tankar om kva som var den riktige stien å gå, og eg kom til slutt fram til at eg skulle endra litt retning. Sjølv om det skulle vise seg at romanisering framleis ville vera ein viktig del av mitt masterprosjekt, flytta eg fokus frå byrjinga av romersk styre i Britannia til slutten, og oppgåva mi vart no konsentrert om nedgangen av romersk Britannia, og slutten på imperiet sitt herredøme over øya i vest. Endå nærare bestemt enn det ligg faktisk størstedelen av fokuset i denne oppgåva på den tidsperioden etter at romarane hadde trekt seg ut frå provinsen i år 410, den sokalla sub-romerske perioden. Men før vi kjem så langt vil vi gå gjennom andre delar av romersk Britannia, slik at vi får ei betre forståing av tilhøva etter at det romerske herredømet tok slutt. Det fins mange oppgåver, bøker og andre prosjekt om romersk Britannia, og eg har med denne oppgåva som hensikt å nærma meg emnet på ein litt annleis måte,⁴ då eg i hovudsak vil fokusera på den viktigaste skriftlege kjelda frå den sub-romerske perioden i Britannia, og i mindre grad sjå etter stønad i dei arkeologiske kjeldene. Kjelder og kjeldegrupper vil likevel få ei behandling i oppgåva.

Sitatet eg innleia oppgåva med er henta frå boka av Richard Herrmann, som er nemd ovanfor, og her skildrar den norske forfattaren korleis det britiske øyriket utvikla seg etter at Britannia vart innlemma som provins i det romerske keisardømet. Herrmann er riktig nok ikkje historikar, han er forfattar, journalist og elles godt kjent som kåsør i NRK, så ein skal vera varsam i å leggja i overkant mykje lit til vitnemåla hans. Men samstundes står denne skildringa som eit godt døme på følgjene av det romerske imperiet og korleis dei romerske provinsane oppnådde ei heilt anna røynd enn før under dei nye herskarane og romaniseringsprosessane deira. Og ikkje minst representerer dette sitatet eit tradisjonelt syn på at provinsen sank tilbake til sin barbariske tilstand då dei romerske styrkane trakk seg ut i år 410, nemleg ein tidlegare akseptert idé om at romarane kom, siviliserte og reiste der i frå. Og utan romarane til stades fann det britiske levesettet raskt tilbake til dei usiviliserte og barbariske vanane dei hadde fleire hundreår tidlegare.

³ Cicero *Letters to Quintus*, letter 21 (III.I.X) Mi eiga frie omsetjing av Cicero sine tankar om Britannia. "As to British matters, I see from your letter that we have no cause for alarm, nor rejoicing either."

⁴ Sjå kapittel 2 for forskingslitteraturen om romersk Britannia, og kapittel 6 om romanisering.

I forordet til boka si ”*The Decline and Fall of Roman Britain*⁵” frå år 2000 stiller forfattaren Neil Faulkner følgjande spørsmål: Treng vi verkeleg ei ny bok om romersk Britannia og dets fall? Han går vidare med dette, og kjem fram til at svaret er ja, det gjer vi. Det same spørsmålet kan i grunn stillast til meg sjølv og arbeidet med denne oppgåva om romersk Britannia, og eg, som Neil Faulkner, må koma med det same svaret. Men svaret Faulkner og eg begge kjem med har ei påfølgjande hake. Det arbeidet både Faulkner og eg kjem med bør representera noko nytt i høve til framgangsmåte eller resultat. Og der ligg sjølvstøtt utfordringa.

Eg vil difor i denne oppgåva ta eit lite steg unna det mykje omtalte emnet som er romersk Britannia, og vende ein del av tankane mot den sub-romerske perioden i Britannia, som fulgte etter at romarane trekte seg ut frå provinsen. I denne perioden på 400 og 500-talet, kjenner vi til to litterære aktørar frå Britannia, nemleg *St. Patrick* og *Gildas*. I denne oppgåva vil eg setja fokus på verket av Gildas, *De Excidio Britanniae*, som eg meiner er den viktigaste og den mest passande for oppgåva, og eg kjem dermed med følgjande problemstilling: **Kva kan Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae* fortelja oss om brot eller kontinuitet av den romano-britiske kulturen i den sub-romerske perioden i Britannia?**

For å svare på dette spørsmålet må vi kunne leggje til grunn ei forståing av den romano-britiske kulturen. Eg vil difor i denne oppgåva freista gje ei skildring av dei viktigaste hendingane i den romerske perioden i provinsen, for så å leggja fram ein diskusjon om kva denne kulturen bestod av, korleis den kom til, og korleis den fall. Det sentrale spørsmålet her vil difor vera: **Kva kjenneteikna den romano-britiske kulturen?**

Eg vil i det følgjande starte med ei kort presentasjon av faglitteratur kring romersk Britannia, og kjeldene vi nyttar i arbeidet vårt med provinsen. Eg vil deretter sjå på sentrale punkt i hendingshistoria til romersk Britannia, og provinsens nedgang og fall. For å kunne etablere ei forståing av den romano-britiske kulturen har eg eit omfattande kapittel om romanisering generelt, og om romaniseringa av Britannia, der vi skal freista få fram elementa som kjenneteikna kulturen.

⁵ Faulkner 2000, 10

Den siste delen av denne oppgåva har som hensikt å gje ei vurdering av kor vidt den romano-britiske kulturen vi såg på i det føregåande kapittelet var vedvarande eller forsvann i den sub-romerske perioden i provinsen. Det vil difor i det 7. kapittelet bli lagt fram ei grundig analyse av Gildas sitt verk. I samanfatinga til slutt vil eg koma med konkluderande kommentarar i høve til problemstillinga, og det vi har lært gjennom dette prosjektet, samt sjå på moglege nye vegar å ta i eit vidare arbeid kring dette emnet.

2.0 FORSKINGSTRADISJONEN

Historikaren R. G. Collingwood presenterer i boka *Roman Britain* frå 1923 eit syn på romersk Britannia som han samstundes raskt avfeier som ein gamaldags og karikaturisk måte å sjå den romerske innflytelsen i provinsen på. Romarane kom, erobra og reiste, utan å etterlata seg anna enn ruinerte bygningar. Og utan beskyttelsen frå dei romerske herskarane fann dei raskt tilbake til sine tidlegare vaner.

*(...) the Celtic barbarians once more had the island to themselves, having learned nothing and forgotten nothing in the meantime.*⁶

Som mykje anna her i verda, kan det også sjå ut som om historiske tolkingar går i ein slags syklus, og gamle måtar å vurdera historia på kan seinare koma fram att i lyset. Den tankegangen Collingwood avfeide som gamaldags og karikaturisk i 1923 blir igjen tatt opp i moderne forskning om romersk Britannia, som hjå David Mattingly, som meiner at synet på ein kontinuerleg fase frå romarane forlet Britannia til Saksarane etablerte sitt samfunn umogleg kan finna stønad i dei arkeologiske materiala.⁷

Dersom vi tenkjer tilbake på det eg i innleiinga skreiv om Neil Faulkner og hans tankar om det verkeleg var behov for ei ny bok om romersk Britannia, kan det hjelpa oss til å plassera denne biten av oppgåva i ein større kontekst. Det er skrive mange bøker om romersk Britannia, og det vil sikkert bli skrive mange fleire i åra som kjem. Og som David Mattingly påpeikar har romersk Britannia dei siste tiåra blitt ein av dei romerske provinsane det har blitt forska mest på, og dagens historikarar må vera klar over at dei står på skuldrene til kjemper.⁸

Som vi skal sjå har synet på romersk innflytelse i Britannia endra seg mykje over tid og forskningstradisjonen vil til stadigheit vera i endring etter kvart som ein avdekkjer nye bevis og metodar til å læra om fortida. Mykje av idégrunnlaget til denne oppgåva byggjer i stor grad på forskingslitteraturen, og det vil difor i resten av denne oppgåva fleire gonger bli referert til oppfatningar og meiningar hjå tidlegare forskarar for å byggja oppunder eller slå frå eigne

⁶ Collingwood 1994, 3

⁷ Mattingly 2006, 325

⁸ Mattingly 2006, xi-xii

tankar. Kapittelet som følgjer seinare om romanisering er ein grundig gjennomgang av forskingslitteraturen knytta opp mot det emnet, og i delen om nedgangen av romersk Britannia vil tilsvarande bli lagt fram. Likevel vil eg i denne delen av arbeidet mitt ta føre meg ein kort introduksjon om forskningstradisjonen som omhandlar perioden som følgde etter romersk Britannia, for då å kunna gjere klart kvar mitt eige arbeide høyrer heime og passar inn i denne forskningstradisjonen.

Som eg har nemnt ovanfor har synet hjå forskarar angåande spørsmålet om brot eller kontinuitet av den romano-britiske kulturen endra seg over tid. Riktingok er det 83 år mellom forfatarane Collingwood og Mattingly gav ut sine bøker⁹, så i så måte er det gjerne naturleg at ein over ein så lang periode vil vurdera ting annleis. Når det gjeld arbeid som omhandlar den sub-romerske perioden har ikkje dette vore aktuelt i like stor grad som arbeid som omhandlar andre aspekt ved romersk Britannia. Dette kan gjerne skuldast den store mangelen på kjeldemateriale. Vi har i hovudsak to litterære kjelder frå Britannia i perioden, Gildas og St. Patrick, og av desse er Gildas sitt verk klart mest nytta.

Dei som har arbeidd mest med kjelda ser ut til å vera delt inn i hovudsakeleg fire grupper, dei som vil nytte Gildas som ei kjelde til historia om Kong Arthur, dei som vil nytte verket som kjelde til religionsshistoria til Britannia, dei som nyttar kjelda i studier av den saksiske *adventus*,¹⁰ og dei som er interessert i å nytta Gildas til å læra om England sitt opphav, det britiske samfunnet på 4-500-talet, og det er her mitt arbeid vil koma inn. Nærare bestemt kva delar av det tidlegare samfunnet som framleis eksisterte, og ein bruk av Gildas i høve til romano-britiske element. Dette er ein langt mindre utbreidd måte å nytta Gildas på enn dei andre måtane eg har nemnt ovenfor. Det har sjølvstøtt vore arbeidd med dette også, mitt arbeid er ikkje unikt i så måte, men eg meiner hovudproblemstillinga i debatten kring arbeid med Gildas ser ut til å gå meir på *korleis* ein kan bruka verket til Gildas enn å faktisk bruka kjelda.

Mykje av arbeidet med Gildas i denne oppgåva vendar seg mot forskning av nyare dato for enten å finna stønad eller motbør for mine synspunkt. Og i særskild stor grad har eg dratt nytte av N. J. Higham, professor i mellomalderhistorie ved Universitetet i Manchester, og

⁹ Collingwood si bok *Roman Britain* kom ut i 1923, medan Mattingly si bok *An Imperial Possession* kom ut i 2006.

¹⁰ Den saksiske invasjonen av Britannia har ofte vore sett på som ei spesifikk hending kalla *adventus saxonum*. Mattingly 2006, 535-6

hans arbeid frå 1994 med Gildas i høve til den saksiske erobringa av den tidlegare romerske provinsen. Men eg vil like fullt sjå på andre aktørar, og sjølvsagt også leggja fram mine egne meiningar.

I det neste kapitlet vil eg sjå nærare på dei kjeldene som er tilgjengelege for den aktuelle tidsperioden, og eg vil ta føre meg ein gjennomgang av kjeldene eg vil nytta meg av i denne oppgåva.

3.0 KJELDENE

*I will, therefore, if God be willing, endeavour to say a few words about the situation of Britain, her disobedience and subjection, her rebellion, second subjection and dreadful slavery (...)*¹¹

Sjølv om ein alltid skulle ønskje at det fantes meir, har ein gjennom det rike omfanget av kjelder fått god kjennskap til provinsane til det romerske imperiet i den antikke verda. Også når det gjeld romersk Britannia, har vi gjennom både dei litterære kjeldene, samt dei arkeologiske kjeldene, fått tilgang til ei verd som eksisterte for over 1500 år sidan.

I dette kapitlet vil eg presentera dei ulike kjeldegruppene vi har å arbeide med når det gjeld romersk Britannia generelt, og eg vil sjå nærare på dei litterære kjeldene eg nyttar i dette arbeidet spesielt.

Sitatet eg starta dette kapitlet med er henta frå Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae*, som er hovudkjelda eg nyttar i dette arbeidet. Men sjølv om ho er den viktigaste kjelda til tilhøva i provinsen i høve til mitt prosjekt, er ho langt frå aleine når det gjeld kjelder knytta til provinsen Britannia. Det fins fleire kjeldetypar å arbeida med, og vi kan dela desse inn i fire forskjellige grupper; litterære kjelder, inskripsjonar, arkeologiske kjelder og numismatikk, det vil seie læra om myntar.¹²

Romersk Britannia har vore skildra hjå fleire av antikkens litterære skikkelsar, som til dømes hjå *Gaius Iulius Caesar*, *Strabo* og *Dio Cassius*. I tillegg finn vi også Britannia nemnt hjå mange fleire forfattarar. Litterære verk om Britannia inkluderer ei rekkje av sjangrar, mellom anna biografiar, geografiske skildringar, personlege brev, politiske kommentarar og så bortetter. Med så mange forskjellige verk frå forskjellige forfattarar er det klart at det også medfører stort tolkingsrom. Det er også viktig å tenkja på at graden av nøyaktighet eller relevans i høve til romerske Britannia vil vera forskjellige hjå forfattarar som har fokus på provinsen, og dei som refererar til provinsen i andre rekkje. Dei litterære kjeldene er å finna frå heile perioden då Britannia var ein romersk provins, i tida før provinsen vart innlemma i

¹¹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 2

¹² Ireland 1996, 1

keisardømet, og også frå perioden etter romarane trekte seg ut frå provinsen. Av desse to siste periodane er det litterære materialet mindre omfattande, og mykje av materialet stammar frå dei tidlege århundra etter Kristus. Då det kan vera fleire hundre år mellom kjeldane, er det også naturleg at dei kan skilja seg frå kvarandre i høve til både form og innhald.¹³

I tillegg til dei litterære kjeldene har vi ei anna form for skriftlege kjelder. Det er då snakk om såkalla epigrafiske kjelder, nemleg inskripsjonar. I arbeidet med litterære kjelder frå antikken arbeider vi ofte i realiteten med kjelder som er produkt av ei lang rekkje av kopiering opp gjennom åra. Det er mykje takka vera munkar i mellomalderen, som ved bruk av ein særskild tidkrevjande metode kopierte opp nye utgåver av dei klassiske verka, at vi i dag framleis kan ta dei i bruk. Sjølv om ein skal vera takksame for at kjeldene i det heile tatt er bevart, ligg det også ein problematikk i denne typen kjelder, og det er eit spørsmål om nøyaktigheit i gjengjevinga. Gunhild Vidén ved Universitetet i Trondheim legg fram to moglege problem ved omsetjingar av antikke tekstar som vi må ta høgde for i eit arbeid med slike kjelder. Det eine er at mennesket er feilbart. Kopiane er ikkje laga av maskiner, men for hand. Ein kan miste eller bytta ut eit ord, ein bokstav, eller eit einskild teikn, og brått er kjelda endra frå det som var utgangspunktet. Desse feila kan bli ført vidare neste gong ein annan person kopierar kjelda, for ein kopierte ikkje frå originalen kvar gong, men av ein tidlegare kopi. Eit anna problem med desse skriftlege kjeldene har samanheng med ein omsetjingsprosess. Å lesa 2000 år gamle latinske tekstar er ikkje for kven som helst, så dermed er omsetjingar av kjeldene gode å nytta. Men her må ein vera veldig observant på følgjande. I all omsetjing skjer det ei tolking av kjeldematerialet. Det er då viktig å vera klar på om det ein les er meininga til den opphavlege forfattaren, eller om det er tolkinga til omsetjaren.¹⁴

Dei epigrafiske kjeldene er derimot ein direkte referanse frå perioden, og har dermed ikkje problematikken som kan oppstå ved kopierte kjelder. Inskripsjonar finn ein i mange samanhengar. Frå gravminner eller statuar i dei offentlege bygningane, til skriblerier på veggjar eller golvfliser i private hus.¹⁵ I tillegg til informasjonen som ligg i det som er skriva i inskripsjonen, kan desse kjeldene også fortelja oss mykje om livet til innbyggjarane, og om tilhøva i provinsen. Til dømes meiner den britiske historikaren Francis Haverfield at funn av

¹³ Ireland 1996, 3

¹⁴ Vidén 2000, 79-84

¹⁵ Ireland 1996, 7

golvfliser med inskripsjonar på latin er eit døme på at også medlemmar av arbeidarklassen var kyndig i det latinske språket i provinsen.¹⁶

Alt vi i hermeteikn ”grev opp av jorda” kan nyttast som arkeologiske kjelder. Over heile den antikke verda kan ein finna spor etter fortida, og romersk Britannia er ikkje noko unntak. Ruinar etter den romerske villakulturen og romerske gjenstandar er til god hjelp i vårt historiske arbeide om provinsen på ytterkanten av imperiet. Ikkje minst gjeld dette i høve til eit arbeid om romanisering, som vi skal sjå seinare at vi ved bruk av slike kjelder kan læra mykje om graden av romanisering i provinsen. Til dømes meiner den britiske forskaren R. G. Collingwood at den type villa ein fann i Britannia gjerne kan karakteriserast som romerske byggjestilar med ein keltisk vri, og at det dermed var ein fusjon av den innfødde og den romerske kulturen.¹⁷ Arkeologiske kjelder kan fortelja oss mykje om faktiske tilhøve i fortida, men vi kan ikkje grava opp av jorda korleis fortidas menneske tenkte.

Den siste kategorien av kjeldetypar eg vil nemna her er det vi kallar numismatikk, eller læra om myntar. Over heile den antikke verda har myntar frå tidlegare periodar vore til bruk som kjelde. Romersk Britannia er i så måte ikkje noko unntak. I tillegg til å produsera myntar etter kven som hadde makta i riket, hadde ein også i det romerske imperiet for vane å markera særskilde hendingar på myntane sine, til dømes myntar som viste at Britannia var underlagt dei nye herskarane.¹⁸

Når vi arbeider med ei kjelde er det i utgangspunktet to måtar å bruka ho på. Det er som ei levning eller som beretning. Alle kjelder har nytteverdi som levning. Det vil seia at det kan fortelja oss noko om korleis kjelda kom til. Kven som står bak, og tida og tilhøva då kjelda oppstod, er ikkje berre faktorar som kan betra vår forståing av kjelda, men desse faktorane kan også hjelpa oss i å dra ut informasjon. Til dømes kan Tacitus sin bakgrunn frå ein romersk provins ha noko å seie for hans syn på romanisering og imperialisme? I arbeidet mitt med Gildas i denne oppgåva nyttar eg verket i stor grad som levning, då det er relevant for mi problemstilling.

¹⁶ Haverfield 1912, 22-24

¹⁷ Collingwood 1994, 80

¹⁸ Ireland 1996, 88

Den andre måten å nytta seg av ei kjelde på er som beretning. Det er då sjølve innhaldet i kjelda som fortel oss noko om fortida. Ein må kunna seia at så lenge ein i nyare tid kjende til dei gamle innskriftene men ikkje kunne tyda dei eller setja dei i ein samanheng, framstod dei som historiske levningar. I det øyeblikk forskarar var i stand til å knekkja kodane og dermed kunne byrja bruka tekstane, kunne dei og nyttast som beretningar. Store delar av den antikke historieskrivinga er skrive på eit språk som lærde menneske i alle århundre etter har kunne tyda, så det har frå starten av vore nytta som beretning. Det er først i moderne tid at ein har tatt litterære kjelder i bruk også som levningar.

Numismatikk og arkeologiske kjelder vert i denne oppgåva brukt sær sarsamt, og då kun for å visa til at desse kjeldene eksisterar, at dei kan fortelja oss noko om enkelte tilhøver, og korleis dei er behandla i tidlegare forskning. I denne oppgåva er det som sagt nemleg dei litterære kjeldene som står i fokus, og nærare bestemt ei litterær kjelde som hovudfokus. Eg vil no presentera dei litterære kjeldene eg i meir eller mindre grad vil nytta i denne oppgåva. Forutan desse kjeldene eg vil presentera her har eg også nytta diverse andre kjelder i bakgrunnsdelen av denne oppgåva. Desse kjeldene vil ikkje få ei grundig gjennomgang her.

3.1 Gildas

I sentrum av mine kjelder står Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae*. Dette verket får ei grundig gjennomgang i eit seinare kapittel, og vil difor ikkje få ei like omfattande behandling her, men eg vil like fullt gje ein kort presentasjon. Gildas var ein britisk prest som truleg skreiv på første halvdel av 500-talet i Britannia. Det einaste verket vi med sikkerhet tilkjenner han er *De Excidio Britannia*. Denne tittelen, som eg omsetter fritt som øydeleggjinga av Britannia, er eit verk i tre delar der Gildas gjer ein kort presentasjon av historia til Britannia, for sidan å koma med ei kritisk røyst retta mot dei verdslege og geistlege makthavarane i den tidlegare romerske provinsen. Vi kjem tilbake til Gildas sitt verk i kapittel 7 seinare i oppgåva.

3.2 Bede

Det andre verket eg ser på i høve til Britannia i perioden etter det romerske herredømet er den britiske munken Bede sitt verk *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, eller som det kan kallast på engelsk: *The Ecclesiastical History of the English Nation*¹⁹. Verket skriv seg frå ein seinare periode enn Gildas sitt, og skriv seg truleg frå år 731.²⁰ Dette verket er, som tittelen tilseier, knytta i hovudsak opp mot den kyrkjelege historia til den tidlegare provinsen, men Bede tar også for seg begivenhetshistoria til provinsen, og støtter seg her i stor grad på informasjon henta frå Gildas sitt verk. I tillegg er Bede sitt verk gjerne å rekna som ei viktig kjelde til det anglo-saksiske inntoget i Britannia. Verket er satt saman av fem bøker, der Bede tar for seg den religiøse og politiske historia til Britannia frå Iulius Caesar til eit stykke ut på 700-talet. Bede sitt verk er mykje lengre og meir omfattande enn verket til Gildas, men grunna skilnaden i høve til dateringa av verket og relevansen knytta til emnet for denne oppgåva vil ikkje Bede sitt verk få den same grundige gjennomgangen som *De Excidio*. Vi skal likevel sjå litt meir på Bede i kapittel 7.

3.3 Tacitus

Når eg skal nytta hovudkjelda mi Gildas i eit forsøk på å finna vedvarande element av den romano-britiske kulturen i den sub-romerske perioden må eg på førehand ha gjort klart kva vi meiner med romano-britisk kultur. I så måte er det behov for eit kapittel om romanisering, og når det er tilfelle står Tacitus fram som den beste kjelda vi har til romaniseringa av provinsen. Rundt år 98 gav den romerske historikaren og politikaren ut verket *De vita et moribus Iulii Agricolae*, som omhandla livet til svigerfaren hans, guvernøren i Britannia, Iulis Agricola. Dette verket tar føre seg livet til Agricola, men særskild perioden i Britannia, og om tilhøva der, og i dette verket får vi verkeleg eit innblikk i den prosessen som gjekk ut på å gjera dei romerske provinsane meir lik den sentrale delen av keisardømet. Vi skal sjå nærare på dette med romanisering i Tacitus sitt verk om Agricola i kapittel 6 av denne oppgåva.

¹⁹ Hunter Blair 1970, 3

²⁰ Jones 1996, 57

3.4 Øvrige litterære kjelder

Dei følgjande kjeldene kjem også frå den sub-romerske og anglo-saksiske perioden i Britannia, og dei er nemnt i den kommande teksten. Men sidan desse kjeldene vil bli nytta i mindre grad og ikkje vil bli behandla på lik linje med andre verk i denne oppgåva vil eg difor her gjera rede for kva desse kjeldene er.

I tillegg til verket til Gildas har vi ein annan forfattar frå 500-talet i Britannia. Det er Irland sin skytsengel, St. Patrick. Patrick, som var brite av romersk avstamming, står bak dei to andre verka frå den sub-romerske perioden i Britannia, nemleg *the Confessio* og *the Epistola*, to brev skrive av St. Patrick. Med desse verka ville St. Patrick gje ei skildring av livet sitt og hans misjon, og kritisera tokt påført Irland.²¹ *The confessio* og *the Epistola* blir heller ikkje behandla i denne oppgåva, men lesaren skal vera klar over eksistensen til dette verket, som ein av to kjelder frå perioden.

Historia Brittonum er kredidert til forfattaren *Nennius*, men om dette verkeleg er tilfelle herskar det tvil om.²² Dette verket vart truleg skrive rundt år 829, og er rekna som ei detaljert skildring av den anglo-saksiske erobringa av Britannia.²³ Som hjå Bede, tar også Nennius for seg historia til Britannia, og her finn vi også at forfattaren har arbeidd tett med verket til Gildas. Truverda til dette verket har vore under sterkt kritikk, men noko som har gjort *Historia Brittonum* til stor interesse for somme forskarar er forteljinga Nennius gjev av legendekongen Arthur.

The Anglo-Saxon Chronicle, den anglo-saksiske krønike, og *Annales Cambriae*, annalane frå Wales, vil i denne oppgåva berre bli nytta som referanse til hendingar og årstal gjeven i desse, knytta opp mot hendingar og årstal i andre kjelder. Begge desse verka er samlingar av hendingar og datoar. Den anglo-saksiske krønike går heilt tilbake frå Kristi fødsel, og fram til 1154, medan *Annales Cambriae* byrjar i år 447 og held fram til år 954. Den anglo-saksiske krønike stammar frå 800-talet, men har gått gjennom fleire oppdateringar heilt fram til det siste året det omtalar, medan *Annales Cambriae* er skriven på slutten av 900-talet.

²¹ O'Loughlin 1999, 48-51; 90-92

²² Jones 1996, 62

²³ Jones 1996, 62

3.5 Førebels samanfatning

Eg har i dette kapitlet freista leggja fram ei grov oversikt over kva kjeldetypar vi kan nytte oss av i arbeidet med romersk Britannia, samt å sjå eit kort blick på dei kjeldene eg vil nytta meg mest av i denne oppgåva.

Vi vil no gå inn i den første store delen av oppgåva, nemleg bakgrunnskapitlet om romersk Britannia. Ei gjennomgang av opphavet til provinsen er viktig for å danna biletet av slutten, og eg vil difor i det følgjande kapitlet ta føre meg viktige trekk i historia til romersk Britannia.

4.0 EROBRING OG OKKUPASJON

I år 43 etter kristus sendte den romerske keisaren Claudius fire legionar og hjelpetroppar til Britannia for å erobra øya, og gjera det til ein romersk provins.²⁴ Dette var starten på det som skulle bli eit 367 år langt romersk styre av provinsen til romarane trekte seg ut i år 410. Men også lenge før Claudius sin invasjon var Britannia av interesse for romarane, og ekspedisjonar og kampanjar frå kontinentet var ikkje ukjent for dei innfødde på øya i vest.

Sjølv om hovudfokuset i arbeidet mitt er retta mot den seinare delen av den romerske involveringa i provinsen vil eg likevel ta føre meg også andre delar av historia til romersk Britannia. Dette gjer eg då eg meiner det er viktig å ha ei forståing av byrjinga, før ein kan gjera greie for slutten. I dette kapittelet vil eg difor skrapa litt på overflata av ulike fasar i historia om romersk Britannia, frå tida før Julius Caesar og erobringane, til keisar Flavius Honorius gav britane beskjed om at dei måtte forsvara seg sjølve i 410.²⁵ Dette kapittelet tar ikkje sikte på å gje ei grundig avhandling om hendelseshistoria til provinsen, men å dekkja vesentlege trekk i historia med ein bred pensel og ein militærpolitisk innfallsvinkel. Mykje av dette kapittelet vil vera konsentrert på første halvdel av tida med romersk styre, og det neste kapittelet om den seinare perioden.

Eg har valt å kalla dette kapittelet for erobring og okkupasjon. Kva ord ein brukar når ein skal skildra romarane i Britannia har veldig mykje å seia for korleis ein ser på hendingane i regionen. Det er stor forskjell dersom ein ser på romersk Britannia som ein del av det romerske imperiet eller som eit okkupert territorie. Nokre har valt å sjå på romarane som ei okkupasjonsmakt i provinsen, som erobra og styrte med hard hand over dei innfødde, medan andre synspunkt går mot større harmoni mellom gruppene. Samstundes må ein og ta høgde for ei viss nyansering. Det kan vera forskjellar mellom områder og stammar innad i provinsen. I tillegg må eg og ta med i betraktinga at det over ei så lang tidsperiode kan forekoma endringar mellom gruppene, og forholda mellom dei romerske styresmaktene og dei britiske innfødde kan ha endra seg. Seinare i teksten skal vi sjå om vi kan finne hald for ei meining om desse tilhøva.

²⁴ Collingwood 1994, 18

²⁵ Zosimus *New History* VI, 10

Det følgjande er utvalde og kortfatta presentasjonar av noko eg reknar som vesentlege hendingar i ein romersk fase av erobring og okkupasjon. Sjølv sagt er det langt meir å trekkje fram enn det som blir sagt på dei kommande sidene, og meir enn dette vil bli diskutert seinare i teksten. Ei gjennomgang av hendingane i Britannia vil fylle mange bøker, noko vi sjølv sagt ikkje skal gje oss ut på her. Og det er heller ikkje målet med dette arbeidet. Dei hendingane og skikkelsane som blir beskrivne no har som formål å fungera som ein introduksjon til eit romersk Britannia, som vi seinare skal sjå mot sitt uunngåelege fall.

4.1 Dei tidlege møta

Allereie lenge før Julius Caesar kryssa den engelske kanal 55 år før Kristus, var dei britiske øyane kjente for folk i middelhavsområdet. Heilt tilbake på 300-talet før Kristus kan innbyggjarane i den greske kolonien Masellia (Marseille) ha hatt kjennskap til øyane i vest.²⁶ Mange historikarar frå antikken var opptekne av Britannia, og i fleire verk vart det skrivne om geografien til øyriket og dei innfødde. Forfattarar som til dømes Plinius den eldre, Strabo, og Tacitus hadde mellom anna både ein naturhistorisk innfallsvinkel, og gav skildringar av dei geografiske tilhøva i provinsen, samt etnografiske skildringar av dei innfødde.

Mellom anna skriv Tacitus dette om provinsen:

*Britannia er den største av de øyer romerne har kjennskap til. Geografisk strekker den seg i øst mot Germania og i vest mot Spania. I syd kan landet også sees fra Gallia; men nordsiden vender ikke mot noe annet land og blir bare beskyttet av et veldig og åpent hav.*²⁷

Fleire skildringar ser på Britannia som rik på naturressursar, som tinn, jern og gull. Caesar sjølv nemnar mellom anna dette.²⁸ Kanskje er dette ein av årsakene til Caesar sin ekspedisjon. Litt seinare skal vi sjå på kva som kan ha vore av interesse for romarane i Britannia, og som fekk Caesar til å ta med seg hæren sin over kanalen.

²⁶ Ireland 1996, 13

²⁷ Tacitus *Agricola*, 10

²⁸ Caesar *Gallerkrigen* V,12

Det er lett for å setja Caesar sin ekspedisjon i år 55 før Kristus som eit startpunkt for romersk innflytelse på Britannia. Men det lettvinte er også feilaktig. Tacitus fortel mellom anna om dei store likskapane mellom Britannia og Gallia²⁹, og historikarar frå vår tid meiner kontaktar mellom øya i vest og romaniserte delar av kontinentet fann stad lenge før Caesar kryssa den engelske kanal. Faktisk er relasjonane mellom søraust-Britannia og kontinentet ein mogleg årsak til Caesar sin ekspedisjon. Som den britiske historikaren Peter Salway påpeikar i *The Oxford Illustrated History of Roman Britain* viser arkeologiske funn at ei rekkje romerske gjenstandar vart innført til Britannia gjennom den romerske provinsen i Gallia. Salway meiner at dette reflekterer viktige endringar i dei politiske og kulturelle sfærene i Britannia i åra mellom 125 før Kristus og opp til tida Caesar reiste over til øya.³⁰

David Mattingly, professor ved universitetet i Leicester, er samd i den langvarige innflytelsen frå kontinentet, og set slutten av det andre århundret før Kristus som det sentrale tidspunktet for byrjinga på romersk innflytelse i provinsen, sjølv lenge før fleirtalet av dei britiske innbyggjarane i det heile tatt var kjent med romerriket, og ikkje datoane 55 før Kristus eller 43 etter Kristus, som ofte blir rekna som nøkkelåra.³¹

4.2 Caesar sine ekspedisjonar til Britannia

*Det var ikke meget igjen av sommeren, og skjønt vinteren kommer tidlig i disse trakter – ettersom Gallia ligger langt nord – ville Caesar likevel snarest dra til Britannia.*³²

Iulius Gaius Caesar vart fødd 12. *quintilis* år 100 før Kristus. Seinare vart forøvrig månaden namngjeven *juli* til ære for Caesar.³³ Caesar var kjent for sin talekunst, og hadde fleire stillingar i hovudstaden, både som prest, advokat og politiskar. Han var godt bereist, og på ei reise til Rhodos vart han tatt til fange av sjørøvarar og halden mot løysepengar. Då han kom attende til Roma vart han valt til pontifex og jobba seg oppover dei politiske gradane til han vart valt til konsul i år 59 fkr. Han fekk vedtatt ein lov som gav han Gallia og Illyria som provins, og kommandoen over tre legionar.³⁴

²⁹ Tacitus *Agricola*, 11

³⁰ Salway 1993, 6-7

³¹ Mattingly 2006, 48

³² Caesar *Gallerkrigen* IV,20

³³ Rosbach 1964, 10

³⁴ Rosbach 1964, 10-13

Det var to legioner han ville ta med over til Britannia. Han skaffet seg omkring åtti lasteskip og fordelte langskipene mellom kvestor og legater og prefekter. Atten transportskip som lå værfast åtte mil borte, ble tildelt kavaleriet.³⁵

Dersom ein reknar over 5000 mann i ein legion,³⁶ hadde Caesar altså med seg over 10 000 mann over kanalen til Britannia. I tillegg hadde han fått lovnader frå fleire stammer på øya om gislar og underkastelse. Men slaga i Britannia var ikkje nokon enkel affære. Ifølgje Caesar sine eigne kommentarar i *Gallerkrigen* venta britane på han klare til kamp, men Caesar sine taktiske ferdigheter sende fienden på flukt.³⁷

Uvær hadde øydelagd fleire av dei romerske skipa, og hæren vart stadig utsett for angrep frå fienden. Vanskelege tilhøve med proviant, stridigheiter, og med vinteren på veg, fekk Caesar reparert skipa sine og vendte tilbake til kontinentet utan særleg bytte, og med langt færre gislar enn han hadde blitt lova.³⁸

Året etter reiste Caesar på ny over til Britannia. Denne gongen med heile fem legionar og 2000 ryttere.³⁹ Totalt utgjorde dette rundt 30 000 mann.⁴⁰ Caesar erobra ikkje øya, men nedkjempa fienden, fekk gislar og bytte, og sette Mandubracius, som var venleg innstilt mot Rom, inn som konge. Årleg skulle det bli betalt skatt for gjerningane Caesar hadde gjort for dei.⁴¹ Dette kan ha markert byrjinga på eit klient/patron-forholdet mellom romerane og stammar i Britannia. Eit klient/patron-forhold består av ei ressurssterk side, med assosieringa *pater* (far), og ei svakare side, *clientes* (klienter). Systemet er hierarkisk og går ovanfrå og ned. Patronene fordeler goder til klientar, som er takksame i retur, og som dermed blir knytta til sin patron.⁴² Men Britannia vart berre rekna som ein einskap frå romersk side. Innad i provinsen var det derimot store konflikhtar mellom stammane, og sjølv om det nok var somme som inngjekk slike forhold med romarane for hjelp i strid med rivaliserande stammar, var det nok andre som ikkje gjorde det. Caesar fortel i *Gallerkrigen* at britane braut fredsavtalar, og nekta betale det dei skulle.⁴³

³⁵ Caesar *Gallerkrigen* IV, 22

³⁶ Mattingly 2006, 65

³⁷ Caesar *Gallerkrigen* IV, 23-27

³⁸ Caesar *Gallerkrigen* IV, 29-37

³⁹ Caesar *Gallerkrigen* V, 8

⁴⁰ Mattingly 2006, 65

⁴¹ Caesar *Gallerkrigen* V, 20-21

⁴² Meyer 2004, 17

⁴³ Caesar *Gallerkrigen* V, 27-36

4.3 Planer om invasjon – Octavian & Caligula

Caesar vendte altså austover igjen, og sjølv om relasjonar mellom britane og Roma held fram, var enno ikkje øya ein del av det romerske imperiet. Ved fleire anledningar var ein invasjon på trappene. Dio Cassius viser til at Keisar Augustus, som følgde etter Caesar, hadde planar om å invadere Britannia, men vart fleire gongar hindra av opprør andre stadar i imperiet.⁴⁴ Strabo skriv derimot at Roma ikkje hadde noko interesse av å erobra øya:

*For although they could have held even Britain, the Romans scorned to do so, because they saw that there was nothing at all to fear from the Britons (for they are not strong enough to cross over and attack us), and that no corresponding advantage was to be gained by taking and holding their country.*⁴⁵

23 år etter Augustus døydde var Gaius, med tilnamnet Caligula, keisar. Caligula hadde bruk for å markera sin posisjon som herskar då han kom til makta, og såg på ein invasjon av Britannia som aktuelt. Då historikarane frå antikken har latterleggjort den eksentriske keisaren og hans tokt mot Britannia, er det ikkje godt å vita heilt kor mykje hald det har i røynda. Somme av vår tids historikarar (til dømes Salway, Collingwood) meiner Caligula får altfor hard medfart og at ein ikkje må: (...) *dismiss the plan as a madman's freak.*, slik Collingwood formulerer det.⁴⁶

I alle høve blir vi fortalt av kjeldene våre at sommaren år 40 skal Caligula ha samla hæren sin på strendene ved kanalen, sendt soldatane sine ut i sjøen for å gå til angrep på sivet, for så å samle skjel i hjelmane sine og ta dei med tilbake til Roma som krigsbytte. For å markera triumfen skal han ha reist eit stort fyrtårn, og delt ut store bonusar til alle soldatane sine.⁴⁷ Caligula sine eventuelle planar om vidare militære triumfar såg aldri dagens lys, sidan han vart drepent i år 41. Det skulle likevel ikkje gå så lenge før nokon gjennomførte ein invasjon av Britannia. Caligula sin etterfølgjar, onkelen Claudius, vart keisar. To år seinare tok han hæren sin over til øya, og verkeleg gjorde Britannia til ein romersk provins.

⁴⁴ Dio *History* XLIX, 38,2; LIII, 22,5; LIII, 25,2

⁴⁵ Strabo *Geography* II 5, 8

⁴⁶ Collingwood 1994, 18

⁴⁷ Dio *History*, LIX 25, 1-3; Suetonius *Caligula*, 44; 46.

4.4 Claudius sin invasjon

Etter derfor å ha dratt videre til lands frå Massilia til Gesoriacum, satte han over til Britannia og fikk uten slag og blodsutgytelse en del av øen i sin makt i løpet av noen få dager og vendte så tilbake til Roma i den sjette måned etterat han hadde forlatt byen, og holdt triumf med pomp og prakt.⁴⁸

Tiberius Claudius Nero vart fødd første august 10 år før Kristus i Lugudunum (Lyon) i Gallia. Han hadde det veldig vanskeleg i barne –og ungdomsåra, og var sterkt plaga av sjukdommar som resulterte at han vart redusert i fysisk forstand. Han hadde oppdragar langt over den vanlege tida, gjekk med klede berre brukt av sveklingar og gatepiker⁴⁹, og vart rekna som udugeleg.⁵⁰

Hans egen mor, Antonia, pleide å kalle ham et misfoster av et menneske, som naturen hadde levert ufullendt fra seg, og dersom hun ville klandre noen for tåpelighet, sa hun at han var enda tåpeligere enn hennes sønn Claudius.⁵¹

Å enda opp som keisar kan altså synes å ha vore ein lang veg å gå for Claudius, men i realiteten var det ein veldig kort veg då Claudius vart henta rett inn frå sidelina. Til tross for tydelege manglar i sine offentlege verv fortel Suetonius oss at Claudius oppnådde ein politisk stilling som konsul under Caligula. Etter Caligula vart myrda vart han gjennom ein høgst rotete prosess, som einaste mannlege arving i keisarfamilien, utnemnt til keisar av ei gruppe soldatar.⁵²

Den britiske historikaren R. G. Collingwood listar i boka si ”*Roman Britain*” opp tre punkt som grunnar til Claudius sin invasjon av Britannia. Desse punkta var å sikra den militære situasjonen i Gallia, å hausta naturressursar i Britannia, samt eit ynskje frå britiske stammehøvdingar om romersk involvering.⁵³ Ein annan faktor kan vera den same som hjå forgjengaren Caligula, å festa sin posisjon som keisar. Suetonius skriv nemleg følgjande:

⁴⁸ Suetonius *Claudius*, 17

⁴⁹ Mørland 1974, 237

⁵⁰ Suetonius *Claudius*, 2

⁵¹ Suetonius *Claudius*, 3

⁵² Suetonius *Claudius*, 5-10

⁵³ Collingwood 1994, 18

Han hadde jo fått seg tildelt triumfutmerkelsene av senatet, men da han anså en slik tom ære for ikke å svare til det som lå i en virkelig triumf, valgte han seg Britannia som det rette grunnlag for en slik, et land som ingen hadde forsøkt seg på siden Divus Julius og som nå laget bråk fordi overløperne ikke var blitt sendt tilbake.⁵⁴

Claudius gav kommandoen til generalen sin Aulus Plautius, som tok med seg fire legionar og like mange menn i hjelpetroppar (omlag 40 000 totalt)⁵⁵ over kanalen i tre omgangar. Dei møtte ikkje motstand på strendene då dei kom til Britannia, som Caesar gjorde, og kunne dermed trygt gå i land og setja opp leir i provinsen. Romerane sigra raskt over nokre av dei mange høvdingane som overgav seg, men dei vanskelege forholda gjorde det problematisk å få has på mange av britane som kjende godt til naturen. Dio Cassius fortel oss her at Plautius vart engsteleg og ville ikkje foreta seg meir utan at keisaren var tilstades. Om dette verkeleg var tilfelle, eller om det var for at Claudius skulle bli framheva som ein verkeleg sigerherre, kan ein spørja seg om. I alle høve reiste Claudius til Britannia med fleire menn og utstyr, til og med elefantar, som må ha vore sær s urovekkjande for britane. Han tok med seg hæren sin over elva Themsen, og nedkjempa fienden. Berre 16 dagar skal keisaren ha vore i Britannia, men hans bragder i provinsen var nok til at han fleire gonger vart hylla som imperator.⁵⁶

Som eit resultat av den overlegne sigeren hans i vest, gav senatet Claudius tittelen *Britannicus*, og to triumfbogar skulle reisast i hans ære. På grunn av hans erobringar i Britannia fekk keisar Claudius male ansiktet raudt, og vende attende til Roma som triumfator.⁵⁷ Men han var ikkje framand for å erkjenne at Aulus Plautius spela ei viktig rolle i triumfen. Sidan ein triumf på denne tida var forbeholdt keisarar, erklærte Claudius ein ovasjon⁵⁸ for generalen sin.

For Aulus Plautius bestemte han sågar en ovasjon, dro ham imøte da han holdt sitt inntog og ledsaget ham på hans venstre side da han dro opp på Kapitol og vendte tilbake derfra.⁵⁹

⁵⁴ Suetonius *Claudius*, 17

⁵⁵ Collingwood 1994, 18

⁵⁶ Dio *History* LX, 19-21 - Dio påpeikar her at det var sær s uvanleg at ein fekk tittelen imperator fleire gongar i same krig. Dio *History*, LX 21

⁵⁷ Dio *History* LX, 22

⁵⁸ "Liten triumf", til hest. Mørland 1974, 255

⁵⁹ Suetonius *Claudius*, 24

Aulus Plautius vart sidan utnemnt som den første guvernør til provinsen.⁶⁰

Invasjonen i Britannia står riktig nok skrive i kjeldene som ein heller enkel affære for Claudius, sjølv om krigføring i provinsen heldt fram lenge etter triumfen var erklært. Kjeldene fortel oss til og med at etterfølgjaren til Claudius, stesonen Nero, vurderte å gje opp provinsen:

Han ble aldri drevet av noen lyst til eller håp om å øke rikets område ved erobringar. Han tenkte sågar på å trekke hæren tilbake frå Britannia, og når han lot det være, var det bare fordi han skammet seg over å synes å minke sin fars ry.⁶¹

Indre uro og opprør førte til at mange liv på begge sider skulle gå tapt i åra som følgde.

4.5 Boudicca - krigerkvinna

Til tross for siger på slagmarka og triumfar i Roma, førte ikkje erobringa av Britannia til at dei innfødde i provinsen la frå seg våpna og underkasta seg sine nye herrar utan kamp. Stridigheiter og uro prega provinsen, som det gjorde fleire andre stadar romarane okkuperte. Eg vil seinare i dette arbeidet gå nærare inn på konflikhtar og strid i provinsen, både dei truslane som kom utanfrå og dei ein fann innadd i Britannia. Men den meste kjende opprøraren av dei alle vil eg sjå nærare på her.

På nordsida av elva Themsen i London, like ved parlamentet, står ho. Den store svarte statua av ei krigerkvinne med armane triumferande i været der ho saman med sine to døtre blir dratt i ei vogn av to ville hestar. Krigerkvinna er Boudicca. Det fortel oss ein del om kva posisjon Boudicca har i dagens engelske samfunn.

Heilt riktig kven denne Boudicca var er ikkje berre enkelt å svara på. Var ho i det heile ein reell person slik vi blir fortalt, eller er ho kanskje ei personifisering av dei haldningane som gjerne var retta mot romarane, og dei mange innfødde som gjorde opprør? Forfattaren Richard Herrmann skildrar i boka si *"Mine Gleders By"* Boudicca som

⁶⁰ Tacitus *Agricola*, 14

⁶¹ Suetonius *Nero*, 18

*to meter høy, rød i håret, grov i målet og kastet spydet lenger enn en mann!*⁶²

Dette kan ein gjerne sjå på som eit døme på korleis myter og forteljingar har ein tendens til å bli blanda saman med hendingar i røynda, og bli tatt for å vera historie. Litt mindre karikaturisk, og litt meir nyansert skrik Tacitus om ho på følgjande måte:

*(...) som en kvinne av folket ville hun hevne at friheten var gått tapt, at hennes legeme var blitt mishandlet av piskeslag, at hennes døtres jomfrudom var blitt skjendet; (...)*⁶³

Boudicca var ifølgje Tacitus kona til kong Prasutagus, leiaren av Icenarane. Sjølv om Prasutagus hadde testamentert halvparten av rikdommen sin til keisaren, slik det var vanleg, i eit håp om fred mellom romerane og døtrene hans vart likevel folket hans utsett for store overgrep frå erobrarane frå kontinentet. Kona hans Boudicca vart piska, døtrene hans vart valdteke og slektingane hans vart gjort til slaver.⁶⁴

Dette førte Icenarane til opprør, og under leiing av Boudicca slo dei seg i lag med fleire andre stammar og ifølgje Dio Cassius nådde dei ein hær på heile 120 000 mann.⁶⁵ Saman gjekk dei til angrep på byen Camulodunum (Colchester) og byen vart plyndra og brent. Londinium (London) og Verulamium (St. Albans) lei same skjebne.⁶⁶ Til slutt vart opprørarane slått ned av Paulinus Suetonis, øverstkommanderande i provinsen, og romerane hadde atter kontroll.

*Dersom ikke Paulinus hadde ilt til unnsetning da han hadde fått melding om opprøret i provinsen, ville hele Britannia ha gått tapt for oss; men nu gjenopprettet et eneste heldig slag det gamle underdanighetsforhold.*⁶⁷

Korleis Boudicca endte sine levedagar er ikkje dei lærde heilt samde om. Ifølgje Tacitus tok ho livet sitt med gift⁶⁸, medan Dio Cassius berre skriv at ho etter slaget vart sjuk og døydde.⁶⁹

⁶² Herrmann 1991, 24

⁶³ Tacitus *Årbøkene*, XIV, 35

⁶⁴ Tacitus *Årbøkene*, XIV, 31

⁶⁵ Dio *History*, LXII, 2

⁶⁶ Tacitus *Årbøkene*, XIV, 32-33

⁶⁷ Tacitus *Agricola*, 16

⁶⁸ Tacitus *Årbøkene*, XIV, 37

⁶⁹ Dio *History*, LXII, 12

4.6 Agricola

*Mange forfattere har fortalt om Britannias beliggenhet og befolkning. Når jeg her tar opp samme emne, er det ikke for å konkurrere med dem i talent eller stilistisk dyktighet, men fordi landet først ble virkelig undervunnet i den tiden jeg vil skildre.*⁷⁰

Av alle skikkelsane vi har kjennskap til frå romersk Britannia er gjerne Julius Agricola den vi kjenner best. Dette er takka vera svigersonen hans, historikaren Cornelius Tacitus. Etter Agricola sin bortgang ville Tacitus skrive eit æresminne over han, men den komplekse teksten har nok også andre motiv.

Gnaeus Julius Agricola vart fødd i provinsen Gallia Narbonensis i år 40. Far hans var senator og kjent for sin retoriske dugleik, men kom dårleg overeins med keisar Caligula og vart henretta då Agricola enno var eit barn. Som attenåring tenestegjorde Agricola som militærtribun i provinsen Britannia. Då han kom attende til Roma vart han utnemnd til quaestor. Han var seinare guvernør i Gallia Aquitania, før han i år 77 vart utnevnt til konsul, og det påfølgande året til guvernør i Britannia.⁷¹ Agricola oppnådde stor suksess i provinsen, med vellukka slag mot keltarane og caledonarane. Etter seks år som guvernør vart han kalla attende til Roma. Tacitus grunngir dette med keiser Domitian si frykt over den aukande respekten Agricola hadde oppnådd, og dei store militære kunnskapene han hadde fått. Agricola takka nei til ei stilling som prokonsul i provinsen Afrika på sine seinare år. Domitian vart krenka, og Agricola fall i unåde hjå keisaren. Agricola døydde i år 93, 53 år gamal. Tacitus nemner ryktet om at han vart forgifta av Domitian, men seier at han ikkje kan bekrefte dette.⁷² Dio Cassius skriv derimot rett ut at Agricola vart myrda av Domitian fordi han hadde oppnådd meir enn det som sømte seg for ein general.⁷³

Då Agricola kom over til Britannia som guvernør i år 78 kom han straks i gang med krigføring, og held seinare fram med vellukka militære tokt lenger og lenger nord i provinsen. Heilt nord mot Kaledonia førte Agricola slag, og kryssa grenseområdet mellom Clyde og Forth, som seinare (riktig nok kortvarig) vart sjølv avgrensinga for romerane sitt herredøme i Britannia, då Antoninus let byggja muren sin der. Han møtte over 30 000 menn i slag under

⁷⁰ Tacitus *Agricola*, 10

⁷¹ Tacitus *Agricola*, 4-9

⁷² Tacitus *Agricola*, 39-44

⁷³ Dio *History*, LXVI, 20

leiinga av høvdingen Calgacus, som ifølgje Tacitus held ein stor tale der han mellom anna uttalte dei kjente orda:

*Å røve, massakrere og plyndre – det kaller de å herske, og når de lager en ødemark, kaller de det falskelig å skape fred.*⁷⁴

Agricola nedkjempa dei innfødde, og over 10 000 av dei vart drepne. Agricola vart som sagt kalla tilbake til Roma før han hadde fått underlagt seg heile øyriket, men hans styring i Britannia var det ypperste av romersk krigføring og politisk leiarskap.⁷⁵

Også innanfor det vitskapelege arbeidet tok ein nye steg under Agricola si tid i Britannia, då han sende ut flåten for å sigla rundt øya, noko ein ikkje før hadde gjort, og dermed fann ut at det faktisk var ei øy.⁷⁶

I den avsluttande setninga i verket sitt om Agricola skriv Tacitus at storheten til svigerfaren vil gjera at hans namn og historie vil overleva døden.⁷⁷ Ironisk nok er det takka vera Tacitus sin storhet som forfattar at vi i det heile tatt veit noko særleg om Agricola.

4.7 Britannia som okkupert område og utpost mot barbarane

Som vi kan sjå av figur 2 endra det militære fokuset i provinsen seg i åra frå Claudius sin invasjon og utover. Den sør-austlege delen av Britannia vart først underlagt, og naturleg også først introdusert for den romerske romaniseringsprosessen. Fokus og militære ressursar kunne altså difor flyttast mot vest og mot nord. Agricola, som vi nett har vore inne på, avanserte langt nordover med hæren sin, men vart kalla tilbake til Roma før jobben med å underleggja seg heile øya var gjort.

I tida etter Agricola hadde reist frå Britannia var det ein tilbakegang i imperiet sitt framtog i vest. Domitian kalla troppar tilbake til fastlandet, og keisar Trajan flytta sitt militære fokus frå vest til aust. Som Tacitus seier i sine historier:

*(...) Britannia blev kuet og strax igen opgiven (...)*⁷⁸

⁷⁴ Tacitus *Agricola*, 30

⁷⁵ Tacitus *Agricola*, 18-27; 37-40

⁷⁶ Dio *History*, LXVI, 20

⁷⁷ Tacitus *Agricola*, 46

Med keisar Hadrian kom derimot Britannia på dagsordenen igjen, slik den anonyme keiserhistoria *Scriptores Historiae Augusta*, frå rundt 300-talet seier oss.

*On taking possession of the imperial power Hadrian at once resumed the policy of the early emperors, and devoted his attention to maintaining peace around the world. For the nations which Trajan had conquered began to revolt; the Moors, moreover began to make attack, and the Sarmatians to wage war, the Britons could not be kept under Roman sway, (...)*⁷⁹

Scriptores Historiae Augusta er ikkje ei uproblematisk kjelde å nytta seg av, snarare er det heller knytta store utfordringar opp mot arbeidet med denne kjelda. Den heile tittelen på kjelda er *vitae diversorum principum et tyrannorum a divo Hadriano usque ad Numerianum diversis compositae*, på engelsk vert det *Lives of Various Emperors and Pretenders from the Deified Hadrian to Numerianus Written by Different Authors*.⁸⁰ Bøkene er ei samling av 30 biografiar der nokre tar for seg fleire keisarar, og følgjer same mønsteret Suetonius gjorde i sitt verk *Romerske Keisere* der ein tar for seg start til slutt av keisarane sine liv. Men *Scriptores* er ofta skulda av moderne forskarar for å vera full av feil, og til og med rein oppdikting. Eit av fleire døme er at Marcus Aurelius nemnar Keisar Pertinax i ein tale sjølv om då Pertinax kom til makta, hadde Marcus Aurelius vore død i 30 år.⁸¹ Problemet vi då står overfor er at *Scriptores* er den beste kjelda vi har til romerske keisarar på 100 –og 200-talet, men berre dersom vi kan stole på henne. Og det spørsmålet skal eg ikkje ta vidare opp her, men det er framleis eit tema som vert mykje diskutert blant forskarar. I denne oppgåva vil eg halde fram med å nytta kjelda til ein viss grad, men eg vil som sagt gjera merksam på at det er problem knytta til henne.

I følgje historikaren Peter Salway skal Hadrian i motsetnad til sin forgjengar Trajan ikkje ha vore oppteken av å hevda sin posisjon ved militær ekspansjon, han ville heller utbetra systemet som eksisterte. Hans smak for gresk kultur og estetiske byggverk kjenneteikna hans leiarskap i imperiet. Han var ikkje ute etter å utvida keisardømet, men ville heller reformera

⁷⁸ Tacitus *Historiebøger*, I, 2

⁷⁹ *Scriptores Historiae Augusta Hadrian*, V, 1-2

⁸⁰ Mellor 1999, 157

⁸¹ Mellor 1999, 159

den romerske politikken og etablere eit betre samfunn innanfor dei dåverande grensene, og det militære fokuset vart endra frå angrep til forsvar.⁸²

*And so, having reformed the army quite in the manner of a monarch, he set out for Britain, and there he corrected many abuses and was the first to construct a wall, eighty miles in length, which was to separate the barbarians from the Romans.*⁸³

Hadrians mur vart oppført på det smalaste stykke land i England, mellom munningane til elva Tyne og Solway Firth. Muren var ca. 120 kilometer lang, laga av stein og torv og stod ca. seks meter over bakken. Nøyaktig kor høg muren var kan vi ikkje vite. *Bede*, som skreiv på 700-talet, altså rundt 600 år etter konstruksjonen av muren, fortel oss at muren var åtte fot brei og 12 fot høg.⁸⁴ På nordsida av muren var det gravd ei grøft opptil 10 meter brei på plassar langs muren der det var topografisk mogleg.⁸⁵ Langs heile muren var det reist fort kvar romerske mil, med mindre signaltårn mellom dei. På denne måten kunne romarane halda god kontroll med barbarane i nord, og samstundes ha kontroll på dei erobra områda innad i provinsen.⁸⁶

Sjølve formålet med å reisa ein mur tvers over øya har vore emne for debatt.⁸⁷ Var det for å halda barbarane ute av den siviliserte delen av provinsen, for å ha ei linje å falla tilbake til, for romarane å gøyma seg bak, eller kanskje for Hadrian å visa sin storslagenhet? I alle høve markerte bygginga av Hadrians mur ein ny strategi for romersk grenseproblematikk.

I likhet med sin forgjengar Hadrian var Antoninus Pius også meir oppteken av ein fornuftig politikk innanfor imperiet sine rammar framfor å utvida grensene. Men eit unntak fann ein også, nemleg i Britannia. Antoninus vart valt til å overta etter Hadrian etter at adoptivsonen hans Lucius Aelius hadde gått bort. Antoninus hadde lang fartstid i senatet bak seg, og vart oppfatta som ein ærleg og hengiven mann, og vart gjeven tilnamnet *pius*⁸⁸ av senatet.⁸⁹ Det

⁸² Salway 1993, 122-123

⁸³ *Scriptores Hadrian*, XI, 2

⁸⁴ *Bede Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, Kap XII

⁸⁵ Mattingly 2006, 154-156

⁸⁶ Collingwood 1994, 25

⁸⁷ Mattingly 2006, 158

⁸⁸ Latin *Pius* - om personar: from, gudfryktig, samvittighetsfull. Moglege årsaker til dette vert lista i *Scriptores Historiae Augusta Antoninus Pius*, II

⁸⁹ *Scriptores Antoninus*, II

siste året Hadrian styrte skal til og med Antoninus ha stått for størstedelen av styringa av keisardømet.⁹⁰

Til tross for sitt omdømme som ein mild og barmhjertig⁹¹ keisar skal altså og Antoninus ha ført krig i si tid, mellom anna i Britannia.

*He waged a number of wars, but all of them through his legates. For Lollius Urbicus, his legate, overcame the Britons and built a second wall, one of turf, after driving back the barbarians.*⁹²

I år 142-3 sirkulerte det myntar om triumf i Britannia⁹³, så krigføringa må ha gått føre seg mellom den tida og år 140 då Lollius Urbicus framleis var i Corbridge.⁹⁴

Under leiinga av Lollius pressa Antoninus sine styrkar dei kaledonske krigarane, og oppretta eit nytt standpunkt i nord. *Den antoninske mur* strekte seg ca. 60 kilometer⁹⁵ mellom munningane til elva Forth i aust og Clyde i vest, det smalaste stykket i det skotske låglandet. Hadrians mur var reist i stein, medan den antoninske muren bestod av torv og leire.⁹⁶ Kanskje var den antoninske muren reist i ein freistnad på å emulera den guddommelege Hadrian, kanskje var Antoninus sine bedrifter i nord-England og Skottland eit ledd i å ta tilbake det Trajan hadde mista, eller det som i følgje Tacitus vart oppgjeven av Domitian?⁹⁷

Som Collingwood rimeleg nok seier er det vanskeleg å måla korvidt det var ein suksess med ei ny grenselinje ved den antoninske mur då ein ikkje kan vite sikkert kva målet med byggjinga har vore.⁹⁸ Men i alle høve veit vi at den romerske frontlinja etter ei stund fall tilbake til Hadrians mur. Inskripsjonar frå Newcastle fortel oss at det vart sendt forsterkningar frå Germania under den nye guvernøren Julius Verus.⁹⁹ Ein forverra militær situasjon verkar då sannsynleg. Dio Cassius kan også fortelja oss om britiske herjingar under Commodus:

⁹⁰ Salway 1993, 139

⁹¹ Det vert sagt om han i *Scriptores. Antoninus*. IX, 10 "(...) *That he was ever a lover of peace to such a degree (...) That he would rather save a single citizen then slay a thousand foes.*"

⁹² *Scriptores Antoninus*, V, 4

⁹³ Figur 7

⁹⁴ Salway 1993, 141

⁹⁵ Mattingly 2006, 154

⁹⁶ Collingwood 1994, 35

⁹⁷ Sjå figur 3 for Hadrians mur og den Antoninske mur.

⁹⁸ Collingwood 1994, 36

⁹⁹ RIB I 1322

*(...) but the greatest struggle was the one with the Britons. When the tribes in that island, crossing the wall that separate them from the Roman legions, proceeded to do much mischief and cut down a general together with his troops, Commodus became alarmed and sent Ulpius Marcellus against them.*¹⁰⁰

I tida etter Commodus vart drepen var det tumultar i Roma angående keisarmakta. Øverstkommanderande i Britannia, Clodius Albinus, tok med seg troppane sine over til kontinentet (og let provinsen stå heller ubeskytta tilbake), og møtte Septimius Severus i Gallia der Severus sigra, men det var store tap på begge sider.¹⁰¹ I tida då Britannia var utan den store hæren sin skal innfødde frå dei nordlege områda av øya ha herja, og inskripsjonar frå fort ved Hadrians mur kan tyda på at Severus flytta fokus tilbake dit for å gjenoppbyggja den militære grensa, og anlegget som hadde forfalle.¹⁰²

Problem med britiske opprørarar førte til at guvernøren i Britannia sende etter fleire troppar eller besøk frå keisaren sjølv.¹⁰³ Severus reiste over med sønene sine og vart verande i Britannia i sine tre siste leveår. Med ynskje om å underleggja seg heile øya tok keisaren troppane sine med nord i Kaledonia. Sjølv om ikkje kaledonarane var overvunne skal ekspedisjonen ha vore ein suksess, men med store tap. Heile 50 000 menn skal ha gått bort på romersk side.¹⁰⁴

Severus gjekk bort som ein sjuk og gamal mann før kaledonarane var overvunne og den siste store romerske offensiven i Britannia var feilslått. Men Severus hadde bygd opp att grenselinja ved Hadrians mur¹⁰⁵ og med den inntakt vart det fred for romerane i nord-Britannia. I alle høve for ei stund.¹⁰⁶

Etter Severus Alexander døydde i år 235 stod romerriket overfor store utfordringar angående keisarmakta. Utfordrarar til trona kom og gjekk, og frå år 235 til Diokletian innførte Tetrearkiet i år 284, til det vart vidare utvikla i 293, hadde heile 37 personar vore innom

¹⁰⁰ Dio *History*, LXXIII, 8 – Dette skal ha vore i år 184

¹⁰¹ Dio *History*, LXXVI, 6,7

¹⁰² RIB I 1909; RIB I 1234

¹⁰³ Herodian III, 14,1

¹⁰⁴ Dio *History*, LXVII, 13

¹⁰⁵ Hans innsats her har til og med ført til at seinare historikarar har kredidert oppføringa av muren til Severus. Eutropius VIII, 19,1

¹⁰⁶ Collingwood 1994, 39

keisartittelen.¹⁰⁷ Tetrearkiet var eit regjeringssystem der ein delte romerriket mellom fire keisarar. Sjølv om ein ikkje enno hadde delt riket i to administrative delar, aust og vest, der lina gjekk eit stykke aust for Italia, såg ein likevel trekk i den retninga. Delinga av leiarskapet var ein eldre keisar, ein *Augustus*, med ein yngre keisar, ein *Caesar*, under seg. Keisarane busette seg i fire forskjellige byar, Nicomedia, Mediolanum, Sirmium, og Augusta Treverorum. Ved å flytta seg vekk frå Roma der Senatet framleis held til, minka innflytelsen til senatet, og samstundes vart det meir rom for direkte inngripen og ei meir effektiv styring av provinsane i dei ulike delane av riket. Systemet held fram til år 313, men det skulle gå 19 år til før Constantinus kunne attføre delane av imperiet, og igjen vera keisar over eit samla Roma.

Men under desse fire keisarane var det sterk uro i provinsane i vest. Etter mange år utan at ein kjenner til særlege problem for romarane i Britannia byrja det oppstå nye konflikthar, og i år 287 lausreiv Britannia og delar av Gallia seg frå imperiet. Den romerske historikaren *Eutropius*, som skreiv i siste halvdel av 300-talet, kan fortelja oss om utfordrarar til trona i Britannia.

Also during this time, Carausius, a man of very humble origin who had achieved an excellent reputation through a career of active military service, was appointed while at Bononia to pacify the seas off the coast of Belgica and Armorica, which were infested by the Franks and Saxons. He often captured many barbarians but did not send back all of the plunder to the people of the province or the emperors. When the suspicion arose that he secretly admitted the barbarians in order to enrich himself by capturing them with their booty, he was condemned to death by Maximianus.

*Carausius then took up the imperial purple and seized Britain.*¹⁰⁸

Carausius styrte i Britannia til han vart drepen av ein av sine egne, Allectus, i 294. Allectus sjølv fall tre år seinare då Constantius Chlorus, *caesar* i det vestlege riket, reiste til Britannia for atter ein gong å innlemma provinsen i imperiet. Constantius fekk kontroll over provinsen og byrja gjenoppbygginga øydelagde festningsverk i grenseområdet i nord.¹⁰⁹ For å beskytta mot invaderande saksarar vart det også reist fleire nye fort langs den såkalla *Saxon Shore*, på sør-

¹⁰⁷ Salway 1993, 545-546

¹⁰⁸ Eutropius IX, 21

¹⁰⁹ RIB I 1912

austkysten i Britannia.¹¹⁰ Constantius var sterk på å reformera styringa i provinsen, og Britannia vart delt inn i først to og seinare fire delar,¹¹¹ og Constantius sin nye organisering og dei nye forsvarverka ser ut til å ha gjort jobben fram til midten av 300-talet, då nye utfordringar markerte byrjinga på slutten av romersk styre i Britannia.¹¹²

¹¹⁰ Uttrykket Saxon Shore kjenner vi frå *Notitia Dignitatum in partibus occidentis*, XXVIII

¹¹¹ Figur 4

¹¹² Collingwood 1994, 42-3

5.0 DECLINE AND FALL

*Honorius sent letters to the cities in Britain, urging them to fend for themselves, and rewarded his troops with the money sent by Heraclianus. He was now completely at ease, having won the loyalty of the armies everywhere.*¹¹³

Det er i denne korte setninga frå den bysantinske historikaren Zosimus i hans verk *New History* at vi får kjennskap til den romerske staten, i form av keisar Flavius Honorius, si avgjerd om å gje opp provinsen, og etterlata dei britiske innbyggjarane til seg sjølve.¹¹⁴ Etter denne hendinga skulle aldri Romerriket herska over Britannia igjen, og etter ein periode som ofte er oppfatta som ein nedadgåande kurve, var romersk Britannia sitt fall eit faktum.

Eg ser at det i ei oppgåve som, med unntak av sitata, er skrive på nynorsk er litt merkjeleg å plutselig ha eit kapittel med engelsk tittel, men som resten av oppgåva har dette si hensikt. Eg har valt å nytta tittelen *decline and fall* til dette kapittelet av den grunn at det best skildrar den prosessen romersk Britannia gjekk gjennom i sin siste fase, samt at det er denne måten å ordleggja seg på om denne prosessen ein ofte finn i forskingstradisjonen. Det kan også bli nemnt at det er ei henvising til eit av dei største verka innanfor historieforskinga, nemleg Edward Gibbon sitt verk *History of the Decline and Fall of the Roman Empire*, som først vart publisert i 1776. Eg vil i det følgjande skildra dei problema og hendingane ein stod overfor i den siste delen med romersk styre i provinsen, og å diskutera det som reknast som nedgangen eller forfallet av den romerske provinsen.

5.1 Fiendar på alle kantar

Både frå innsida og utsida av landegrensene lurte farane for provinsen Britannia, og for andre delar av det vestlege imperiet i den siste halvdel av 300-talet, noko vi kan lesa ut frå den romerske historikaren Ammianus Marcellinus som skreiv i denne perioden.

¹¹³ Zosimus *New History*, VI, 10

¹¹⁴ Det er riktignok ein pågåande diskusjon om det verkeleg er Britannia som er meint i denne teksten eller om det kan vera Brettia (Bruttium, i Italia). Salway 1993, 312

*At the same time the Alamanni were devastating Gaul and Raetia, the Sarmatae and Quadi Pannonia, while the Picts, Saxons, Scots, and Attacotti were harassing the Britons with constant disasters.*¹¹⁵

Dette sitatet heng saman med det som vert kalla *the Barbarian Conspiracy* i 367.¹¹⁶ Det som skil dette frå andre angrep mot Britannia på 300-talet er at det ser ut til at dei ulike gruppene har koordinert angrepa sine mot provinsen. Korleis dette har gått føre seg er ikkje klart, men dei lukkast godt med angrepet sitt, og provinsen lei store nederlag.¹¹⁷

Frå piktarane i nord, skottane i frå Irland og Saksarane i aust var Britannia omringa av fiendar¹¹⁸. I tillegg til dei forsvarsverka som romarane allereie hadde konstruert og tatt i bruk, som Hadrians mur i nord, måtte romarane byggja nye forsvarsverk i provinsen. Langs sør aust-kysten, der overfarten til det europeiske fastlandet er på sitt kortaste, vart det oppretta mange fort og tårn som skulle forsvare provinsen mot innvaderande saksarar. Dette forsvarssystemet fekk namnet *Litus Saxonicum*, på engelsk *the Saxon Shore*.¹¹⁹ Men om grunnen til dette er at ein forsvarte seg mot saksarane eller om ein hadde hyrt inn saksarar til å forsvare dette området veit ein ikkje sikkert. Myntfunn i muren til eit av forta langs denne kysten daterer byggjinga til tidligast år 330, men det er i følgje Salway seint i fasen av denne opprustinga.¹²⁰ Også mot vest måtte britane forsvare seg, og tokt frå skottane seint på 300-talet førte til byggjinga av tårn retta mot Irskesjøen.¹²¹

Provinsen Britannia har vore ei vesentleg brikke i spelet om herredømet over imperiet. Sjølv om ikkje så mange sitjande keisarar har vitja øya har fleire seinare keisarar tenestegjort i provinsen, og ikkje minst har fleire "*pretenders of the throne*" gjort sitt for å freista ta makta ved å etablera seg i Britannia.¹²² I 350 vart keisaren Constans myrda, og Magnentius, ein av hans hærførarar i Gallia vart av konspiratorane utropt til keisar, og tok styringa over Britannia, der han fekk stønad hjå folket. Magnentius møtte sjølv nederlaget berre tre år seinare.¹²³ Ein annan utfordrar til trona, Magnus Maximus, vart utropt til keisar i Britannia i år

¹¹⁵ Ammianus Marcellinus XXVI, 4, 5

¹¹⁶ Salway 1993, 256

¹¹⁷ Mattingly 2006, 235-236

¹¹⁸ Figur 5.

¹¹⁹ *Notitia Dignitatum in partibus occidentis*, XXVIII

¹²⁰ Salway 1993, 246

¹²¹ Salway 1993, 301

¹²² Mattingly 2006, 176

¹²³ Salway 1993, 247

383 og styrte den vestre delen av riket til 388 då han vart slått av Theodosius, som var keisar i det austre riket.¹²⁴ Theodosius samla aust og vest til eit rike igjen, og Britannia forblei ein del av dette riket heilt til den hektiske perioden rundt åra 406 - 407 då hæren i Britannia gjorde opprør og utropte Marcus til keisar. Han vart raskt drepen og ein ny tronrøvar, Gratian vart utropt, men han varte berre 4 månader før Constantine III vart valt til keisar. Constantine tok med seg store delar av hæren over til kontinentet, der han vart slått ned av Theodosius sin etterfølgjar Honorius.¹²⁵

I denne perioden med manglande militær styrke i provinsen kan det tyda på at saksiske tokt fann mykje stad på austkysten av Britannia, noko som har ført til at britane og ein del av Gallia i følgje Zosimus gjorde opprør med keisarmakta og ville frigjera seg frå imperiet.

*They reduced the inhabitants of Britain and some of the Gallic people to such straits that they revolted from the Roman Empire, no longer subject to Roman law, and reverted to their native customs. The Britons, therefore, armed themselves and ran many risks to ensure their own safety and free their cities from the attacking barbarians.*¹²⁶

Av dette kan det altså bety at britane sjølve gav opp det romerske imperiet like mykje som det romerske imperiet gav opp Britannia.

Men problem i vest-Europa førte til at Honorius hadde sitt fokus på å forsvare Roma mot dei invaderande hordane. Troppar vart kalla tilbake frå provinsane, og forsvarsverket rundt hovudstaden vart styrka på bekostning av utkanstrøka.¹²⁷ Og same året som Roma vart invadert av visigotarane, kulminerte dette altså i at Flavius Honorius i 410 trekte dei resterande romerske styrkane i Britannia ut av provinsen for å forsvare Roma mot inntrengjarar, og øya i vest gjekk no inn i det som vert kalla den sub-romerske perioden. Med stadige tokt frå fiendane i vest og nord, og utan den romerske hæren til å beskytta seg, enda britane opp med å be om hjelp frå sine tidlegare fiendar saksarane, og på denne måten, i følgje Gildas som vi skal sjå uttale seg om det seinere, var skuld i si eiga øydeleggjing.

¹²⁴ Mattingly 2006, 237

¹²⁵ Mattingly 2006, 529

¹²⁶ Zosimus *New History*, VI, 5

¹²⁷ Gibbon 2003, 556

5.2 Ei nedadgåande kurve?

Som vi såg i kapittelet om forskingstradisjonen har det vore ulike syn på korvidt linjene i den romano-britiske kulturen har vore jamt stabile gjennom imperiet sitt herredøme over Britannia, eller om det var ein jamn nedgang over ein lengre periode. Moderne forskning har stort sett bevega seg vekk frå tankane om eit vedvarande høgt nivå på den romerske provinsen til den møtte ein kollaps tidleg på 400-talet, til ein oppfatning om ein pågåande nedgang over tid. Vi skal no sjå litt på i kva forbindelse denne nedgangen kan ha gått føre seg i provinsen.

Grunna diverse årsaker vi nett har sett på vart mykje av det militæret fokuset flytta frå Britannia til fastlandet seint på 300-talet og tidleg på 400-talet. Men kan det vera at tilhøva i provinsen på det tidspunktet allereie var i dårleg forfatning? David Mattingly meiner at forflyttinga av dei militære ressursane tok til lenge før den perioden vi no har sett på. Allereie frå midten av 200-talet meiner han at ei redusering av den militære styrken tok til i provinsen, men samstundes påpeikar han at dette ikkje nødvendigvis har svekka den militære posisjonen då ein kan ha utvikla meir effektive metodar å utnytte ressursane på.¹²⁸

Det som derimot har vist nedgang kjem som eit mogleg resultat av denne utviklinga. Inskripsjonar i samband med monument går kraftig ned på 300-talet, og når ein samanliknar med andre provinsar i middelhavsområdet meiner Mattingly at ein kan sjå ein nedgang i dei litterære kvalitetane i Britannia.¹²⁹ Og ikkje berre i militære settingar, men også hjå det viktigaste argumentet hjå Mattingly, det urbane problemet han meiner Britannia stod overfor. Nesten ingen inskripsjonar, skulpturar, eller gravsteinar frå 300-talet er å finna i dei byane, som han meiner møtte store problem på slutten av 200-talet.¹³⁰ Som døme på den store nedgangen i byane trekkjer han fram provinshovudstaden London, der berre ni av 15 offentlege bad framleis var i bruk rundt 300, og øydeleggjinga av forum og amfiteater rundt den same tida.¹³¹

Ein annan av vår tids moderne forskarar, Bryan Ward-Perkins, fokuserar på at ein ved det vestlege romerrikets fall fekk ein kraftig kollaps i den materielle kulturen og at den sub-romerske perioden var i langt dårlegare forfatning enn i tida som leia opp mot

¹²⁸ Mattingly 2006, 246-247

¹²⁹ Mattingly 2006, 247

¹³⁰ Mattingly 2006, 325

¹³¹ Mattingly 2006, 336-338

kollapsen, og særskild gjer dette utslag i Britannia, der han meiner ei mengde basisferdighetar forsvinn frå øyriket på firehundreåret og blir ikkje reintrodusert før fleire hundreår seinare.¹³²

I boka si *The fall of Rome and the End of Civilization* ser han særskild på myntøkonomien, måten å produsera keramikk på, og overgangen frå å byggja i stein til å byggja i tre, som han meiner gjennomgår radikale endringar på 400-talet.¹³³

Den britiske arkeologen Neil Faulkner meiner også, som Mattingly, at det er endringar å sjå i bykulturen i Britannia på 200-talet, og meiner at arbeidet med offentlege bygningar hadde gått ned med tre fjerdedelar i åra mellom 250 og 275. Videre meiner han at landsbygda også var i den same forfatninga og at handelsruter var sterkt redusert, og han hevdar hovudparten av innbyggjarane var utan viljen og ressursane til å undergå vidare romanisering.¹³⁴

Det romano-britiske livet i romersk Britannia ser altså ut som om det gjekk sakte mot slutten allereie frå midten av 200-talet. Likevel skulle det gå rundt 150 år før den siste spikaren var slått ned i provinsen si kiste.

5.3 Førebels samanfatning

Eg har i dei to siste kapitla freista skildra eit bilete av dei vesentlege trekka og hendingane i romersk Britannia si historie, frå ekspedisjonane til Iulius Caesar, til Honorius kalla troppane tilbake til Roma. Meininga med desse to kapitla har vore å skapa ein base for kva som er romersk Britannia, og korleis provinsen enda som han gjorde. Eg har freista vise at det som tidleg såg ut til å vera ein suksesshistorie og ein prestigeprovis for romerske keisarar var like mykje eit problem, og eit prosjekt som lenge sleit med å halda sivilisasjonsnivået romarane ville innføra ved like. Nedgangen av den materielle kulturen i Britannia kan ha funne stad langt tidlegare enn ein før har trudd, men vi skal seinare sjå at sjølv om den materielle delen av den romano-britiske kulturen kan ha gått gjennom store problem i den seinare perioden med romersk styre, kan det likevel vera andre element av den kulturen romarane innførte i Britannia som framleis var vedvarande i provinsen. I det neste kapitlet vil eg sjå på noko av det viktigaste som gjekk føre seg i provinsen, og som er ein del av det vi har sett gå mot forfall, nemleg romaniseringa av Britannia.

¹³² Ward-Perkins 2005, 117

¹³³ Ward-Perkins 2005, 110-117

¹³⁴ Faulkner 2000, 86

6.0 ROMANISERING

I den britiske komedien *Life of Brian* frå 1979 av den kjente komikargruppa Monty Python finn vi ein veldig populær sketsj der ei judeisk motstandsgruppe sit og diskuterar planar for å kvitte seg med romerane då spørsmålet ”*what have the romans ever done for us?*” dukkar opp. Spørsmålet blir besvart med ei oppramsing av alle godene det judeiske samfunnet kunne nytte seg av som eit resultat av det romerske styret. Dei ramsar opp *the aqueduct, sanitation, medicine, education, wine, public order, irrigation, roads, a fresh water system, og public health*, men då det siste forslaget om at dei har brakt fred til regionen kjem på bordet, får han som kom med det beskjed om å halda godt kjeft.

Spørsmålet om kva romerane eigentleg har gjort for lokalbefolkninga har vore veldig interessant for meg. Eg har tidlegare i denne oppgåva skrive om ein måte å sjå på romersk Britannia som eit område under kontroll av ei okkupasjonsmakt, men kan hende vil vi etter dette kapittelet får eit syn på dei innfødde som *integrerte* i ein felles romersk kultur, heller enn *outsidere* til imperiet. Det følgjande kapittelet vil difor ta føre seg fleire aspekt av det vi kan kalla for romaniseringsprosessar i romerske provinsar, og eg vil freista gjera klart kva vi kan rekna som ein romano-britisk kultur, for å nytta det vi her finn ut i ein seinare del om at dette levesettet tok slutt då keisarmakta trekte seg ut, eventuelt om den romano-britiske kulturen forsvann i det heile.

Før vi går inn på ein meir grundig diskusjon rundt emnet romanisering, vil eg leggja til grunn ein måte å sjå på termen *kultur* på. I dette høvet vil eg nytta meg av definisjonen Andreas Lagaard nytta i sitt arbeid med romanisering i nord-Afrika. Kultur vil dermed i denne oppgåva bli vurdert som kunnskap ein kan overføra. Med dette meiner ein all kunnskap ein ikkje er fødd med, men må læra i livet. Til dømes handverk, lesa eit språk, eller noko så spesifikt som å læra reglane i eit spel. Den romerske kulturen Britane vart møtt med vil difor innehalda mange element, og vi skal i denne oppgåva sjå nærare på somme av desse.¹³⁵

Dette kapittelet om romanisering er delt inn i fleire undertitlar. Først vil eg ta føre meg ei behandling av sjølve omgrepet *romanisering*. Oppfatninga av kva romanisering eigentleg er

¹³⁵ Lagaard 2008, 21

har endra seg over tid, og her trengs ein diskusjon for å få ei forståing av denne prosessen. Eit knippe utvalde forskarar som har arbeidd rundt emnet romanisering, der fleire i hovudsak har arbeidd med Britannia, frå forskjellige tidsperiodar i moderne historieforskning, vil bli behandla ettersom deira syn på omgrepet er av varierende karakter. Etter dette vil eg så freista leggja fram korleis dette omgrepet kan setjast i samanheng med provinsen Britannia. I den siste delen av dette kapitlet vil eg freista nytta det vi kjem fram til i dei to første delane for å få ei forståing av kva vi kan rekna som ein romano-britisk kultur i provinsen. Då det gjerne er av interesse vert denne delen vidare delt inn i eit underkapittel om skilnaden mellom livet i byar og på landsbygda i den romerske perioden. Dei sentrale spørsmåla i dette kapitlet blir altså kva ein legg i omgrepet romanisering? Korleis dette gjekk føre seg i Britannia, og i kva grad kan ein vurdera provinsen Britannia som romanisert?

6.1 Om romanisering

I tida mellom år 43 og 410 var store delar av det vi i dag kjenner som Storbritannia innlemma i det romerske riket som provinsen Britannia. 367 år med romersk styre sette sine spor, og Britannia vart som andre delar av keisardømet utsett for, eller kanskje skal vi seia velsigna med, *romanisering*. Oppfatninga om romaniseringa imperiet gjennomførte i provinsane har blitt vurdert på både desse måtane, som ei velsigning og som undertrykkjing frå ei okkupasjonsmakt, og vi skal no sjå på ulike måtar å vurdera romanisering.

Romaniseringsprosessane omfatta fleire aspekt av det daglege liv, mellom anna språk, religion, kunst, kultur, styrings- og organiseringsarbeid. I denne delen av arbeidet mitt vil eg framover freista ta stilling til romaniseringa i Britannia og sjå på korleis dette har blitt behandla i forskingslitteraturen. I det følgjande vil eg dermed ta for meg ei kronologisk gjennomgang av sentrale forskarar sine tankar om emnet, og ulike synsmåtar i høve til romanisering. Her er det vesentleg å sjå på forskarane i høve til tidsepoken dei tilhøyrer.

Eg vil freista leggje til rette ein modell for romanisering der ein ser det som ein skala med to ytterpunkt. Det eine punktet er ein romaniseringsprosess der dei romerske elementa kjem inn og tar over for den lokale kulturen. Vi kan sjå på dette som ei pakkøløysing, der den innfødde tar til seg den ferdige romerske kulturen. Vi snakkar her om rein *assimilering* av kulturen. Det andre punktet vil vera eit såkalla eklektisk punkt, der den innfødde plukkar ut dei elementa dei vil ha frå den andre kulturen. Her trekkjer ein naturleg inn begrepet *akkulturasjon*, det vil

seie ei overføring av ein tilpassa kultur mellom samfunn. Sjølv om desse to motpolane i romaniseringa har alternative syn på prosessen, har dei det til felles at dei legg til grunn ein fredeleg overgang til den nye kulturen. På ei anna side er det også syn på romanisering som ikkje framstiller romanisering som verken fredeleg eller frivilleg. Dette skal vi også sjå på som eit alternativ.

Korleis skal ein definera romanisering? Det vil ikkje vera råd å finna ein universelt akseptert definisjon på romanisering, difor må vi sjå på måtar å behandla emnet på. Ut frå den britiske historikaren Francis Haverfield, som ofte er rekna som far til den romano-britiske forskinga og om romanisering generelt, kan vi sjå på romanisering som ein prosess over tid der den lokale befolkinga gradvis tar til seg romerske element av det daglege liv og gjer det til sitt eige. Det være seg element som språk, romerske gjenstandar, politiske og økonomiske intitusjonar. Med dette meiner dermed Haverfield at det å vera romanisert er ei form for veremåte. Personar frå provinsane måtte te seg på ein måte som gjorde dei lik malen ein fann elles i riket.¹³⁶ For Haverfield er romanisering eit fenomen som strekkjer seg gjennom alle samfunnslag, men som i større grad er eit urbant fenomen. Vi skal sjå døme på kor Haverfield trekkjer sine slutningar frå seinare.

William V. Harris ved Columbia University nyttar følgjande definisjon på romanisering i arbeidet sitt om Etruria og Umbria:

*the process by which the inhabitants come to be, and to think of themselves as romans.*¹³⁷

Denne måten å vurdera romanisering på meiner eg er særst treffande når ein skildrar den mentale prosessen av romanisering, men samstundes er det i overkant enkelt å nytta skildringa *romans*. Greg Woolf, professor i antikkhistorie ved University of St. Andrews, meiner denne slutninga kan bli tatt litt for lett då ein ikkje tar høgde for dei kulturelle forkjellane i provinsane.¹³⁸ Han meiner dermed at det vil seie at det ikkje er mogleg for innbyggjarane å vera, eller definera seg sjølv som romarar sidan det ikkje er ei einskild form for det å vera

¹³⁶ Haverfield 1912, 15

¹³⁷ Harris 1971, 147

¹³⁸ Woolf 2000, 7

romersk. Regionale forskjellar gjer at han heller meiner at ein i staden kan sjå på dei romaniserte som til dømes gallo-romersk eller romano-britisk.

I tillegg til kulturelle forskjellar frå provins til provins, kan det også vera skilnadar internt i dei mange provinsane. Haverfield presiserar at sjølv om ein på eit generelt grunnlag kan seie at romaniseringa breidde seg raskt i den vestlege verda var det like fullt forskjellar frå stad til stad, også innad i provinsane. Der nokre samfunn raskt tok til seg den nye kulturen, var det ein lengre og ufullstendig prosess andre stadar. I Gallia, til dømes, fortel Haverfield oss at områda nord og vest for Cevennes låg langt etter provinsane mot sør, som allereie var som romerske å rekna i det første århundret e.Kr. Haverfield meiner at drygt 200 år seinare hadde samfunna i nord ein tilnæringsmåte til romaniseringa der ein blanda element frå både den lokale og den romerske kulturen.¹³⁹

6.2 Dei tidlege forskarane

6.2.1 Theodor Mommsen

Av dei som var først ute til å ta for seg romanisering av nye område innlemma i keisardømet finn vi den tyske historikaren Theodor Mommsen. Mommsen var også den første eigentlege faghistorikaran, og med sin kjeldekritiske innfallsvinkel inkorporerte han noko nytt til historiefaget. Mommsen meinte at det var heilt naturleg at dei nye erobra landområda tok til seg den romerske kulturen, då denne var overlegen den kultur ein ellers fann i det tidlege Europa. Vidare meinte han at leiarane i jernalderens usiviliserte stammar tok godt imot den romerske kulturen og var glade for å overta den, då dei såg på den romerske kulturen som overlegen i høve til sin eigen. Mommsen såg på romaniseringa av dei romerske provinsane som ein prosess der det var befolkinga i dei erobra områda som gjekk inn for ei fullstendig assimilering av den romerske livsstilen, der målet var å vera som romerane. For Mommsen var romaniseringa ein prosess som kun gjekk den eine vegen, frå erobrarane, til dei innfødde. Dette er eit synspunkt seinare forskarar har kome med andre meiningar om, og som vi skal sjå på om litt.¹⁴⁰

¹³⁹ Haverfield 1912, 13-14

¹⁴⁰ Madsen 2006, 2

Mommsen hørde til eit samfunn der tysk nasjonalisme var eit heitt tema, og han var politisk aktiv for mellom anna det tyske nasjonalliberalistiske partiet NLP. Mommsen var ein veldig sterk tilhengjar av den tyske nasjonalismen, og talte for å bruka makt mot opprørsgrupper i den tyske samlingsprosessen. Samstundes var han kritisk til kampanjar retta mot dei jødiske minoritetane, og opna heller for at dei burde bli assimilert med det tyske samfunnet.

Det er dermed rimeleg å trekkja fram romantiseringa av tysk nasjonalisme som ein mulig påverkande faktor i Mommsen sine synspunkt. Vi kan her sjå på moglege parallellar mellom den tyske staten og den romerske staten, medan minoritetane i Tyskland og dei innfødde i romerske provinsar hadde godt av å assimilera seg med den sterkaste makta. Men Mommsen er så absolutt ikkje aleine om å dra inn element frå samtida i si vurdering av romaniseringsprosessane.

6.2.2 Francis Haverfield

Den britiske historikaren Francis Haverfield vert gjerne rekna blant dei historikarane innanfor feltet romersk Britannia som meiner at romanisering var sterkt utbreidd. Haverfield skriv frå ei tid då det var lett å trekkja parallellar mellom det britiske og det romerske imperiet.

*The men of the Empire wrought for the betterment and the happiness of the world.*¹⁴¹

skriv han, og stillinga han tar er ei klar pro-imperialistisk stilling, og dette må takast med i vurderinga av synspunkta hans. Haverfield tar for seg romanisering som prosessen der den romerske livvstilen gradvis blir overført på den lokale befolkninga, og i tillegg meiner han dette var gjennomført ynskjeleg frå dei innfødde si side.¹⁴²

Sjølv om han meinte romaniseringa spreidde seg raskt der romarane ville, meinte Haverfield at nokre rasar var lettare mottakeleg for romanisering enn andre. Og det var rasane i vest han la fokus på. Her fann Roma folkeslag som riktignok var usiviliserte, men som rase hadde dei i seg eigenskapen til å akseptera den romerske kulturen.¹⁴³ Denne tankegangen heng nok gjerne saman med den måten britane vurderte kolonimakta si på. Men samstundes blir det sprekkjer i

¹⁴¹ Haverfield 1912, 3

¹⁴² Haverfield 1912, 42

¹⁴³ "...racially capable of accepting her culture." Haverfield 1912, 5

denne synsmåten, då det i Nord-Afrika var langt meir romaniserte samfunn enn det ein fann i Britannia. Haverfield trekkjer fram det britiske imperiet sitt herredøme over India, og det han meiner den indiske befolkninga har tatt til seg av den britiske kulturen. Det er ikkje vanskeleg å sjå at han meiner framtoninga til det britiske imperiet gjenspeglar seg i den romaniseringa han meiner tok plass i Europa. Og ser likskapar mellom indarane og dei innfødde britane.

Haverfield tok diskusjonen om romanisering av provinsane eit steg vidare ved å retta fokus mot dei kulturelle forskjellane som var å finna i provinsane frå før. Å innføra romersk kultur ville ikkje ha same resultat overalt, då grunnlaget for romanisering var forskjellig i provinsane. Haverfield og Mommsen såg forskjellig på korleis provinsane tok til seg den romerske innflytelsen, men då det gjaldt syn på sjølve romaniseringsomgrepet var dei meir samde og såg på det romerske som eit lys i mørket.¹⁴⁴ Vidare meinte Haverfield at romaniseringa i Britannia var godt gjennomført gjennom forskjellige samfunnslag, både i byar og på landsbygda. Særskild då det gjaldt bruken av latin, tok Haverfield til orde for den romerske innflytelsen, noko vi kjem tilbake til seinare.

6.2.3 R.G. Collingwood

Haverfield sin tidlegare elev, Robin George Collingwood, er meir nøktern i sine synspunkt om latin som eit døme på utbreidd romanisering. I det fulle og heile går Collingwood inn for at Britannia nok ikkje var så romanisert som Haverfield ville ha det til.

I sitt syn på romanisering går Collingwood i ein annan retning enn Haverfield og Mommsen, og ser vekk frå romanisering som rein assimilering av romersk kultur. Collingwood meiner det ikkje er riktig å vurdera kulturane i provinsane inn i to delar: Ein innfødd og ein romersk, der den eine må gje tapt for den andre. Han vel heller å sjå på romanisering som ein prosess der delar frå både romersk og innfødd kultur går saman og gjev kulturen i provinsen eit særpreg.¹⁴⁵ Collingwood, som var både historikar og filosof, høyrer til det vi kan kalla den eklektiske skulen innanfor romaniseringsteoriane. For han har romanisering vore ein prosess der ein finn somme element frå den romerske kulturen som har vore ettertrakta hjå den lokale befolkninga, og som dei deretter har tatt til seg. Som sagt er det ikkje ein direkte assimilering

¹⁴⁴ "The Roman Empire was the civilised world; the safety of Rome was the safety of all civilisations. Outside roared the wild chaos of barbarism." Haverfield 1912, 3

¹⁴⁵ Collingwood 1994, 91-92

av den romerske kulturen, men ei form for fusjon av dei to kulturane. På denne måten blir det gjennomført ein akkulturasjon. Det vil seie at ein har tilpassa seg den framande kulturen, utan å kopiera han. Dette finn ein døme på mellom anna i villakulturen, der villaen ein fann i Britannia er ulik den typen ein finn i Middelhavsområdet.

6.3 Forsking frå etterkrigstida

6.3.1 A.L.F. Rivet

I tida etter den andre verdskrigen var assosiasjonar retta mot imperier ofte lada med ei negativ haldning. Omgrepet romanisering vart gjerne møtt med tankane retta mot kolonialisme og rasisme. Professor ved University of Keel, A. L. F. Rivet tilhøyrer eit forskingsfelt som har avkolonisering som ein sentral påverknadskraft. Rivet sitt syn på romanisering i Britannia ligg langt frå det romantiske synet vi fann hjå Haverfield. Denne måten å sjå romanisering på som sprang fram i etterkrigstida, då det vart tatt eit oppgjær med kolonitida, såg ikkje på romanisering som ein frivillig assimilering av den romerske kulturen, men heller som eit romersk initiativ som tok sikte på å tvinga provinsane til å ta inn over seg den romerske kulturen.¹⁴⁶ Han meiner også at på enkelte områder, særleg matproduksjon, var dei innfødde i Britannia betre rusta til å utføra gode arbeid frå før, og held fram på det gamle viset også etter at romerane kom. Rivet ser også på romerrikets innlemming av Britannia med eit blick som lett kan avspeгла kolonitida. Han hevdar at romerane kom ikkje til Britannia for å utvikla provinsen, men for å ta frå provinsen det den allereie produserte. Metall, i hovudsak, men også korn.¹⁴⁷

For Rivet var romaniseringa av Britannia ein saktegåande prosess, som han i likhet med Haverfield meiner tok til før romarane okkuperte øya, i form av handel med folk frå kontinentet. Vidare meiner han at til tross for aukande bruk av romerske gjenstandar, valuta og arkitektur, held dei innfødde lenge fram med dei gamle levemåtane.¹⁴⁸ Dette synet på romanisering, som også blir tatt opp av den danske historikaren Jesper Majbom Madsen i ei avhandling om romanisering av den greske eliten i Achaia, Asia og Bithynia 50 år etter Rivet,

¹⁴⁶ Rivet 1958, 81

¹⁴⁷ Rivet 1958, 100

¹⁴⁸ Rivet 1958, 108

¹⁴⁹ ser på tilhøva i romersk Britannia som eit døme på motstand frå lokalbefolkninga då ein del av den keltiske kulturen framleis var i finna i provinsen. Døme på motstand kan ein også finna i Hellas, der befolkninga til slutt lærte å kalla seg romere, men tok ikkje til seg verken romersk språk eller kultur. Den romerske kulturen var rett og slett ikkje noko dei var interesserte i. På fleire områder var i realiteten den greske kulturen overlegen i høve til den romerske, som på sett og vis stamma frå den greske i utgangspunktet. Om dette kan ein lesa ut i frå Haverfield at det var lettare å romanisera ein usivilisert kultur enn ein sivilisert.¹⁵⁰

6.4 Moderne forskning

6.4.1 David Mattingly

David Mattingly, professor ved universitetet i Leicester, høyrer til ei forskingsgruppe som presenterer problemstillinga om romanisering i eit heilt anna lys enn det ein i utgangspunktet har sett det i. Ein skeptisk, postkolonial tidsalder, der imperier ikkje lenger er sett på som å vera ei kjærleg, siviliserande makt.

Mattingly har sterke meiningar om emnet, og han er ikkje redd for å gje frå seg ei breidside til dei vi kan rekne som pionerane innanfor emnet romersk Britannia. Der mellom andre Francis Haverfield på det næraste har sett på det romerske inntoget som ei velsigning, går Mattingly den andre vegen og tar for seg den romerske haldninga som både aggressiv og truande. Han blir rekna som ein som ser på den romano-britiske perioden som "*nasty, brutish and long*".¹⁵¹ Han meiner det er langt frå nokon tilfeldighet at forskarar som Haverfield behandla romanisering på den måten det vart gjort. Perspektivet ein danna seg på romanisering i denne perioden er i følgje Mattingly ein rein spegel retta mot det britiske imperiet, og tankane om korleis romerane kom for å sivilisera dei innfødde i provinsane, meiner Mattingly er i overkant romantiserte som følgje av den kolonistiske samtida, og er utan særleg hald i røynda.

Mattingly går også til angrep på, og freistar kvitta seg med sjølve romaniseringsomgrepet, noko han strengt tatt meiner er eit ubrukeleg omgrep. Sidan Haverfield har det store

¹⁴⁹ Madsen 2006, 4

¹⁵⁰ "*The west offers a different spectacle. Here Rome found races that were not civilized, yet were racially capable of accepting her culture. (...) It was possible, it was easy, to Romanize these western people.*"

Haverfield 1912, 5-6

¹⁵¹ Mattingly 2006, xii

spørsmålet i det romano-britiske arbeidet omhandla problem med kontakt og endringar mellom kulturane. Mattingly kallar romanisering for ”*a defective paradigm*”.¹⁵² I staden for dette omgrepet vil Mattingly leggja vekt på forskjellane dei ymse gruppene hadde i kontakt med okkupasjonsmakta. Han kritiserer synspunkt som seier at dei innfødde frivilleg ville ta til seg den nye kulturen, og slår fast at romanisering som det tradisjonelt er oppfatta, aldri var aktuelt for størstedelen av befolkninga.

Vidare hevdar Mattingly at det heller ikkje var noko som var særskild ”romersk” å ta til seg for dei innfødde i provinsane. Den kulturen provinsane vart introdusert for var sterkt prega av regionale forskjellar, og sidan romanisering har for vane å redusera spørsmålet om kulturell identitet til romersk eller innfødd, meiner han at det ikkje er rimeleg å hevda at ein på denne måten kan bruka romaniseringsomgrepet som før.

Ein fare ved tankegangen til Mattingly kan sjølvstundt vera det at han erstattar det han meiner er eit forenkla syn på den romerske okkupasjonen med eit anna. Nemleg at den romerske innflytelsen på provinsane var øydeleggjande, istaden for utviklande, som ein tidlegare har meint. Samstundes er det viktig å få med at Mattingly ikkje meiner at det eine nødvendigvis vil utelukka det andre, og han seier at sjølv om den romerske staten kunne vera ei nådelaus militærmakt som utøvde skrekk og øydeleggjande skadar mot sine fiendar og erobra områder og folkeslag, samstundes hadde metodar til å lønna dei som underkasta seg parolen, og viste teikn på velvilje mot sine nye herrar. I så måte vil det kunna vekke interesse hjå dei innfødde til å tilpassa seg dei nye herskarane.¹⁵³

6.4.2 Greg Woolf

Den britiske professoren Greg Woolf har i sitt arbeid med romaniseringsprosessane i Gallia lagt fram følgjande definisjon på romersk kultur:

*I shall define Roman culture as the range of objects, beliefs and practices that were characteristic of people who considered themselves to be, and were widely acknowledged as, Roman.*¹⁵⁴

¹⁵² Mattingly 2006, 14

¹⁵³ Mattingly 2006, 6-7. Sjø jamfør Tacitus *Agricola*, 21

¹⁵⁴ Woolf 2000, 11

Woolf legg stor vekt på bruken av den materielle kulturen som ein viktig faktor i å oppnå kulturell identitet. Men samtidig problematiserer han romanisering som overføring av ein kultur til andre sivilisasjonar. Woolf har stilt seg skeptisk til sjølve tankegangen bak romanisering, og trekkjer fram at det klassiske synet med at vest er meir romanisert enn aust, og byar meir romanisert enn landsbyar, ikkje er brukandes, då det ikkje kan målast opp mot einannan. Han meiner at romanisering gav forskjellig resultat over heile imperiet, og at i sjølve hovudstaden hadde ein liknande endringar som i provinsane, då han meiner Roma var som ein smeltedigel å rekna, og heile tida var i endring.¹⁵⁵ Om vi brukar ein tankegang som dette på provinsen Britannia, kan vi vurdere det slik at den kulturen britane vart introdusert til kan heller ha vore ein kultur frå allereie romaniserte provinsar, då i hovudsak Gallia, altså ein form for gallo-romersk, og ikkje italiensk-romersk kultur.

Samstundes vil Woolf leggja vekt på at romersk kultur heile tida var ein pågåande prosess.

*Becoming Roman was not a matter of acquiring a ready-made cultural package, then, so much as joining the insiders' debate about what that package did or ought to consist of at that particular time.*¹⁵⁶

Her meiner ein altså at å vera romanisert er vel så mykje å blanda inn sin eigen kultur som det er å ta til seg ein annan.

Vi har no sett korleis omgrepet romanisering har blitt behandla i forskingslitteraturen av forskjellige forskarar frå forskjellige tidsperiodar, og dermed med forskjellige utgangspunkt for å ta for seg problemstillinga. Etter å ha lært om desse moglege synspunkta, korleis vil vi då definera omgrepet romanisering når vi skal nytta det i høve til vårt eige arbeide om Britannia? Då vi har sett at det er mange måtar å ta føre seg temaet på, og det er begrensa kor stor del av dette arbeidet som skal viast denne delen, vil eg leggja til grunn ein heller brei definisjon av romanisering, som i stor grad byggjer på ein moderne forskningstradisjon. Eg vil difor i denne oppgåva sjå på romanisering som *den prosessen der innbyggjarane i den innfødde kulturen over tid tar til seg utvalde element frå den nye kulturen og innlemmar dei i sin eigen, og det på denne måten kan bli skapt ein fusjon av dei møtande kulturane som innehelt element frå begge sider, men samstundes er unik og noko nytt.*

¹⁵⁵ Woolf 2000, 5-7

¹⁵⁶ Woolf 2000, 11

Vi skal no freista nytta denne måten å sjå romanisering på i ei vurdering av romaniseringa av romersk Britannia.

6.5 Om romaniseringa av Britannia

6.5.1 Romanisering i kjelda - *De vita et moribus Iulii Agricolae*

(...) for efter at britene først hadde stilt seg avvisende til romernes sprog, ble de nu ivrige efter å tilegne seg romersk veltalenhet. Til og med vår klededrakt ble moderne blant dem, og følgelig så man mange i toga. Litt etter litt lot de seg imidlertid også lokke av våre laster, av smaken for søyleganger og bad og raffinerte fester. Uerfarne som de var, kalte de dette sivilisasjon, enda det i virkeligheten var et vidnesbyrd om deres trelldom.¹⁵⁷

Sitatet ovanfor er henta frå den kjente historikaren og politikaren Cornelius Tacitus sitt verk om den romerske feltherren Agricola. I høve til alt arbeid kring emnet romanisering spelar Tacitus sitt verk om Agricola ei stor rolle. Utsegnet omtalar korleis dei innfødde britane etterkvart tok til seg delar av den romerske kulturen då provinsen var innlemma i det romerske imperiet. Kjelda stammar frå rundt år 98, og for mange historikarar har nettopp dette sitatet vore sjølve dørøpninga til arbeidet med romaniseringsprosessane i dei romerske provinsane.

Som vi har sett er berre det å kunna definera sjølve omgrepet romanisering eit mykje diskutert emne i forskingslitteraturen. Det vil gjerne vidare føra til ytterlegare større utfordringar når ein faktisk skal vurdere graden av romanisering i dei romerske provinsane. Men grunna den store viktigheten knytta opp om Tacitus sitt verk vil eg byrja denne delen med eit raskt blikk på kva denne kjelda kan fortelja oss om romaniseringa av Britannia. Eg spør difor om vi ser på dette verket av Cornelius Tacitus, korleis er det då ein kan nytta seg av Tacitus sitt verk om Agricola i eit arbeid med romanisering?

Når vi vurderer ei kjelde er det som tidlegare påpeikt mogleg å nytta ho som levning eller beretning. Om vi tar i bruk Tacitus sitt verk om Agricola som levning, kan vi nytta kjelda til å

¹⁵⁷ Tacitus *Agricola*, 21

dra ut anna lærdom enn ved å ta i bruk verket som beretning. Det er då kvar produktet kjem i frå som er sjølvve nøkkelen. Ser ein på verket som levning meiner eg at forfattaren sitt eige opphav kan vera av stor relevans. Vi veit riktignok ikkje med sikkerhet nøyaktig kvar Tacitus kjem frå. Truleg kom han frå Gallia, men i alle høve truleg frå ein romersk provins, og ikkje frå Italia. Som ein innbyggjar av ein romersk provins er Tacitus sjølv eit produkt av nettopp ein romaniseringsprosess. Det faktum at han sjølv er romanisert, har kanskje ein innverknad på det akademiske arbeidet hans? Kanskje er han påverka av bakgrunnen sin, som ein generelt ofte vil vera. For kva synes eigentleg Tacitus om romanisering?

Noko av det som gjer Tacitus si historieskriving så spanande og rik, er at han kan vera ambivalent. Det skal seiast at han har sterke meiningar og ikkje er redd for å koma fram med dei, men han har samstundes ein eigenskap som gjer at han kan sjå fleire sider av ei sak. Ein kan sjå på romaniseringsinnstillinga hans i samheng med synet han gjerne har på den romerske imperialismen, to ting som på eit vis heng saman. Sitatet eg tok med innleiingsvis i dette underkapitlet fortel om velvilligheten til britane då dei ville ta til seg den romerske kulturen. På den eine sida er dette ein positiv overgang, då den romerske levemåten etter Tacitus sitt syn langt på veg er å foretrekkja i høve til dei innfødde sin. Samstundes tar han eit anna syn på saka. Han avsluttar avsnittet med å hinta til problema som ligg i den romerske kulturen, og at den prosessen vil medføra at dei innfødde på denne måten langt på veg blir undertrykte av romerane.¹⁵⁸ Men var Tacitus i mot imperialismen? Var Agricola? Agricola slo ned dei britiske opprørarane, og er jo i seg sjølv eksponenten for handhevinga av den romerske imperialismen. Tacitus opphøyar Agricola sine dyder, og meiner Agricola er eit føredøme på korleis menn bør leva. På den måten vil det jo også vera høveleg å påføra denne levemåten på andre menneske og folkeslag. Tacitus sjølv var senator, og var i så måte delaktig i romersk imperialisme. Samstundes som han er med på å fremja denne delen av den romerske politikken, prisar han også barbarane sine dydar, då særskild i arbeidet hans om Germania, og han legg i historieskrivinga si stor vekt på talar frå motstandarane, utan at han hevdar at skildringa frå motparten er gal. Det er denne ambivalente delen hjå Tacitus som er særleg fascinerande. Han ser feila i samfunnet og at det er ope for maktmisbruk, samstundes er det klart for han at det romerske styringssettet er det beste alternativet ein har.

¹⁵⁸ Tacitus *Agricola*, 21

Tacitus var ein utdanna mann, og det er naturleg å tenkja at arbeida hans var meint å bli lesne av menneske frå same stand. Det vil då seia at det kan vera rimeleg å hevda at mottakarane til Tacitus delar kunnskapane som ligg til grunn for hans forståing av både dei politiske og kulturelle aspekta av det romerske samfunnet, også når det gjeld provinsane. Om lesarane var einige med Tacitus eller ikkje er i grunn ikkje relevant, men det er nok lite truleg at Tacitus skreiv for eit publikum som kunne utøva konsekvensar for han etter dei vanskelege tilhøva for forfattarar under keisar Domitian gjorde at han avgrensa produksjonen sin.

Dersom vi ser på Tacitus sitt verk som beretning, nyttar vi oss av det Tacitus fortel oss i teksten sin. I høve til arbeidet med romanisering, er det særleg hendingane i Britannia som har relevans. Dei geografiske og etnografiske skildringane han kjem med er viktige for oss for å få ei forståing av tilhøva på øya i Romerrikets ytterkant, og sjølv om han nok ikkje har vore til stades, skildrar Tacitus korleis det har gått føre seg i møte mellom dei infødde og dei romerske styrkane. Han skildrar for oss korleis dei to gruppene tedde seg i kampar mot kvarandre, og korleis dei kunne leva saman etter stridighetar.

Måten Tacitus skildrar møtet dei innfødde britane får med den romerske kulturen på, er ein sær viktig del i eit arbeid med romanisering. Ut frå skildringane til Tacitus, får vi eit sterkt inntrykk av nettopp denne prosessen innbyggjarane i provinsane gjekk gjennom, og vi får viktig kunnskap. Akkurat det som konkret går på å ta til seg den nye kulturen, er ikkje omfattande behandla i verket, men det som står er treffande og vesentleg. Tacitus skildrar for oss eit samfunn hjå dei innfødde han i stor grad karakteriserar som barbarisk, der ein innleiande skepsis og motvilje hjå dei innfødde gradvis vert erstatta av eit ynskje om å "bli meir romersk".

*For å venne disse spredte og uvitende og derfor dess mer krigslystne folk til fredens velsignelser oppmuntret Agricola dem privat og hjalp dem offentlig til å bygge templer og torv og vakre våningshus. Han roste de villige og irettesatte de sendrektige, og på den måten ble den tidligere følelse av tvang avløst av kappelyst om å vinne hans anerkjennelse.*¹⁵⁹

¹⁵⁹ Tacitus *Agricola*, 21

Frå dette kan vi lesa at det var ein vilje å finna hjå dei innfødde til å ta til seg den nye kulturen. Det blir altså framstilt som ei frivilleg form for romanisering, og ikkje noko som vart påtvinga provinsen.

Tacitus si skildring av romaniseringsprosessen mellom innfødde og romarar kan læra oss meir enn berre det faktum at provinsen var i ferd med å bli romanisert. Vi kan også lesa oss fram til korleis det gjekk til, og om korleis romanisering tok for seg sosiale grupper. Til dømes kan vi læra at sønene til høvdingane i dei lokale stammene var ivrige etter å ta til seg dei romerske skikkane. I ei vurdering av romanisering i samfunnsledda, kan ein på denne måten sjå at det er eliten som er introdusert for, i alle høve i fyrste omgang, dei romerske impulsane.¹⁶⁰ For det er ikkje alle som er romaniserte i provinsen. Tacitus skriv at dei øvrige britane som ikkje var overvunne av romarane framstår slik som gallarane var før invasjonen der, som ypperlege krigarar, frie og tapre.¹⁶¹

Som nemnd tidlegare, er det også viktig å kunna utvisa kjeldekritikk i eit slikt arbeid, då ein ikkje med sikkerhet kan seia kor mykje ein kan ta for å ha hald i røynda. Tacitus var ikkje sjølv tilstades i provinsen, og det han fortel oss er dermed ikkje eit resultat av hans egne observasjonar. Samstundes er det truleg at svigerfar hans, Agricola, personleg har fortalt Tacitus mykje om tilhøva i provinsen, og han har tatt i mot skildringar og førstehandsopplysningar frå fleire involverte. Kor mykje av verket hans som representerer dei faktiske tilhøva kan ein med sikkerhet aldri vite, men det er gjennom skildringar i slike kjelder ein kjem nærare svaret. Denne problematikken ligg sjølvstundt sentralt i eit arbeid med bruk av slike kjelder.

6.5.2 Romanisering i forskingslitteraturen

Korleis vil ein så i forskingslitteraturen vurdere provinsen Britannia som romanisert, og kva baserar desse seg på i deira vurdering av romaniseringa i Britannia? Eg vil no ta for meg synspunkt frå somme av forskarane eg presenterte tidlegare i dette kapitlet, og freista nytta dette i ei vurdering av kor vidt ein vil karakterisera Britannia som romanisert.

¹⁶⁰ Tacitus *Agricola*, 21

¹⁶¹ Tacitus *Agricola*, 12

Francis Haverfield er som sagt ein av dei som går sterkast inn for at det i Britannia var ein gjennomført stor grad av romanisering. Han meinte at allereie før det romerske imperiet gjorde sitt inntog i Britannia i år 43 var romaniseringa av provinsen i gang. Eit av dei viktigaste døma han brukar for å underbyggja teoriane sine er utbreiinga av det latinske språket. Potteskår og flisar med inskripsjonar på latin er gravne fram i massevis. Latin vert av Haverfield å rekna som det vanlege språket å uttykkja seg på, og at det dermed hadde erstatta det keltiske språket. Desse flisane har gjerne inskripsjonar av namnet til flisemakaren, eller ei tidsanvising til då det vart laga. Då det er rimeleg å trekkja slutninga at flisemakaren som har rissa inn desse orda, har hatt kjennskap til latin er det også rimeleg å hevda at ikkje berre medlemmar av dei høgare samfunnslaga var eit produkt av romanisering i språket, meiner Haverfield.¹⁶² Collingwood på si side meiner at det ikkje er rimeleg å hevda at språket var så utbreidd, eller at den eventuelle utbreiinga viser teikn på verken særskild utdanning eller høg sivilisasjon. Vidare hevdar han at det var nyttig å kunna latin i dei offentlege sfærer, men at det på privat basis i større grad vart nytta keltisk.¹⁶³ Han viser også til at Britannia i den romerske perioden ikkje bidrog med nokon form for høgt ansett litteratur, og at det indikerar at provinsen ikkje var like sivilisert som til dømes Gallia, Spania og Afrika.¹⁶⁴ Mattingly går på si side med på at bruken av latin, og i somme tilfelle også gresk, ofte vart nytta i forretningsssamanheng. I det daglege livet meiner han derimot at innbyggjarane i Britannia, i byane så vel som på landsbygda, nytta originalspråket sitt.¹⁶⁵

Også innanfor arkitektur meiner Haverfield at romaniseringa viser seg sterkt. Innføringa av den romerske villaen, med nyvinningar av praktisk og estetisk verdi er å finna i provinsen. Dekke på veggjar og golv, bad og oppvarmingssystemet hypokaust er alle med på å trekkja fram den romerske påverknaden på bebuaren. Denne type innreiing i romersk stil var ikkje berre å finna hjå velståande romerar i Britannia. Hypokaustar har mellom anna vore oppdaga i hus for lite velståande familiar, samt i små, mindre romaniserte landsbyar.¹⁶⁶ Samstundes er ikkje den britiske villaen lik den vi finn i Italia og elles i middelhavsområdet. I staden er dette noko vi gjerne kan karakterisera som romerske byggjestilar med ein keltisk vri, noko som kan underbyggja Collingwood sine meiningar om ein fusjon av romersk og innfødd kultur.

¹⁶² Haverfield 1912, 22-24

¹⁶³ Collingwood 1994, 123-124

¹⁶⁴ Collingwood 1994, 122

¹⁶⁵ Mattingly 2006, 296

¹⁶⁶ Haverfield 1912, 36-37

Vi finn også teikn til romanisering i kunsten. Keltarane var i si tid kjent for å vera dyktige handverkarar innanfor metallarbeid, og dyremotiv og spiralar var gjennomgåande figurar. Då romerane kom til provinsen vart også element frå den romerske kunsten innført blant dei innfødde. I følgje Haverfield forsvann den keltiske kunsttradisjonen raskt. Collingwood meiner derimot at den keltiske handverkstradisjonen ikkje døydde ut, men framleis stod sterkt i lågare samfunnssjikt, for seinare å få sin renessanse.¹⁶⁷ Her står dei to forskarane imot kvarandre på korvidt dei romerske innflytelsane var gjeldande.

For Francis Haverfield sitt vedkomande kan vi konkludera med at romaniseringa i Britannia gjekk sin gang på øyriket som elles på kontinentet. Romersk språk, kultur og tankegang vart innført som i hovudtrekk erstattar for dei eksisterande, og Britannia vart ein del av imperiet. I byane og store delar av det sørlege området i provinsen var romaniseringa gjennomført. I følgje han sjølv var området like romanisert som Gallia, kanskje også meir. Dei høgare sjikta i samfunnet må samstundes seiast å vera meir romaniserte enn dei lågare klassane, men også i dei lågare sjikta var ein påverka av ein viss grad av romanisering. Likevel meiner han det er riktig å seia at med få unntak i vestlege og nordlege regionar var provinsen gjennomført romanisert.

Collingwood meinte derimot at vi ikkje kan seia oss nøgde med berre å kalla Britannia romanisert. Sjølv den mest romaniserte del av provinsen er ikkje på nokon måte ein rein romersk sivilisasjon, held han fram. Derimot hevdar han at det ein finn i Britannia er ei blanding av keltiske og romerske element. Ein finn ikkje i Britannia verken romersk eller keltisk sivilisasjon, men heller det ein kan kalla Romano-Britisk, ein fusjon av dei to faktorane som då har danna noko nytt og særskild. Vidare meiner han at sjølv om dei høgare samfunnssjikt i Britannia var raske til å ta til seg den romerske kulturen, var det heller ein kultur frå Gallia enn frå sjølve Rom, og på denne måten tok ein til seg ein romersk kultur som allereie var gjennomsyra av keltiske aspekt. Collingwood meiner også det at om ein aksepterar impulsane frå den keltisk-romerske stilen Britannia vart introdusert for frå Gallia som romanisering, kan ein tydeleg merka påverknaden i provinsen. Men han meiner i så fall at dette var eit fenomen som i stor grad var aktuell for befolkninga i byane, og i hovudsak

¹⁶⁷ Collingwood 1994, 106

medlemmar av den kulturelle eliten, og går på denne måten imot Haverfield sine meiningar om ei gjennomført romanisering i alle samfunnslag.¹⁶⁸

Så har vi David Mattingly. Som ein motvekt mot dei eldre forskarane kjempar han mot den klassiske oppfatninga av romaniseringsbegrepet. I staden freistar han å rekonstruera kva som var den britiske identiteten under det romerske styret. For Mattingly var ikkje denne kulturelle utviklinga ein einvegsprosess, men ein prosess der også det innfødde samfunnet bidrog i det å skapa ein romersk provins. Samstundes seier han at det ikkje var ein særskild måte å vera romersk i Britannia på, sidan ein på forskjellige stadar i provinsen ville tatt til seg forskjellige aspekt av den romerske livsstilen.¹⁶⁹

Vidare meiner Mattingly at det tidlegare romantiserte synet på den frivillege innføring av romerske vanar ikkje heldt mål, men at det heller truleg var ein konsekvens av å velja det minste av to onder, belønning ved underkasting eller straff ved motverge. Som eit døme på dette trekkjer han fram korleis ein i romersk provinspolitikk la til rette for desentralisering av politisk styring, slik at det var råd å gje ei viss makt til lokale leiarar, som på denne måten nytta godt av romerske goder, som auka status og finansielle goder, mot at dei romerske leiarane fekk dei innfødde på si side.¹⁷⁰

Vidare hevdar Mattingly at ein trass i slike tiltak verken i byar eller på landsbygda var ivrige etter å ta til seg den nye kulturen. Likevel kan han gå med på at innbyggjarar i byane var i større grad påverka av den nye romerske kulturen enn det dei var på landsbygda.¹⁷¹ Men han presiserer også at sidan den store majoriteten av innbyggjarane i Britannia budde på landsbygda, vil det ikkje vera rimeleg å hevda nokon høg grad av romanisering i provinsen.

6.6 Ein romano-britisk kultur?

Dersom vi går vidare med definisjonen vi enda opp med tidlegare i dette kapittelet, og dei tankane R. G. Collingwood gjorde seg om Britannia som eg presenterte no nettopp, handlar det ikkje om ein innfødd eller romersk kultur i Britannia, men om ein romano-britisk kultur,

¹⁶⁸ Collingwood 1994, 91-92

¹⁶⁹ Mattingly 2006, 520

¹⁷⁰ Mattingly 2006, 6-7

¹⁷¹ Mattingly 2006, 295

samansett av innfødde og romerske element, på same måte som ein i Gallia hadde utvikla ein Gallo-romersk kultur, slik Woolf vurderer det.¹⁷²

Men uavhengig av dei ulike måtane å vurderer korleis det gjekk føre seg på, kor vidt det var ved tvang eller frivilleg, er det noko vi kan seie sikkert om romaniseringa av Britannia. Det romerske imperiet tok med makt over Britannia og gjorde øya i vest til ein provins i keisardømet. Og med seg i bagasjen følgde eit knippe element frå imperiet som i somme tilfelle vart direkte introdusert av dei romerske nykomarane, men også element som vart tatt i bruk av dei innfødde sjølve, og på denne måten vart innlemma i deira eigen kultur. Eg vil no sjå nærare på somme av desse elementa vi var innom ovanfor.

6.6.1 Økonomi

Det fins mange sikre teikn på den store dominansen det romerske imperiet hadde over sine provinsar, og eit av dei sikraste teikna på dette er funnet av myntar rundt i keisardømet. Etter Claudius sin invasjon av Britannia i år 43 etter Kristus, byrja det sirkulera myntar med Claudius sitt namn, og ein triumfboge påskrive *DEBRITANN*, som skulle markera sigeren i Britannia. Arkeolog og mynt-ekspert Richard Reece meiner det absolutt er mogleg at myntar frå det europeiske fastlandet nådde Britannia og vart tatt i bruk før Claudius invaderte øyriket, men at det er usannsynleg. Likevel seier han at det ikkje er mogleg å fastslå av arkeologiske funn til dags dato.¹⁷³

Samstundes meiner Reece at det også før den romerske invasjonen var mange som hadde kjennskap til, nytta og trykte myntar i Britannia, men om desse myntane var i bruk etter invasjonen er uvisst. Funn av britiske myntar er sjeldan vare blant dei mange tusen romerske myntane ein finn, men dei britiske myntane ligg i lag med dei romerske. Det kan tyda på at dei framleis var i bruk, i alle høve i den tidlege fasen av okkupasjonen. Men samstundes vil dei store mengdene av romerske myntar i høve til dei britiske, tyda på at den nye myntsystemet frå romerane tidleg tok over for det gamle systemet hjå dei innfødde.¹⁷⁴

¹⁷² Woolf 2000, 7

¹⁷³ Reece 2002, 37-38

¹⁷⁴ Reece 2002, 38-39

Tilgangen på myntar i Britannia har variert veldig i dei 367 åra med romersk styre i provinsen.¹⁷⁵ Arkeologiske funn av myntar, reknar ein har samanheng med bruken av myntar i den romerske perioden då ein meiner at større tilgang på myntar vil føra til større sirkulasjon og større tap av myntar, som sidan vil bli gravne fram av arkeologar på diverse stader. Mellom anna har ein funne både myntar og myntpresser inni den romerske bymuren som ein i dag finn restar av godt gøymt under gatenivået i London, og det har bidratt til å kunna setja ei viss datering på byggjinga av muren. Funn av myntpresser har også bidratt til å påvisa ein grad av duplikasjon av romerske myntar i Britannia. Dette kan både vera kopiering av myntane med den hensikt å laga dei så like som mogleg med same verdi og nytte, men også å lage billege forfalskingar for å nytta i bedrageri.¹⁷⁶ Men det faktum at dei i det heile blir produsert i Britannia i så stor grad kan visa til viktigheten til det romerske myntsystemet i Britannia og ein relativt høg grad av romanisering på det økonomiske området.

Dersom ein ser vekk frå ein innføringsfase der betalingsmåtar i form av råvarer vert erstatta med myntøkonomien, vart dette systemet tatt i bruk i Britannia raskt etter invasjonen. Frå det romerske myntsystemet har sett seg rundt år 70, ser det ut til at det har funne ein viss stabilitet utan store endringar fram til rundt 260.¹⁷⁷ Med både dalar og toppar, som det er med økonomi, held myntsamfunnet det gåande i Britannia i store delar av den romerske perioden. Rundt år 400, derimot, ser det ut til at økonomien i Britannia fekk seg ein knekk. Bryan Ward-Perkins hevdar at myntøkonomien i det femte og sjette århundret har gått ut av bruk i provinsen.¹⁷⁸ Men i dette synet møter han motbør hjå Reece, som meiner at menneska som nytta myntøkonomien rundt år 400 ville halda fram med det ut livet sitt, og at funn av romerske myntar i saksiske busetnadar tyder på at den romerske myntøkonomien framleis var i bruk.¹⁷⁹ Men om den framleis var i bruk eller ikkje på dette tidspunktet, er for så vidt ikkje vesentleg i denne samanhengen då vi her skal slå fast korvidt kulturen slo rot i provinsen i utgangspunktet. Og det kan vi slå fast at han gjorde. Alle som ville fungera i det romano-britiske samfunnet måtte gjera seg kjende med handelsvanane for å kunna supplera liva sine med dei naudsynte varene dei hadde behov for. Det betyr at det er naturleg å tenkja seg at dette elementet av den romerske kulturen har gått gjennom dei ulike samfunnslaga og har

¹⁷⁵ Sjå Reece 2002, 14-36 for inndeling av det romerske myntsystemet i 21 fasar.

¹⁷⁶ Reece 2002, 45

¹⁷⁷ Reece 2002, 45

¹⁷⁸ Ward-Perkins 2005, 112

¹⁷⁹ Reece 2002, 63

nådd ein større del av befolkinga enn det høgkulturen, i form av toga, litteratur og kunst, gjorde.

Av dette kan det tyda på at dei innfødde i provinsen har dratt nytte av den romerske økonomiske tradisjonen og har på denne måten assimilert dette elementet av den romerske kulturen. Men samstundes kan vi også sjå på den høge andelen av sjølvoptrykte myntar i Britannia som eit døme på at sjølv om dei tar til seg den romerske kulturen gjer dei den til noko eige og særskild.

6.6.2 Religion

Som eg vil påpeika i ein seinare del av oppgåva, då eg går gjennom kjeldematerialet frå den sub-romerske perioden, ser eg på innføringa av romersk religion i dei romerske provinsane som ein sær viktig del av romaniseringsprosessen.

Romerane såg på seg sjølve som sær religiøse menneske, og var i så måte ikkje så langt frå dei innfødde i Britannia. Religion i både den romerske og den keltiske kulturen hadde mange likhetstrekk, og i følgje historikaren og arkeologen Guy de la Bédoyère skulle desse to religionskulturane møtast, og i løpet av dei neste århundra skapa ein mikstur av gresk-romersk religion og keltiske gudebilde som aldri før hadde vore sett.¹⁸⁰ I tillegg til dei romerske gudane som *Mars* og *Merkur*, vart også dei innfødde gudane som *Cocidius* og gudar frå middelhavsområdet som *Mithras* og *Isis* tilbedne i provinsen.¹⁸¹ Når då ein i tillegg tar med keisarkultane, og det faktum at kristendom vart legalisert som religion på 300-talet og tatt i bruk i provinsen, ser vi kor stor rolle religion har hatt i det romano-britiske samfunnet.

Ikkje minst i form av inskripsjonar kan vi skapa oss eit bilete av kor utbreitt den romerske religionen var i Britannia. I samlingane *Roman Inscriptions of Britain* har Collingwood og Wright samla inn latinske inskripsjonar funne i Britannia i stein, tre og metall. Veldig mange av desse inskripsjonane er dedikasjonar til gudar ved monument eller bygningar, og såkalla *curse-tablets*, og det er gjerne den beste måten å sjå korleis bebruarane i Britannia vende seg til gudane på. Desse *curse-tablets*, eller forbannelses-plater som er ei fri oversetjing, var inskripsjonar på blyplater, der vedkommande som stod bak ber til gudane om å forbanna ein

¹⁸⁰ De la Bédoyère 2007, 11

¹⁸¹ De la Bédoyère 2007, 16; 32

annan person, ofte nokon som har stole noko frå vedkommande.¹⁸² Det som er stole er ofte av relativ liten verdi, og forbannelses-platene er ofte skrivne av personar med dårleg skrivehand og kjennskap til det latinske språket. Og det kan tyda på at dette elementet av den romerske kulturen går gjennom samfunnslaga.¹⁸³

Eit av dei mest kjente døma på romanisering og det å sjå på seg sjølv som romersk er gravsteinen til den britiske kvinna Regina¹⁸⁴, som vart selt som slave til ein palmyrisk mann ved namn Barates. Ho vart frigjeven av Barates, som deretter gifta seg med henne. Då ho døydde reiste mannen ein storslått gravstein til minne om henne i South Shields ved Newcastle, der ho vert framstilt som ei romersk matron.¹⁸⁵

Av dette vi no har sett meiner eg vi kan sjå teikn på at den romerske religiøse innflytelsen i Britannia var av særleg stor grad, og at i tillegg til dei romerske elementa var også dei innfødde elementa framleis involverte, noko som kan tyda på at det vart nytta av store delar av befolkninga og at ein på den måten kan sjå på romano-britiske religion som eit utbreitt og viktig element i den romano-britiske kulturen, og på denne måten eit godt døme på ein gjennomført akkultureringsprosess.

6.6.3 Kunst

R. G. Collingwood såg på kunst i romersk Britannia som eit klart teikn på ein fusjon mellom romersk og innfødd kultur i provinsen. Også innanfor kunstens verden førte nemleg den romerske overmakta endringar med seg. I følgje Haverfield spreidde det seg ein særskild romersk kunstform som tok seg over det vestlege Europa, og tok plassen til den lokale kunsten. Denne type kunst var profesjonell og fint utført, men samstundes lite original og lett å kopiera. Dette førte til at det daglege livet i provinsane, også i Britannia, var fylt av romerske møblar, kunst og andre diverse artifaktar.¹⁸⁶

I tida før Britannia vart ein del av det romerske imperiet var det ein stolt og dyktig kunsttradisjon i provinsen. Særleg innanfor metallarbeid var keltarane dyktige kunstnarar, og

¹⁸² Henig 2004, 228

¹⁸³ Sjå Mattingly 2006, 312 for liste over dømer på curse-tablets.

¹⁸⁴ RIB 1065

¹⁸⁵ Mattingly 2006, 196

¹⁸⁶ Haverfield 1912, 11

dyremotiv og spiralar var gjennomgåande figurar. Då den romerske innflytelsen sveipte over landet, forsvann den keltiske kunsttradisjonen raskt. Dette er i følgje Haverfield ikkje fordi romarane ville driva ut det lokale elementet, men fordi det er naturleg for all lokal kunst å tre av til fordel for det nye og ukjente. Men den keltiske tradisjonen døydde ikkje heilt ut. Det er funne fleire brosjer med keltisk utsmykking frå den romerske perioden, i tillegg er det funne urner med keltiske symbol i områda vest for Peterborough. Desse motiva skil seg frå den klassiske romerske stilen, og det er i følgje Haverfield tydeleg at dei er laga av ein keltisk kunstnar då menneskekroppen som motiv er utført på dårleg vis, medan klare keltiske trekk som jakt, og natur er langt betre skildra.¹⁸⁷

Haverfield meinte at sjølv om det kjem fram element i mellom anna kunst og arkitektur som innehar både delar av romersk og den lokale stilen, er ikkje dette eit teikn på den lokale viljen til å gjenoppretta den ”nasjonale” kulturen. Om ein viss type hus, skulptur, eller gravstein skil seg frå den tradisjonelle romerske stilen ved å dra inn lokale element er dette berre eit teikn på at den romerske innflytelsen har gitt nytt liv til den gamle kulturen, og på denne måten skapt ei ny romersk kunstform.

*These are not efforts to regain an earlier native life. They are not the enemies of Roman culture, but its children – sometimes, indeed its adopted children – and they signify the birth of new roman fashions.*¹⁸⁸

Collingwood seier seg derimot ueinig i dette og meiner at då romerane invaderte Britannia tok dei med seg sine egne varer til ein provins som i utgangspunktet var dyktige produsentar av kreamikk og metallverk, og ved ein kombinasjon av dominansen til dei nye herskarane og eit ynskje og ei interesse hjå dei innfødde til å ta i bruk den nye måten å laga handverksvarer på, forsvann den innfødde måten ut av bruk i dei første hundre åra med romersk styre. Men så kjem dette som Haverfield kalla borna til den romerske kulturen. Collingwood meiner dette er eit døme på at tidleg på 100-talet gjekk Britannia gjennom det han kallar ein form for de-romanisering, der den keltiske kulturen fekk ein opptur og fusjonerte med den romerske, og på denne måten skapte ein romano-britisk handverkstradisjon som held fram langt inn på 300-talet.¹⁸⁹

¹⁸⁷ Haverfield 1912, 42-43

¹⁸⁸ Haverfield 1912, 13

¹⁸⁹ Collingwood 1994, 100-101

Kunst og handverksvarer er det funne mykje av i Britannia, som i andre delar av det tidlegare romerske imperiet, og då i særskild grad i form av keramikk. Desse funna i Britannia er lokalisert frå dei urbane sentra i dei romerske byane til utkantstrøk i delar av provinsen ein ikkje har meint har oppnådd same grad av romanisering som resten av provinsen. Eit særskild godt døme på dette er utgravingar ved ruinane til ein landsby ved Din Lligwy på øya Isle of Anglesey ved nord-vestkysten av Wales.¹⁹⁰ Men sjølv om stor utbreiing av kunst og handverksvarer kan tyda på høg grad av romanisering i provinsen, kan gjenoppståinga til den keltiske tradisjonen visa teikn på at romaniseringa ikkje sat så djupt hjå bebruarane i provinsen likevel. Men samstundes kan ein sjå på det som Collingwood, at det ikkje er snakk om vera romanisert i form av å nytta allereie etablerte romerske kulturelement, men å nytta desse elementa i lag med sin eigen kultur og på den måten skapa noko særskild og nytt. Nemleg ein romano-britisk kultur.

6.6.4 Språk

Francis Haverfield meiner som sagt at det viktigaste dømet på at romanisering var sterkt utbreidd i Britannia var bruken av latin. Etter invasjonen vart latin meir og meir vanleg i Britannia, og inskripsjonar på latin er gravne fram i massevis. I motsetnad til i Gallia, der keltiske inskripsjonar er langt frå uvanlege å oppdriva, er det i følgje Haverfield ikkje funne inskripsjonar av det keltiske språket av noko slag på den britiske øya. Riktignok er det færre eksempel å oppdriva i Britannia enn i mange andre provinsar, men inskripsjonar på latin er funne i både byar og på landsbygda, noko som kan seiast å vera vesentleg for å vurdere utbreiinga.

Noko som talar for at romanisering ikkje berre var å finna i dei øvre samfunnslag som nemnt tidlegare, er mellom anna funna av inskripsjonar på fliser. I byen Silchester har ein funne fleire fliser med inskripsjonar på latin. I tillegg til praktisk informasjon på desse flisene, som produksjonsdato eller fabrikant, er det også funne fliser med åtvaringar og uhøflege fraser. Då det er rimeleg å trekkja slutninga at flisemakaren som har rissa inn desse orda, har hatt kjennskap til latin er det også rimeleg å hevda at ikkje berre medlemmer av dei høgare samfunnslaga var eit produkt av romanisering i språket.¹⁹¹

¹⁹⁰ Haverfield 1912, 39

¹⁹¹ Haverfield 1912, 22-24

Samstundes kan det då hevdast at desse inskripsjonane var utført av innflyttarar frå andre delar av riket, som tok arbeid i den nye provinsen. Haverfield rettar tvil mot dette då han viser til at innflyttarar frå Italia var av dei høgare sjikta av middelklassen og dermed ikkje arbeidarar. Frå dette kan ein slå fast at arbeidarar og tenarar måtte rekrutterast frå den lokale befolkninga, og dermed at den lokale befolkninga var skrivekyndige på latin.¹⁹²

Silchester er blant dei romano-britiske byane der det har vore arbeidd mest med utgravingar, så det er difor ikkje tilfeldig at det her er funne fleire spor etter romanisering enn mange andre stadar i landet. Likevel vil Haverfield presisera at det ikkje er nokon grunn til å meina at Silchester skil seg frå andre byar frå same periode. Fliser og potteskår utgravde andre stadar i landet, som til dømes potteskår i Dorchester og fliser i Plaxtol, viser seg å vera like mykje romano-britisk som det ein finn i Silchester. Totalt sett kan ein då seia at det kjem fram at det latinske språket kan ha vore nytta av alle samfunnslag i byane i Britannia, og at det i alle høve vart nytta av medlemmer av dei høgare sjikt på landsbygda.¹⁹³ Ward-Perkins presiserer på si side at det klart var somme delar av samfunnet som truleg både var meir kyndige og hyppige i bruken av latin, og tenkjer då i stor grad på den militære delen av provinsen, og nærare bestemt på dei store funna av dokument frå det romerske fortet Vindolanda.¹⁹⁴

David Mattingly stiller seg skeptisk til at kjennskapen til latin stod så sterkt i Britannia som vi kan sjå hjå Haverfield, og meiner at det i dei britiske byane var det innfødde britiske språket som var vanleg hjå bebuarane.¹⁹⁵ Likevel meiner han at bruken av latin i somme lag var utbreitt. Dette var i følgje han særskild hjå grupper av øvre sjikt i byane som ville nytta latin i eit forsøk på å klatra på den romerske karrierestigen, og latin var utbreitt hjå dei administrerande delane av provinsen.¹⁹⁶

For min eigen del vil bruken av latin vera sær viktig i ei vurdering av romanisering i dei romerske provinsane. Dersom det er som Mattingly seier, at det primært vart nytta av dei som ville gjera karriere i det romerske imperiet, tyder dette vidare på eit ynskje hjå dei innfødde til å bli innlemma i dette samfunnet og eit ynskje om å ta til seg den nye kulturen, altså eit ynskje om å bli romanisert. Det er vanskeleg å slå fast kor utbreitt latin var hjå dei innfødde i

¹⁹² Haverfield 1912, 26

¹⁹³ Haverfield 1912, 27-28

¹⁹⁴ Ward-Perkins 2005, 156

¹⁹⁵ Mattingly 2006, 296

¹⁹⁶ Mattingly 2006, 41

Britannia. Dei epigrafiske kjeldene er der, men det er sjeldan at ein kan vita sikkert kven som står bak inskripsjonane, og såleis kva yrke, nasjonalitet og samfunnslag denne personen tilhøyrer. Likevel er det eit klart teikn på at bruken av det latinske språket var utbreitt i provinsen, og dei mange forskjellige handskriftene hjå til dømes curse-tablets eg nemnde tidlegare kan tyda på at det var mange personar i same området med kjennskap til språket, og at vi dermed kan ha hald i ei vurdering om at denne delen av romaniseringa var høveleg godt gjennomført i det romano-britiske samfunnet.¹⁹⁷

6.6.5 Arkitektur

Eg har no freista gjort det klart at i Britannia, som andre stadar i imperiet, var store delar av det daglege livet påverka av romersk innflytelse. Før Keisar Claudius erobra Britannia er det i følgje Collingwood ikkje truleg at det fanst store bygningar i stein på øyriket, utan at britane lei noko naud av den grunn. Britane budde i hus bygde av tømmer, men med romerane følgde som så mykje anna også arkitekturen med.¹⁹⁸ Tacitus kan fortelja oss at då Boudicca rundt år 60 angreip Colchester, var byen utstyrt med tempel, teater og forsamlingshus.¹⁹⁹

Romarane bygde forum, basilika og offentlege bad i byane i Britannia. Bygningar av denne sorten er funne i mellom anna Silchester, Caerwent, og ikkje minst i Bath, og det kjem godt fram at desse bygningane er laga etter same prinsipp som liknande bygningar i andre provinsar, medan templa gjerne er meir påverka av den lokale kulturen, som ein del av fusjonen mellom innfødd og romersk religion vi nemnde ovanfor.²⁰⁰ Bustadhus er også noko som skil seg frå den offentlege arkitekturen, men Guy de la Bédoyère meiner at i løpet av dei første 50 åra med romersk styre hadde mange av dei innfødde sine hus på landsbygda vore gjennom ein overgangsfase frå rundhus til den type rektangulære hus ein fann andre stader i imperiet.²⁰¹

Samstundes har ein også ein del bustader i romersk Britannia som ein ikkje finn analogiar til i Italia, eller i provinsane i middelhavsområdet i det heile tatt. Haverfield fortel at der bygningane i Italia og sør-Europa gjerne var vende innover mot atrium, eit ope rom eller hage

¹⁹⁷ Mattingly 2006, 314

¹⁹⁸ Collingwood 1994, 49

¹⁹⁹ Tacitus *Årbøkene*, XIV, 32

²⁰⁰ Haverfield 1912, 33

²⁰¹ De la Bédoyère 2002, 11

uten tak, var bustadane i Britannia vendt ut mot landskapet rundt. Nokre av bygningane ein har grave fram i Silchester, var ei einaste rekkje med rom, eit såkalla *corridor house*. Desse husa vert karakterisert av Haverfield som mangelfulle i høve til bygningane i middelhavsområdet.²⁰² Ut frå dette trekkjer han slutninga at dette i utgangspunktet er keltiske byggjestilar med ein romersk vri.²⁰³

Men det betyr ikkje at han meiner bebuaren nødvendigvis var keltar. Inne i huset er derimot den romerske påverknaden slåande, seier Haverfield. Mosaikk som dekke på veggjar og golv, bad og oppvarmingssystemet hypokaust er alle med på å trekkja fram den romerske påverknaden på bebuaren. Mosaikken på golvet avbilda gjerne klassiske forteljingar, som til dømes saga om Apollo og Daphne.²⁰⁴ Denne type innreiing i romersk stil var ikkje berre å finna hjå velståande romerar i Britannia. Hypokaustar har mellom anna vore oppdaga i hus for lite velståande familiar, samt i små, mindre siviliserte landsbyar. I desse samanhengane var dei sett på som eit vanleg innslag i kvardagen, og ikkje noko eksklusivt, seier Haverfield. Vidare seier han at sjølv om det var både fattige og rike husstander i Britannia, blir desse knytt saman av romerske element av komfort.²⁰⁵ Dette er igjen eit døme på at romaniseringa skar seg gjennom samfunnslaga. Guy de la Bédoyère viser til høve der romano-britiske rektangulære hus har vorte bygd på nøyaktig same stad der det tidlegare har eksistert britiske rundhus. Om det er dei same bebuarane som søkjer ei meir romanisert livsstil, eller om det er nye innflyttarar som har kasta ut dei tidlegare bebuarane, meiner han diverre at det er umogleg å seia noko om.²⁰⁶

Den romano-britiske arkitekturen i Britannia, og i så måte denne delen av den romano-britiske kulturen er best skildra i høve til villakulturen i provinsen. Vi skal no sjå litt på skilnadene mellom by og landsbyliv på øya i vest.

6.7 Romanisering av by og landsbygd i provinsen Britannia.

Før romarane inntok Britannia i år 43, var øya i vest busett av ei agrar befolkning med liten grad av urbanisering. Riktignok var det å finna små samfunn der stammar budde innanfor

²⁰² Haverfield 1912, 35

²⁰³ Haverfield 1912, 33; 35

²⁰⁴ Haverfield 1912, 36-37

²⁰⁵ Haverfield 1912, 38

²⁰⁶ De la Bédoyère 2002, 54

same området i tettstader av små hytter, samt handelspostar som seinare har utvikla seg til byar, men likevel vil det vera korrekt å seia at Britannia før romarane ikkje var eit urbanisert samfunn. På landsbygda budde bønder i runde små hytter, som kan ha hatt god leveleg standard, men som nok langt ifrå var luksuriøse, seier Collingwood.²⁰⁷ Han er fast bestemt på å gjera det klart at dei innfødde i Britannia var langt frå dei barbarane andre vil ha det til. Men dette gjeld i stor del i dei sør-, og austlege områda. Tilhøva i nord og vest var eit stykke frå det ein fann i sør. Områda var tynt befolka, og om stammane som befann seg i områda medgir Collingwood at delar av befolkninga med rette kunne kallast barbarar av det romerske keisardømet.²⁰⁸

Då romarane hadde kontroll over Britannia var det store forskjellar å finna mellom søraust-England og resten av landet då det gjald sivilisasjon. Delvis hadde dette å gjera med klima og tilhøva for jordbruk, men vel så mykje hadde det med befolkninga å gjera. Romersk innflytelse fekk aldri skikkeleg trengt igjennom i nord og vest, medan det i sør-aust var å finna ein kultur der innbyggjarane var dyktige jorbrukarar, politisk etablerte og kunstnerisk talentfulle innanfor metallindustri. Handelsaktiviteten var betydeleg og innbyggjarane budde i små bysamfunn med hus laga av tømmer, meir enn av leire.²⁰⁹

I følgje Collingwood var dei områda som var mest romanisert under det romerske styret, nettopp dei områda som var mest siviliserte frå før, aust og sør-Britannia, det vil seia den delen av landet som låg nærast Gallia. Det er verd å merka seg at dette også var det området som var best eigna for jordbruk, som følgje av lite skog og god jordsmonn.

Rivet fortel i boka *Town and Country in Roman Britain* at den første fasen i den romerske okkupasjonen var å setja opp fort. Desse forta vart ofte oppretta rundt det som frå før var senter for lokalbefolkninga. Dei militære styrkane var i stadig bevegelse, og ved oppretting av fort følgde det også med stasjonar for handel og skatteinnkrevjing då det var lønnsamt å driva handel med hæren. Då dei militære styrkane flytta seg til andre stader vart ofte desse handelspostane verande og utvikla seg til små byar.²¹⁰ Haverfield delte dette synet og fortel at handelsmenn, kvinner og veteranar danna sentra for den romerske veremåten ved militærleirane, og med handel og kommunikasjon kunne desse sentra blomstra til byar.

²⁰⁷ Collingwood 1994, 49

²⁰⁸ Collingwood 1994, 50

²⁰⁹ Collingwood 1994, 48-49

²¹⁰ Rivet 1958, 72

Samstundes fortel Haverfield at italienske utflyttarar, ofte frå øvre sjikt av middelklassen, frivilleg busette seg i Britannia og danna små samfunn i områder der hæren ikkje var stasjonert.²¹¹

Collingwood legg fram ei tredelt inndeling av byane i romersk Britannia. I første ledd finn ein byar der det er størst romersk innflytelse, som til dømes i London, Bath, og St. Albans. I andre ledd finn ein byar som har blitt påført ein viss grad av romersk innflytelse, som til dømes Silchester, Exeter og Caerwent. Dette er byar som var senter for stammar før romarane tok over. I staden for å tvinga seg inn i desse byane, let romarane dei lokale stammene sjølve få innlemma romerske idear i det keltiske stammesystemet. I det tredje leddet finn ein små byar som ligg langs vegnettet i provinsen. Desse byane var å rekna som meir eller mindre romerske i karakter.²¹²

6.7.1 Landsbygda, og utbreiinga av Villa-kulturen

Om det er *ein* ting ein skal nemna som kan kallast særskilt romersk, meir enn noko anna i provinsen Britannia, er det gjerne villa-kulturen ein havnar på. Til tross for stor framvekst i urbane sentra vil det ikkje vera rimeleg å hevda at Britannia var på same måte som Italia eller Hellas eit landskap prega av byar. Ein kan heller ikkje seia at det var eit land prega av militære installasjonar, sjølv om også dette var framtrudande i enkelte delar av provinsen, og er i form av Hadrians mur det som i dag kjenneteiknar provinsen mest. Romersk Britannia var eit land prega av "landsbyhus", eller Villaen. For å skilja definisjonsproblem kring kva ein med rette kan kalla ein villa, definerer Mattingly villaen i Britannia som

*a rural building of Roman aspect.*²¹³

Ein er kjent med rundt 565 villaer i provinsen, og så mykje som 1500 andre potensielle villa-bebyggelsar. Villakulturen er hovudsakleg å finna aust og sør i Britannia.²¹⁴

Den oppfatning som Collingwood hevdar har vore å finna hjå tidlegare seriøse historikarar om at dei som budde i villaen var innflytta romerarar, meiner han det ikkje er hald i. Han hevdar at

²¹¹ Haverfield 1912, 8-9

²¹² Collingwood 1994, 53-56

²¹³ Mattingly 2006, 370

²¹⁴ Mattingly 2006, 370-371

villaen stort sett var heim til romaniserte innfødde som styrte over eit lokalt område. Vidare seier Collingwood at sjølv om det er manglande bevis for det i Britannia, kan ein trekkja analogislutningar frå kontinentet som gjer det sannsynleg at villasystemet i Britannia er ein romanisert versjon av eit system som eksisterte allereie før romarane inntok provinsen.²¹⁵

Sjølve arkitekturen hjå villaen vi finn i romersk Britannia var ifølgje de la Bédoyère lite sofistikert, men ofte av den høgaste standard i provinsen.²¹⁶ Sentralvarmesystemet hypokaust var vanleg å finna, tak og veggjar var fint dekorerte, og det var minst eit bad i kvar villa. Den romerske villakulturen bar preg av å vera, som hjå oss i dag, opptatt av komfort og estetikk. Villaen var som regel oppretta på strategiske plassar, med godt og langvarig lys frå sola, ly for vinden og vatn like i nærleiken. Bebruarane i desse villaane budde ifølgje Collingwood under langt betre tilhøve enn nokon av etterkomarane sine på øyriket heilt opp til det syttande århundret.²¹⁷

For det er ikkje noko som tyder på at villaen har overlevd etter at romarane trekte seg ut av Britannia. Denne måten å busetje seg på i Britannia byrja ta form rundt midten av det første århundret, og utvikla seg sakte før ei rask eskalering i utbyggjinga av villakulturen fann stad på 300-talet. Denne utbyggjinga møtte derimot ein bråstopp rundt år 375, og i følgje de la Bédoyère forsvann den romerske arkitekturen like raskt frå provinsen som den kom over 300 år tidlegare.²¹⁸

Eit blomstrande byliv og villakulturen til tross, dei aller fleste av innbyggjarane i romersk Britannia var å finna i landsbyar omkring i provinsen. Haverfield meiner samstundes at det i desse landsbyane er få spor etter romanisering. I følgje Collingwood var bebruarane i desse landsbyane nesten totalt urørte av romersk innflytelse.²¹⁹ Det ein kan finna er ei form av hypokaustarar som høgst sannsynleg vart brukt til å tørka korn, nokre teikn til veggdekorasjonar, romerske myntar og romersk keramikk. Dette siste, meiner likevel Collingwood er eit teikn på at den lokale keltiske kunsten og handverket hadde døydd ut, og romerske varer hadde tatt over.²²⁰ Collingwood meiner vidare det er viktig å ikkje overvurdera denne bruken av romerske varer, og seier at sjølv om dei innfødde tok til å læra

²¹⁵ Collingwood 1994, 80

²¹⁶ de la Bédoyère 2002, 54

²¹⁷ Collingwood 1994, 85

²¹⁸ de la Bédoyère 2002, 13

²¹⁹ Collingwood 1994, 87

²²⁰ Collingwood 1994, 88

seg å bruka romerske gjenstandar, betyr det ikkje at dei endra språk og veremåte. Han meiner at det ikkje er nokon grunn til å tru at befolkninga i desse landsbyane nytta seg av det latinske språket, og at hyttene dei budde i viser at dei er totalt sett u-romaniserte.²²¹ De la Bédoyère er samd i at det var liten grad av romaniserte bygningar i landsbyane, og at mange av desse husa var bygd av tre, og kun brannfaren gjorde at ein byrja byggja meir i stein. Likevel viser han til døme der bygningane viser likheiter med arkitekturen ein finn i til dømes Pompeii, noko som kan tyda på at for somme var arkitektidéane dei same som andre stader i imperiet.²²²

Sjølv i dei meir utanforliggjande landsbyane kan ein finna romersk innflytelse. Utgravingar ved ruinane til ein landsby ved Din Lligwy på øya Isle of Anglesey ved nord-vestkysten av Wales, som eg tidlegare har nemnd, har fått fram i lyset hundrevis av potteskår frå romersk og ”romerskpåverka” opprinnelse. Denne landsbyen som består av runde steinhytter, ligg heilt ytterst på austkysten av den romerske provinsen, langt frå det som elles er å rekna som sivilisert område. Det er ikkje funne teikn etter romersk okkupasjon eller andre teikn til romersk innflytelse på staden.²²³

6.8 Førebels samanfatning

Eg har i dette kapittelet lagt fram synspunkt på romanisering hjå fleire forskarar frå forskjellige tidsperiodar, og freista nytta teoriar frå desse forskarane i ei kort vurdering av romaniseringa i romersk Britannia.

Francis Haverfield vert gjerne rekna som far til forskinga på romaniseringsprosessane, og hadde romersk Britannia som sitt hovudfelt. Til tross av viktigheten av forskinga til Haverfield meiner eg det er rimeleg å hevda at synet han har på påverknaden frå det romerske imperiet som ei kjærleg, siviliserande kraft høyrer fortida til. I ein postkolonial tidsalder der ei av hovudsetningane i historielæra er å vurdere fortida med kritiske auge, er det ikkje lenger rom for denne tankegangen. Nyare forskning som vi finn hjå til dømes Mattingly og Woolf talar gjerne imot dei gamle idéane hjå Haverfield og Collingwood, men samstundes skal ein vera varsam med å avfeia gamle teoriar berre fordi ein har kome på noko nytt.

²²¹ Collingwood 1994, 88

²²² De la Bédoyère 2002, 60

²²³ Haverfield 1912, 39

Det kan ikkje herska tvil om at den romerske levemåten gjorde sitt inntog i dei innfødde kulturane i provinsen. I tillegg til skildringa vi finn i den litterære kjelda hjå Tacitus, er dei arkeologiske bevisa avslørande. Om det så har vore gjennomsyra hjå alle samfunnslag i heile den innfødde kulturen, er eit anna spørsmål. Som vi har sett har forskjellige forskarar ulike syn på kor vidt ein vil vurdera Britannia som romanisert. Sjølv om ein har oppdaga romerske potteskår i dei mest avsidesliggjande keltiske landsbyane, som på øya Isle of Anglesey ved nord-vestkysten av Wales,²²⁴ treng ikkje dette umiddelbart bli tolka som romaniserte landsbyar.

For sjølv om det er freistande å raskt kunne kalla dette handfaste og urokkelege bevis på ei gjennomført romanisering, må ein ikkje undervurdera sjølv dei enklaste behova hjå mennesket, som til dømes ynskjet om komfort. Vin er godt, varme i huset er behageleg, og kven ville ikkje ha foretrekt å bu i ein villa framfor i eit rundhus om dei fekk valet? Riktignok ein villa ulik det ein fann andre stader i provinsen, men ein villa gjort høveleg for britiske forhold. Det handlar om tilpassing. Samstundes kan ein minne skeptikarane til romanisering på at innlemminga av provinsen tok si tid. Med enorme øydeleggjingar, og ifølgje Mattingly gjekk fleire hundre tusen innfødde liv tapt.²²⁵ Sånt noko er ikkje gløymt over natta, og kan gjera mang ein person motvilleg til å akseptera den nye makta og det den fører med seg. Sjølv om romanisering ikkje vart gjennomført i ei hand vending, kan likevel ei romanisering ha gått sin gang i det stille.

Britannia var ein utpost, langt frå rikets varme, pulserande hovudstad, og ting tar tid. Men sjølv om det gjerne verken gjekk for seg fredelig eller raskt, eller for den slags skuld på same måte som i andre provinsar, meiner eg det like fullt vil vera rimeleg å vurdera Britannia som ein provins som i alle høve har gjennomgått ei grunnleggjande romanisering. Og med det vil eg meina ein prosess over tid der dei innfødde innbyggjarane i provinsen, frivillig eller med tvang, tar til seg og nyttar skikkar og reiskapar frå den okkuperande makta, enten dei kopierar eller gjer det til sitt eige.

Eg har i dette kapitlet freista leggje fram ulike måtar å sjå på sjølve omgrepet romanisering hjå diverse framtrekande forskarar frå forskjellige periodar. Eg har så sett på korleis dette romaniseringsomgrepet har vore nytta for å skildra romanisering i Britannia, og såleis freista

²²⁴ Haverfield 1912, 39

²²⁵ Mattingly 2006, 93

få fram korleis romerske element har vore tatt i bruk i provinsen for så å skapa ein romano-britisk kultur.

I det komande kapitlet vil eg ta for meg hovudkjelda for dette arbeidet, Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae*, for å sjå om ho kan fortelja oss noko om den romano-britiske kulturen i den sub-romerske perioden i Britannia.

7.0 GILDAS – OM ØYDELEGGJINGA AV BRITANNIA

Som sagt tidlegare er det eit sær s begrensa utval av litterære kjelder å ta av for den *sub-romerske epoken* i Britannia, perioden mellom romersk Britannia og det saksiske herredømet. Av desse står Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae* heilt i sentrum som den definitivt viktigaste kjelda. Av den grunn vil eg i dette kapitlet gå grundig gjennom kjelda for å vurderer kor vidt ho kan brukast i mi oppgåve om nedgangen av romersk Britannia, og spørsmålet om eit brot eller ein kontinuitet av den romano-britiske kulturen, og kva lærdom vi eventuelt kan dra ut av ho i denne samanhengen. Eg vil byrja med å sjå på forfattaren bak dette verket og kva vi kan vite om han. Videre vil eg ta for meg informasjonen knytta opp om sjølve verket, datering, sjanger og innhald. Deretter går vi djupare inn i det litterære materialet og ser på kva vi kan få ut av denne teksten, dette vera seg både i form som levning og beretning. Eg vil trekkja fram element eg meiner vi finn i kjelda som kan visa til brot med, eller vedvarande romano-britiske trekk i Britannia lenge etter det romerske imperiet trekte seg ut frå provinsen, og utforska det Gildas meiner er øydeleggjinga av Britannia. Det er også verdt å nemna at verket til tider også vert kalla *De Excidio et Conquesto Britanniae*, men i denne teksten vert verket omtalt som *De Excidio Britanniae* eller berre som *De Excidio*. Den engelske oversetjinga av tittelen er *On the Ruin of Britain*, noko som på norsk vil seie *Om Øydeleggjinga av Britannia*.

7.1 Kven var Gildas?

Noko om Gildas kan vi få på det reine med ein gong. Dette med historieskriving er greitt å ha på plass i bakhovudet når vi arbeider med slike kjelder. Sjølv om verket hans kan sjåast på som historie fekk vi ikkje historikar som profesjon før på 1800-talet, og vi skal i dette kapitlet sjå at Gildas var høgt engasjert både i kyrkjelege, historiske og politiske spørsmål, men han var ikkje historikar, han var ikkje politikar, han var kyrkjemann.²²⁶ Han var ein britisk prest som held til i Britannia i den sub-romerske perioden på 500-talet, og vi kjenner han frå seinare biografier, i tillegg til dette verket hans om øydeleggjinga av Britannia. Sjølv om verket til Gildas i utgangspunktet ikkje var meint som eit historisk dokument med tanke på ettertida, men heller truleg som ein kommentar til sine landsmenn i samtida, har likevel *De Excidio* høg verdi som historisk kjelde for perioden.

²²⁶ Higham 1994, 13

Om forfattaren Gildas er det ikkje mykje vi veit som sikkert, og det vesle vi kan lese om han hentar vi frå verk skrivne om livet hans lenge etter hans død, som i tillegg gjer frå seg forskjellige skildringar. Livet til Gildas har vore gjenfortalt i biografiar opp gjennom åra, vi kjenner til to av denne typen, men sjølv den tidlegaste biografien om Gildas er skriven fleire hundre år etter han levde, noko som ikkje gjer det lettare å stola på. Sjølv om det er lang tid mellom Gildas og bøkene om han skal vi samstundes hugse på at det ikkje er uvanleg at biografiar frå antikken og mellomalderen er skrivne så lenge etter personens levetid, og Gildas er ikkje nødvendigvis dårlegare dekka enn andre forfattarar frå antikken.

Den første biografien vart skriven av ein munk frå halvøya Rhuys i Bretagne, og vert kalla *Vita Gildae auctore monacho Ruiensi*, eller *The Life of Gildas, By the Monk of Ryus* medan den andre kjente biografien om Gildas er skriven av waliseren *Caradog av Llancarfan* og går under namnet *Vita Gildae auctore Caradoco Lancarbanensi*, og dermed på engelsk *The Life of Gildas, By Caradoc of Llangarfan*. I mindre strikte omgiversar vert desse gjerne omtala berre som *Vita I* og *Vita II*. Den første biografien kan stamma frå så tidleg som på 800-talet, men Hugh Williams, som arbeidde med oversetjingar av baa desse biografiane og av Gildas sitt verk, meiner delar av teksten truleg er skriven i ei langt seinare tid, heilt opp på 1000-talet.²²⁷ I denne første, og mykje lengre biografien vert vi fortalt om Gildas, fødd i området *Arechluta* (Dagens Dumbarton ved elva Clyde i Skottland, der også St. Patrick skal stamme frå²²⁸), i Britannia som son av Caunus, ein adelsmann på øyriket, og var frå barndomen bestemt på å via livet sitt til kristendomen. Historia heldt fram om ein Gildas som reiser rundt i Europa og opprettar kyrkjer og held gudstenester. Han vitja Roma og Ravenna, og omvendte hedningar i Irland og nord-Britannia, før han slår seg til ro i Rhuys, der munken som står bak biografien seinare held til.

Det andre *Vita Gildae* som vi kjenner til er skriven på eit mykje seinare tidspunkt, men det er vanskeleg å fastslå sikkert. Williams meiner denne biografien truleg er 3-400 år yngre enn biografien frå Rhuys.²²⁹ I denne historia om Gildas er han ein av dei 24 sønene til Nau, kongen av Scotia. I Denne andre biografien, som skal byggja på ein lang forfattartradisjon i Llancarfan, er tida Gildas tilbringjer i Bretagne utelate frå historia, og samstundes flettar forfattaren av dette verket inn legendekongen Arthur, noko som har gjort Gildas sitt verk til

²²⁷ Williams 1990, 8-10

²²⁸ Williams 1990, 12

²²⁹ Williams 1990, 80

eit sentralt punkt for forskarar og andre som er interesserte i historia om Kong Arthur og hans Guinevere.

Desse verka reknar ein altså med er skrivne over ein periode på 300 - 400 år, kanskje så tidleg som 800-talet og så seint som 1200-talet. Med andre ord er desse biografiane skrivne lenge etter det ein reknar som Gildas si levetid. Kva vi reknar som Gildas si levetid skal vi straks koma tilbake til. Både desse verka tar for seg livet til Gildas, men sjølv om dei tar for seg nokre av dei same hendingane er dei ikkje samstemte, noko som gjer det vanskeleg å forhalda seg til, og vår kunnskap om Gildas blir difor ikkje nemneverdig større. Vi veit ikkje eingong sikkert om dei skildrar same person bak *De Excidio*, om det er to forskjellige individ, eller om den eine, den andre eller både er rein fiksjon frå forfattaren si side. Skal vi lytte til Hugh Williams er det i følgje han ikkje mogleg å akseptera Caradog si skildring av livet til Gildas. Han meiner det i hovudsak er fiksjon frå Caradog si side, grunna manglande informasjon om Gildas på kontinentet og den lite truverdige historia om Gildas og Kong Arthur.²³⁰

I tillegg til desse biografiane vert Gildas nevnt i fleire andre historiske verk og dokument²³¹, som hjå Bede, som skriv i den tidlege delen av 700-talet, (der han vert kalla *historicus Gildus*, og omtalt som historikaren til britane)²³² og i *Annales Cambriae* (der det i ei setning vert nemnt at han reiser til Irland, og 5 år seinare døyr.)²³³, som både skriv seg frå tida før dei tidlegare nemnde biografiane. Bede brukar i tillegg mykje av Gildas sitt verk som kjelde når han sjølv skriv om perioden, noko som tilseier at Gildas sitt verk framleis var høgt ansett, også som historisk verk. I tillegg kan vektleggjinga av Gildas hjå forfattarar som Bede og Nennius fortelja oss at det gjerne ikkje var andre verk som skildra Britannia i perioden, og at *De Excidio* også på den tida stod som den einaste kjelda. At Bede arbeidar tett opp mot Gildas sitt verk kan også vera nyttig for oss sidan han arbeidde mykje nærare Gildas sin originale tekst enn dei manuskripta vi har att i dag. Men sjølv om referansar i eldre tekstar viser til sjølve eksistensen og viktigheten til Gildas, bidrar det ikkje til ei auke av kunnskapsnivået vårt om han. Vi har heller ikkje andre verk av Gildas som kan bidra til å gje oss ei betre forståing av dette verket. Det er funne fragmentar av brev ein meiner kan ha vore skrivne av Gildas, men dette kan ein ikkje bekrefte.²³⁴ Verdt å nemna er også at han har fått fleire

²³⁰ Williams 1990, 81

²³¹ Sjå Williams 1990, 105-110 for liste av referansar til Gildas i eldre tekstar.

²³² Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, Kap XXII

²³³ *Annales Cambriae* 447-954, år 565, år 570

²³⁴ Higham 1994, 7

tilnamn opp gjennom tidene, og er gjerne vel så kjent som desse. Tilnamnet *Gildas Historicus* hjå Bede, *Gildas Sapiens* hjå Caradoc og *St. Gildas* etter tida hans i Rhyus.

Men sjølv om ikkje vi har den største kjennskapen til forfattaren bak verket, har vi likevel i *De Excidio* ei kjelde som kan fortelja oss om Britannia i den sub-romerske perioden. Men også i denne samanhengen er det utfordringar.

De Excidio Britanniae er eit verk i tre delar, *the preface*, *the history* og *the epistle*, som til saman tilsvarar 110 korte kapittel. Dei to første kapitla er i *the preface*, kapittel 3 til 26 er i *the history*, og resten er i *the epistle*, den siste og største delen av verket. Tatt i betraktning størrelsen på kapitla, som varierer frå 4-5 linjer til fleire sider er verket med andre ord ikkje det største, til samanlikning med Bede sitt verk *Historia ecclesiastica gentis Anglorum*, *The Ecclesiastical History of the English People* er det eit kort verk, men det er likevel ein god del å hente ut av det. Samla sett er verket eit oppgjer frå Gildas med det han meiner er eit fortapt samfunn i Britannia, og han nyttar delar av dette verket til å forkynna til sine samtidige landsmenn. Heile teksten er skriven med ei så sterk kritisk vinkling at ein kan seie at det på det næraste osar av forakt mot menneske frå Gildas si samtid. Denne forakten er retta mot både britar og saksarar, men kjem av ulike årsaker. Saksarane fordi dei har ført stor urett mot landet hans, og britane fordi dei har vore dumme nok til å påføra denne ulukka på seg sjølve. Men verket består og av andre ting.

Den britiske historikaren N.J. Higham frå universitetet i Manchester legg i boka si *The English Conquest – Gildas and Britain in the fifth century* fram ei liste på fire punkt om hovudmåla til Gildas med å skrive *De Excidio*, og dei er som følgjer: Å leggje fram skadane påført romersk Britannia, å forklara kvifor dette hadde skjedd og kven som var skuld i desse hendingane, å retta ein kampanje mot dei som stod bak øydeleggjinga av Britannia, og å fremje synet sitt om at dersom folket i Britannia reparerte sitt forhold med Gud ville han gjera godt att all den urett som var påført provinsen. I tillegg legg han også fram eit mogleg femte mål med verket, nemleg å underhalda publikummet sitt, grunna den gode skrivestilen sin.²³⁵ Dette siste punktet stiller eg meg meir tvilsam til enn dei andre. Men vi skal sjå vidare på trekka i skrivestilen til Gildas seinare i teksten.

²³⁵ Higham 1994, 10

Første del av verket er ei forklaring frå Gildas på kvifor han skriv det han skriv, etter ein lang periode med taushet vil han

... *endeavour to say a few words about the situation of Britain ...*²³⁶

I den andre delen gjer han ei kort og upresis forteljing om historia til Britannia, frå romerane kryssa kanalen og innvaderte Britannia, fram til si eiga tid. Han tar for seg når saksarane kom til Britannia, det som blir kalla *the saxon adventus*, korleis dei kom, kor mange dei var, og korleis dei gjorde opprør mot Britane. Denne delen om historia i verket til Gildas kulminerar i at Britane samlar seg under ein *Ambrosius Aurelianus* og vinn i slag mot saksarane ved Badon Hill. Når slaget ved Badon Hill stod, veit vi ikkje. Heller ikkje kvar det fann stad kan vi med sikkerhet vite, men mange moglege stader er foreslått av forskarar opp gjennom åra. Ikkje eingong kven som deltok i slaget kan vi seie at vi veit. Gildas skriv om *Ambrosius Aurelianus*, medan *Nennius* hevdar det var *Arthur* som sigra over saksarane.²³⁷ *Annales Cambriae* legg også æra hjå *Arthur*, og sett årstalet for slaget til 516²³⁸, men truverda til desse to kjeldene kan vera oppe til diskusjon.

Den tredje delen er den klart største delen av verket, og kan i tillegg delast inn i to delar for seg sjølv. Dei to delane byrjar høveleg likt, den første med setninga:

*Britain has kings, but they are tyrants*²³⁹ og den siste delen med *Britain hath priests, but they are unwise*²⁴⁰

Denne delen av verket er kalla *the epistle*²⁴¹, og er Gildas sitt oppgjær med store skikkelsar i dei sekulære og dei kyrkjelege sfærane i Britannia. Frå kapittel 27 og utover består *De Excidio* av kritikk mot fem kongar frå Britannia, og ei mengde personar frå den kyrkjelege sfære og dommarar frå provinsen. Kongane blir nemnt med namn og uthengt som tyrannar, medan prestane og dommarane forblir anonyme.

²³⁶ Gildas *De Excidio Britanniae*, 2

²³⁷ *Nennius Historia Britonnum*, 50

²³⁸ *Annales Cambriae* 447-954, år 516

²³⁹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 27

²⁴⁰ Gildas *De Excidio Britanniae*, 66

²⁴¹ Kan oversetjast til norsk som brev, dikt eller artikkel. Frå gresk "noko tilsent"

Det vi no kort har gått gjennom er beretninga vi finn i verket til Gildas. Men det som er relevant for dette arbeidet finn ein ikkje berre ved å lese kva haldning Gildas hadde til kongane og prestane i Britannia, det finn vi ved å nytta andre aspekt av kjelda. Men det store spørsmålet vil då vera kor stor truverde *De Excidio* har som kjelde til eit romano-britisk samfunn i seinantikken.

Men først vil eg freista utforska kvar vi finn Gildas sitt verk i høve til sjanger, og i kva grad dette kan hjelpa til med vår forståing av verket. Er det eit brev, ei preike, eit historisk verk, ein kommentar til styresmaktene? Å slå fast kva sjanger vi kan plassera *De Excidio Britanniae* i er også eit ope spørsmål, og med tanke på at teksten inneheldt fleire ulike delar og diskusjonar kan det henda at vi må tileigna teksten fleire ulike sjangrar. Som nemnt skriv Gildas sjølv at hensikta hans med *De Excidio* er å seia nokre ord om situasjonen i provinsen. Dette kan tyde på at verket er ein kommentar som går på problema ein står overfor i samfunnet. Dette kan ein sjå vidare i sjølve tittelen på verket, og at Gildas kjem med kritikk retta mot leiarar i både religiøse og sekulære sfærer. Samstundes er verket delt inn i undertitlar som går mot sjangeren kommentar. *Epistle* kan som sagt tyda brev, og ein kan då spørja seg om det er denne forma Gildas hadde som hensikt å skriva og formidla som korrespondanse til ein eller fleire personar. Undertittelen *History* vil nok derimot ikkje tyda på at Gildas meinte å skriva eit historisk verk om Britannia, men at denne delen skulle byggja oppunder ei forståing av det han elles vil formidle om dei samtidige tilhøva i provinsen. Av verket kan vi lett lesa om Gildas si religiøse overbevisning og såleis kan vi oppfatte *De Excidio* som forkynning retta mot dei som ifølgje Gildas ikkje hadde tilslutta seg den same religiøse oppfatning som han sjølv. Men sjølv om dei religiøse elementa i teksten gjer verket til noko liknande ei preike oppfattar eg likevel Gildas sitt verk som ein kommentar til menneske i både dei høgare og lågare samfunnsjikka i den tidlegare provinsen. Han kommenterer dei dårlege tilhøva i provinsen, og korleis ein kan retta på desse tilhøva. Og det kan hjelpa vår forståing av verket i høvet til spørsmålet om brot eller kontinuitet av ein romano-britisk kultur i den sub-romerske provinsen Britannia.

7.2 Dateringa av *De Excidio*

Som med alle historiske dokument som gjer ei skildring av hendingar i fortida er tidsforholdet mellom hendingane som er skildra og tidsperioden skildringa er skriven i av særskilt viktig

karakter. Dette er difor så klart også gjeldande for *De Excidio*. Som sagt veit vi lite om forfattaren Gildas, og med det som følgje herskar det stor usikkerhet om kva tid han levde i, og kva tid verket vart skriven. *De Excidio Britanniae* er ikkje eit utforska område, og spørsmålet om truverde og tidsavgrensing har vore diskutert hjå fleire forskarar. Men diverre for oss som arbeider med historie var ikkje Gildas særleg oppteken av å henvisa til konkrete opplysningar som datoar eller stadnamn. Faktisk er det berre stadnamnet Badon Hill, og ein tidsreferanse til 44 år som vert nemnt i teksten. Ei allmenn oppfatning av dette verket er at det er skriven i første halvdel av 500-talet, gjerne opp rundt år 540, men det er dei som meiner at det kan stamma frå så tidleg som år 485.²⁴² Eit så stort tidssprang kan ha veldig mykje å seia for truverdet til ei kjelde som skildrar eit post-romersk britisk samfunn etter at romarane trekte seg ut i år 410. Det er fullt mogleg å argumentera for at det truleg er meir sannsyn i at ei skildring 75 år etter romarane trekte seg ut er meir treffande enn ei skildring som kan daterast 65 år seinare. Dette er på ingen måte ekstremt i høve til antikke kjelder som gjerne kan fortelje om hendingar fleire hundreår tilbake i tid, og vi kan difor spørje oss kva betydning det har om Gildas skriv om noko som skjedde for 50 år sidan eller 100 år sidan. For Gildas si beretning er ikkje denne forskjellen av høgaste viktighet, men særskild om ein nyttar verket i form av ein levning er det relevant i høve til kor tett verket ligg i høve til romersk Britannia. Vi skal no sjå på kva vi kan rekna som ei truleg tidsperiode for *De Excidio*.

Gildas skriv sjølv i *De Excidio*, som oversatt av Giles, at han vart fødd same året som slaget ved Bath-Hill (Badon Hill) 44 år etter at Saksarane hadde invadert Britannia.²⁴³ Då gjeldt det med andre ord for oss å slå fast eit årstal for dette slaget, eller året saksarane landa i Britannia. I følgje *Annales Cambriae* fann som sagt dette slaget stad i år 516²⁴⁴, noko som også vil seia at det er fødselsåret for Gildas, og at saksarane landa i Britannia i år 472. Same dokumentet skriv at Gildas døydd i år 570²⁴⁵, altså i ein alder av 54 år, noko som truleg er over den gjennomsnittlege levealderen i perioden i følgje Michael Jones.²⁴⁶ Dersom ein tar med i betraktninga at det tok ei tid før Gildas hadde opparbeidd seg naudsynt livserfaring for å kunna skriven eit slikt verk, utdanninga som krevast for å kunna behandla eit slikt språk, og

²⁴² Jones 1996, 44-45

²⁴³ Gildas *De Excidio Britanniae*,. 26

²⁴⁴ *Annales Cambriae* 447-954, år 516

²⁴⁵ *Annales Cambriae* 447-954, år 570

²⁴⁶ Jones 1996, 26

ikkje minst det faktum at han hadde ein 10 års-periode med stillhet, som han seier det sjølv,²⁴⁷ kan vi gjerne tenkje oss at det har tatt si tid før verket hans stod ferdig.

For oss er det å læra oss det latinske språket ei stor hending, og noko vi brukar lang tid ut i vårt vaksne liv for å beherska. Men for Gildas kan vi truleg rekne med at han allereie som barn byrja på utdanninga si. I boka *The world of Bede* skriv Peter Hunter Blair at under romersk styre i provinsen ville utdanninga i grammatikk tatt til når barnet var sju år gamal. Men han skriv også vidare at sjølv om kjennskap til det latinske språket heldt fram, var det ikkje lenger nokon form for romersk skulegang under det saksiske styret i Britannia. Andre delar av det romerske imperiet, til dømes nord-Afrika, hadde framleis klassiske studiar fram til 698, men for den vestlege delen av Europa meiner Hunter Blair det er usikkert kor tilgjengeleg utdanning var.²⁴⁸ Og dersom vi reknar det vanskeleg for Gildas å oppnå det nivået av utdanning i Britannia og at han reiste til kontinentet for å få det, slått saman med 10 år med stillhet og det eg kallar naudsynt livserfaring, meiner eg det ikkje er truleg at han har skriva verket før fyllte 25-30 år, noko som vil føre oss opp rundt år 540-45. Det kan då vera rimeleg å hevda at verket er skriva mellom 540 og Gildas sitt siste leveår 570.

The Anglo-Saxon Chronicle sett derimot år 449 som første gong saksarane kom til Britannia, på oppfordring frå Britane sjølve.²⁴⁹ Reknar vi 44 år derifrå vil Gildas sitt fødselsår ha vore år 493, 23 år tidlegare enn i det førre dømet. Vi tar med same resonnering om utdanning og erfaring, og Gildas sitt verk vil difor ikkje ha vore skriva før rundt år 520. Og dersom ein i tillegg reknar ei gjennomsnittleg levealder mellom 30-40 år for den anglo-saksiske befolkinga på 500-talet, slik historikaren Michael E. Jones meiner²⁵⁰, kan vi dermed teorisera at *De Excidio* må ha blitt skriva ein stad på 520-30-talet? Her er det viktig å merkja seg at det er problem knytta til å gå ut i frå ein gjennomsnittleg levealder. Sjølv om det gjerne kan gje oss ei oversikt over delar av befolkinga vil menneske alltid vera forskjellige, og Gildas kan like gjerne ha levd til han var 70. Faktorar som spedbarnsdødelighet og sosial status spelar og inn, og gjer det veldig vanskeleg å stole på. Eg vel likevel å inkludera temaet gjennomsnittleg levealder her, grunna drøftinga av moglege løysningar på eit dateringsspørsmål, med forbehold om at det langt i frå er uproblematisk.

²⁴⁷ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1

²⁴⁸ Hunter Blair 1990, 237-239

²⁴⁹ *The Anglo-Saxon Chronicle*, år 449

²⁵⁰ Jones 1996, 26

Gildas skildar sjølv korleis britane søkte hjelp frå saksarane, men kjem ikkje med noko årstal.

*Then all the councillors, together with that proud tyrant Gurthrigern [Vortigern], the British king, were so blinded, that, as a protection to their country, they sealed its doom by inviting in among them (like wolves into the sheep-fold), the fierce and impious Saxons, a race hateful both to God and men, to repel the invasions of the northern nations.*²⁵¹

Men kva reknar ein eigentleg som ”landing of the saxons”? Den gongen dei ankom Britannia, då dei var leigde inn som soldatar for å beskytta landet mot pikterene? Ein av dei fleire gongane seinare då stadig fleire saksiske skip med soldatar rodde i land på den Britiske øya? I tillegg kan ein også tenkje på *Notitia Dignitatum*, dette romerske dokumentet som skildrar den administrative organiseringa i romerriket rundt år 400. I dette dokumentet blir det, som nemnt tidlegare, namngitt eit område på sør-austkysten av Britannia som *Litus Saxonicum, The Saxon Shore*.²⁵² Det tilseier ein av to ting: Dette området var bebudd av saksarar henta inn frå Germania av romerane som soldatar, eller det var eit område utsett for plyndringar og andre visittar frå naboane på kontinentet. I så fall har saksisk involvering funne stad i Britannia langt tidlegare enn rundt år 450 og kan hende det vil ha betydning for ei tidsgjeving av Gildas si vurdering av landinga av saksarane, og at både han sjølv og verket hans høyrer til i ein tidlegare periode enn til dømes *Annales Cambriae* skulle tilseie?

Men det er slik når ein arbeider med antikke tekstar på gamle språk at det blir store rom for tolkingar i omsetjinga. Omsetjinga frå Giles der Gildas vart fødd 44 år etter saksarane kom er berre ei av fleire omsetjingar av *De Excidio*, og andre omsetjarar vil gjerne tolke delar av teksten på andre måtar. Ikkje minst kan tida ein har omsatt verket på, vera av stor betydning. Det er mellom anna 87 år mellom omsetjingane til Giles og Winterbottom. I omsetjinga frå Michael Winterbottom er denne setninga frå kapittel 26 omsatt på ein annan måte enn hjå Giles.

ex eo tempore nunc ciues, nunc hostes, uincebant, ut in ista gente experietur dominus solito more praesentem israelem, utrum diligit eum an non: usque ad annum obsessionis badonici montis, nouissimaeque ferme de furciferis non minimae stragis,

²⁵¹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 23

²⁵² *Notitia Dignitatum in partibus occidentis* XXVIII

*quique quadragesimus quartus (ut noui) orditur annus mense iam uno emenso, qui et meae natiuitatis est.*²⁵³

*After this, sometimes our countrymen, sometimes the enemy, won the field, to the end that our lord might this land try his accustomed manner these his Isrealites, whether they loved him or not, until the year of the siege of Bath-Hill, when took place also the last almost, though not the least slaughter of our cruel foes, which was (as I am sure) forty-four years and one month after the landing of the saxons, and also the time of my own nativity.*²⁵⁴

*From that time now the citizens, now the enemy, were victorious as in that people the lord could make trial (as is his custom) of his latter-day Israel to see whether it loves him or not. This lasted right up until the year of the siege of Mount Badon (obsessionis Badonici montis) and almost the most recent slaughter of convicts, and certainly not the least. That was the year of my birth; as I know, one month of the forty-fourth year since then hs already passed.*²⁵⁵

I Winterbottom si omsetjing av verket til Gildas får vi ei anna forståing enn i omsetjinga til Giles, nemleg at Gildas skriv verket i det 44. året etter slaget ved Badon Hill, noko som gjev teksten ei heilt anna meining, og ei anna datering av verket til Gildas. Dersom ein legg denne omsetjinga frå Winterbottom til grunn for fastsetjing av eit årstal for *De Excidio* er det ikkje lenger behov for å freista koma fram til alderen Gildas var i då han skreiv, det vil då seia 44 år gamal, men utfordringa blir då å fastsetja eit årstal for slaget ved Badon Hill, året då han vart fødd. Og dersom ein også her reknar 516 som årstalet for slaget ved Badon Hill vil det tyda at *De Excidio* vart skriven i år 560. Denne tidslina kan passa med informasjonen om Gildas i *Annales Cambriae*.

Nennius på si side skriv i *Historia Brittonum*, som ein reknar stammar frå rundt midten av 800-talet, at

²⁵³ Gildas *De Excidio Britanniae*, 26

²⁵⁴ Gildas *De Excidio Britanniae*, 26 - Giles

²⁵⁵ Gildas *De Excidio Britanniae*, 26 - Winterbottom

*Vortigern reigned in Britain when Theodosius and Valentinian were consuls, and in the fourth year of his reign the Saxons came to Britain, in the consulship of Feliz and Taurus, in the four hundredth year from the incarnation of our Lord Jesus Christ.*²⁵⁶

Det vil seia i år 428. 44 år etter dette og dei allereie nemnde faktorane om utarbeiding av ein slik tekst kan leggje Gildas sin tekst til dei første 10-15 åra av 500-talet.

I følgje Gildas sjølv hadde han som sagt ein periode på 10 år med sjølvpålagt stillhet. Dette gjer det endå litt vanskelegare å slå fast kva tid verket vart skrive i. Skreiv han verket etter 10 år med stillhet, eller venta han 10 år med å gje ut verket etter å ha skrive det? Ein annan ting som spelar inn på tidsperioden vi skal leggje Gildas i, er språket han nyttar. I følgje Michael E. Jones som eg nemnde tidlegare er språket Gildas nyttar av ein slik kvalitet som tilseier at han truleg har gått i grammatisk lære på slutten av firehundretalet, og at teksten dermed er skriven på byrjinga av 500-talet.²⁵⁷ Men dette meiner eg sjølv blir å spekulera litt mykje, og min eigen spekulering går då mot at det i ein sideliggjande provins som Britannia, som har vore utan romersk styre i rundt 100 år gjerne ligg litt etter den grammatiske stilføringa som gjerne vil utvikla seg raskare andre stader i Europa. John Moorhead, historieprofessor ved University of Queensland, skriv i boka si *The Roman Empire Divided* at medan det latinske språket held fram som eit viktig språk i provinsar som Spania og Gallia, stod det langt verre til i Britannia. Han hevdar at med saksarane vart raskt det germanske språket vi kan kalla *Old English* det dominerande språket på øya.²⁵⁸

Med så mykje forskjellig informasjon, og ikkje minst måtar å tolka informasjonen på kan ein no sjå kor sær utfordrande det er å plassera denne teksten i ein tidsperiode. Den eine teorien kan ekskludera den andre og med nesten 60 år i forskjell på årstala kan det då ha stor potensiell betydning for verdien til kjelda? Men dersom vi no tar utgangspunkt i den generelt mest aksepterte dateringa av *De Excidio*, nemleg at ho vart skriven i første del av 500-talet, nærare bestemt rundt år 540, som David Dumville ved universitetet i Cambridge seier i artikkelen sin *Gildas and Maelgwn: Problems of Dating*,²⁵⁹ og som eg sjølv ser som

²⁵⁶ Nennius *Historia Brittonum*, §66

²⁵⁷ Jones 1996, 46

²⁵⁸ Moorhead 2001, 106

²⁵⁹ Dumville 1984, 51

truverdig,²⁶⁰ altså rundt 140 år etter at romarane reiste frå Britannia, kva kan det fortelja oss om tilhøva i nedgangen av romersk Britannia så mange år etter det vart slutt med romersk styre? Sjølv om ikkje Gildas var i live, og vert rekna som augevitne til desse hendingane, ligg perioden for arbeidet hans så tett opp mot den aktuelle perioden at kjennskapen hans til røynda berre litt over 100 år før hans tid likevel kan vurderast som truverdig. Truleg har han dratt stor nytte av ein munnleg historiekultur, han har stor kjennskap til bibelen, men også andre skriftlege historiske kjelder kan ha vore tilgjengeleg for Gildas. Arbeidet hans byggjer etter hans eigne ord på tekstar frå utanlandske forfattarar, og ikkje historiske verk frå sine eigne landsmenn då desse har blitt brent, eller frakta frå landet, dersom desse i det heile tatt har eksistert.²⁶¹ Han tar altså i bruk eldre kjelder frå kontinentet, truleg dei store romerske verka, for å gje si eiga historie om Britannia. Mellom anna kan ein sjå korleis han refererer til at Honorius gav opp Britannia i 410.²⁶² Men når han skriv om tilhøva i seinantikken, då romarane ikkje lenger har noko investert i Britannia, kan han ikkje lenger basera seg på slike tekstar.

Kunnskapen om desse vel 140 åra frå romersk styre og fram til hans eiga tid må han likevel ha opparbeidd seg ein stad. Det vil vel då vera truleg at sidan han ikkje er sikker på om det fins nedskriven historie frå hans eigne landsmenn, har han dratt nytte av ein munnleg historietradisjon. Sjølv om han ikkje har vore augevitne til handlingane han skildrar, har gjerne dei han blir fortalt historia av vore det, eller kanskje også det går i fleire ledd, langt tilbake i tid. Jo fleire ledd ei historie går innom i ein munnleg forteljartradisjon, kan ein argumentera for at historia vert mindre truverdig for kvar gong. Likevel er det ikkje usannsynleg at historia Gildas gjev oss kan ha hald i røynda, til tross for mangel på skriftlege kjelder. Dersom vi reknar vel 130 år frå kjelda og hendingane som vert skildra, snakkar vi ikkje om meir enn tre generasjonar, og i så fall vil gjerne ikkje det reknast som øydeleggjande for truverda i denne tradisjonen. I alle høve har *De Excidio* stor viktighet for oss som kjelde, for som vi skal sjå er det ikkje berre det han skriv som gjev oss den viktige informasjonen vi er ute etter, men også det at han skriv noko i det heile tatt.

²⁶⁰ Sjølv etter å ha gått gjennom fleire moglege løysingar er det enno ikkje mogleg å slå fast heilt sikkert kva perioden ein kan tilegna dokumentet. Til tross for eit særst stort tidsrom kan vi seie at det i alle høve truleg er skrive ein stad mellom år 500 og år 570.

²⁶¹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 4

²⁶² Gildas *De Excidio Britanniae*, 18

Det er viktig å ha i tankane at sjølv om Gildas truleg ikkje skreiv *De Excidio* som eit historisk dokument med tanke på ettertida, men snarare heller som eit dokument han ville overlevere til sine medmenneske i samtida, er ikkje det noko som gjev kjelda mindre verdi for vår del. Men kva er det då med denne kjelda som kan hjelpa oss å forstå noko om brot kontra kontinuitet i av den romano-britiske kulturen i det sub-romerske Britannia?

7.3 Bruken av *De Excidio* – Framhaldet av ein romano-britisk kultur?

Eg vil her dra fram fleire punkt som eg meiner kan nyttast til å indikera noko om dei tilhøva. Først og fremst ser vi på kva Gildas skriv, beretninga hans. Kva får vi ut av det Gildas skriv? Verket til Gildas er prega av ei sterk anti-saksisk kjensle, så vel som ei sterk anti-britisk kjensle også av årsaker eg nemnde kort eit par sider tilbake, det at britane i stor grad sjølv er skuld i eiga ulukke. Sjølv om Gildas hevdar stor misnøye med bae partar, er det viktig å ikkje setja kritikken hans av saksarar og britar i same bås. Sjølv om han held britane delvis ansvarlege for øydeleggjinga av Britannia, først ved å driva romarane ut av provinsen²⁶³, deretter ved å invitera den verkelege fienden inn

(...) *like wolwes into the sheep-fold* (...) ²⁶⁴,

var det verkelege raseriet hans retta mot saksarane, ein rase han skildrar som hatefull både mot menneska og Gud, som han berre nemnar med namn ein gong i teksten.²⁶⁵ For å skildra saksarane seinare i verket nyttar han lite flatterande samanlikningar med dyr, eller bibelske referansar.²⁶⁶

Gildas har også ein sterk peikepinn retta mot det sekulære, så vel som det religiøse i samfunnet. Kva er det då som står att som noko verdt å halda fast i hjå Gildas, forutan hans særdeles sterke tru på Gud? Det vesle som står att, men som framleis har godt i seg, i mine auge: det romerske. Tittelen "*Om Øydeleggjinga av Britannia*" seier jo veldig mykje, og allereie i første kapittelet skildrar han eit Britannia som står til nedfall:

²⁶³ Gildas *De Excidio Britanniae*, 13

²⁶⁴ Gildas *De Excidio Britanniae*, 23

²⁶⁵ Gildas *De Excidio Britanniae*, 23

²⁶⁶ Sjø Higham 1994, 53 for ei liste av ord brukt for å skildre saksarane.

In hac epistola quicquid deflendo potius quam declamando, uili licet stilo, tamen benigno, fuero prosecutus, ne quis me affectu cunctos spernentis omnibusue melioris, quippe uui commune bonorum dispendium malorumque cumulum lacrimosis querelis defleam, sed condolentis patriae incommoditatibus miserisque eius ac remediis condelectantis edicturum putet, quia non tam fortissimorum militum enuntiare trucidis belli pericula mihi statutum est quam desidiosorum, silui, fateor, cum immenso cordis dolore, ut mihi renum scrutator testis est dominus, spatio bilustri temporis uel eo amplius praetereuntis, imperitia sic ut et nunc una cum uilibus me meritis inhibentibus ne qualemcumque admonitiunculam scriberem.²⁶⁷

Whatever my attempt shall be in this epistle, made more in tears than in denunciation, in poor style, I allow, but with good intent, let no man regard me as if about to speak under the influence of contempt for men in general, or with an idea of superiority to all, because I weep the general decay of good, and the heaping up of evils, with tearful complaint. On the contrary, let him think of me as a man that will speak out of a feeling of condolence with my country's losses and its miseries, and sharing in the joy of remedies. It is not so much my purpose to narrate the dangers of savage warfare incurred by brave soldiers, as to tell of the dangers caused by indolent men. I have kept silence, I confess, with infinite sorrow of heart, as the Lord, the searcher of the reins, is my witness, for the past ten years or even longer; I was prevented by a sense of inexperience, a feeling I have even now, as well as of mean merit from writing a small admonitory work of any kind.²⁶⁸

Whatever in this my epistle I may write in my humble but well-meaning manner, rather by way of lamentation than for display, let no one suppose that it springs from contempt of others, or that I foolishly esteem myself as better than they; -for, alas! the subject of my complaint is the general destruction of every thing that is good, and the general growth of evil throughout the land;- but that I would condole with my country in her distress and rejoice to see her revive there from: for it is my present purpose to relate the deeds of an indolent and slothful race, rather than the exploits of those who have been valiant in the field. I have kept silence, I confess, with much mental anguish, compunction of feeling and contrition of heart, whilst I revolved all these things within

²⁶⁷ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1

²⁶⁸ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1 - Williams

*myself; and, as God the searcher of the reins is witness, for the space of even ten years or more, my inexperience, as at present also, and my unworthiness preventing me from taking upon myself the character of a censor.*²⁶⁹

Bruken av *remediis*, er eit viktig ord i denne setninga, då det hjelper å underbyggja mi oppfatning om eit romersk Britannia som noko godt i Gildas sitt sinn. *Remediis* kan omsetjast til norsk som legemiddel, hjelpemiddel, botemiddel, hjelp, og står i stil med omsetjarane sine vurderingar av å bøta på skadane i Britannia og gjera landet godt igjen. Å vita nøyaktig kva som var i tankane til Gildas, og kva kjensler han gjorde seg om emnet når han skreiv, er sjølv sagt ikkje mogleg for oss å vite. Og når vi arbeider med omsetjingar av verket hans gjer det ikkje saka enklare. Bruken av ordet *revive* er det omsetjaren J. A. Giles som står for. *Revive* kan på norsk stå for å gjenopplive, gjenoppstå, bringje attende. I ei omsetjing av Hugh Williams er dette ordet erstatta med *remedies*, eit ord vi kan omsetje med noko som kan kurere ein sjukdom eller retter på noko gale. Dette er som sagt tolkingar frå omsetjarane si side, men sjølv om desse omsetjarane har kome fram til ulike måtar å ordleggja seg på, står dei saman om meininga bak. Både freistar presentere Gildas si skildring av eit Britannia som i Gildas sitt verk søkjer tilbake til ei betre tid med den romano-britiske identitetskjensla. Denne skilnaden hjå dei to omsetjarane sett i grunn på spissen kor stor utfordringa er når vi arbeider med slike tekstar. Sjølv om gjerne både omsetjarane kan ha hald i sine tekstar, er det ingen tvil om at det er store skilnader i korleis dei tolkar den latinske teksten.

Gildas skriv om ein provins romarane har reist i frå, og som no må forsvare seg sjølv mot fiendar frå både aust og vest. Plaga av både invasjonar utanfrå og uro innad i landet, for det blir sagt at

*Britain is a land fertile in tyrants.*²⁷⁰

Grunna frykta for pikterane samlar kongane i Britannia seg og søkjer hjelp frå Roma, ikkje berre ein, men to gongar, noko som underbyggjer den sterke lenkja og ei romersk identitetskjenсле hjå det britiske folket. Kan dette seie oss noko om at forholdet mellom Britannia og Roma framleis er bra, sjølv etter at britane som eit opprørske barn kasta romarane ut. Første gongen kom jo dei romerske styrkane britane til unnsetning, og

²⁶⁹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1 - Giles

²⁷⁰ Gildas *De Excidio Britanniae*, 4

*Upon this, the Romans, moved with compassion, as far as human nature can be, at the relations of such horrors, send forward, like eagles in their flight, their unexpected bands of cavalry by land and mariners by sea, and planting their terrible swords upon the shoulders of their enemies, they mow them down like leaves which fall at the destined period (...)*²⁷¹

Det var altså ei form for medkjensle frå romarane si side som gjorde at dei kom britane til unnsetning, ikkje fordi dei var vener. Det er riktig at ei anti-britisk og anti-saksisk haldning kan føra til at ein vil foretrekkja å framheva ein tredjepart, gjerne i tillegg ein frå fordums tid, som kanskje berre lever i minner og historier. Men dette fortel oss mykje om korleis Gildas såg på dei tidlegare herskarane i provinsen. Ei slik skildring av romarane kan ikkje berre vera som ein motvekt mot barbariske saksarar eller uintelligente britar, men på det næraste ein hyllest av det ein oppfattar som noko betre enn det ein har. N. J. Higham går så langt i å fremje Gildas sin affeksjon mot romarane at han hevdar Gildas assosierar tida under romarane med tida med Jesus, og på denne måten ser på romersk styre som sanksjonert av Gud.²⁷² Og dette er veldig nærliggjande i Gildas sin tekst. I følgje han skjer dei vonde tinga mot britane som følgje av Guds vilje, og at romarane er borte, og saksarane herjar i landet er straff for britane sine handlingar.

7.4 Ei romersk identitetskjennele?

Men kva har dette å seie for vårt fokus? Forutan å gje ei skildring av korleis saksarane kom til Britannia, kva hensiktene deira var, kor mange dei var, og korleis dei bar seg åt i provinsen gjev han oss eit innblikk i tankane til ein britisk person i perioden etter ein saksisk invasjon. Eit av dei viktigaste elementa av romaniseringsprosessane som gjekk føre seg i dei romerske provinsane var

*... the process by which the inhabitants come to be, and to think of themselves as romans, ...*²⁷³

²⁷¹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 17

²⁷² Higham 1994, 15

²⁷³ Harris 1971, 147

og det er nett det vi kan skimte gjennom delar av teksten til Gildas. Det å oppfatta seg sjølv som romer, sjølv så lang tid etter at romersk styre i provinsen tok slutt, kan tyda på at det romano-britiske sit godt i hjå dei innfødde, og at det ikkje har vore noko reint brot i haldningane, men heller ein kontinuerleg nedgang i den sein-romerske tida i Britannia. Fleire element frå det livet og den kulturen den romerske staten tok med seg til provinsane dei underla seg går igjen i teksten til Gildas, og dersom vi kan rekna Gildas for å vera representativ for dei britiske innbyggjarane, både i form av haldningar og kvalitetar, er det eit klart teikn på kontinuitet over brot i denne samanhengen.

Kan det at det var mogleg for fleire ulike britiske stammar under forskjellige leiarar å koma saman for å trekkja ei felles slutning om å søkja hjelp frå dei saksiske stammane, som eg nemnte ovenfor, vitne om at det framleis var eit høgare samla styresett i den tidlegare provinsen? Til dømes ei romersk militær leiing utan soldatar? I alle høve, kan vi sjå på denne slutningskapasiteten til det samla britiske folket som ei vidareføring av romersk administrering og militær taktikk? Romerane var jo ikkje ukjende med å henta inn andre folkeslag til å sloss for dei.

Professor ved universitetet i Cambridge, Michael Lapidge har ein interessant teori kring temaet om ein vedvarane romano-britisk administrasjon. Han skriv i ein artikkel om utdanninga til Gildas at det truleg på det næraste var umogleg å finna ein *rhetor* som tok til seg studentar på 500-talet i Britannia, og at det i tillegg var vanskeleg å finna slikt på kontinentet, men at Gildas nok har gjennomgått dette i Gallia. (Ein diskusjon rundt utdanninga til Gildas kjem seinare i teksten.) Vidare hevdar Lapidge at grunnen til at Gildas har gått gjennom denne krevjande prosessen er fordi det framleis var mogleg å gjera karriere i ein politisk administrasjon i provinsen. Dermed meiner Lapidge at det framleis eksisterte ei form for romersk styresett i første delen av 500-talet i Britannia.²⁷⁴

Bruken av ordet *Cives* i teksten til Gildas kan ha stor betydning for vår forståelse av ei romano-britisk kjensle i provinsen, også etter herredømet til romerane var over. Ved fleire anledningar nyttar han ordet om sine landsmenn²⁷⁵, og eg meiner det kan ha stor betydning for korleis menneske i den sub-romerske epoken i Britannia såg på seg sjølve og sine medmenneske. Ordet *Civis* tyder borgar, og er eit klart døme på ein gjenlevande del av ein

²⁷⁴ Lapidge 1984, 49

²⁷⁵ Gildas *De Excidio Britanniae* 10; 15; 19; 20; 26

romersk kultur og mentalitet i provinsen. Bruken viser til at Gildas såg på sine egne landsmenn som del av eit romersk samfunn av borgarar. Dersom han berre ville illustrera at det var hans egne landsmenn kunne han til dømes brukt ordet *populus*, eller *plebs* som ville vist at dei var av same folkeslaget, men Gildas nyttar altså ordet *Civis*, som var av stor betydning for romersk kultur. Eit anna uttrykk å bita seg merkje i er bruken av *lingua nostra*, vårt språk.²⁷⁶ Å kalla latin for vårt språk må på same måte ha stor betydning for korleis britiske menneske oppfatta seg sjølv.²⁷⁷

Ein annen del av ei vedvarande romersk identitetskjennele i sub-romersk Britannia vi kan lesa ut frå *De Excidio* er også knytta opp til dette med språket. Det er gjennomgåande i Gildas sin tekst at han på det næraste er fri for referansar til tid, stadar og personar. Referering til tid er ikkje sentralt akkurat her, men dei få referansane som er til stadar og personar kan fortelja oss noko om at ein framleis ville halda fast i det romerske. Nemleg at namna Gildas gjev oss er latinske namn – romerske namn. Til dømes *Badonici Montis* og *Ambrosius Aurelianus*. Dei britiske kongane han kritiserar vert også namngjevne med romerske namn, eller i alle høve romerske variantar av britiske namn. Gildas sjølv vert til og med referert til som *Gildasius* i den første *Vita Gildae*.²⁷⁸ Årsaka til dei romerske namna er etter mi meining ein av to moglegheiter. Enten er det reelt at innfødde britar i det sub-romerske Britannia tok seg romerske namn, noko som vil tyda på at den romerske identitetskjennele framleis satt godt inne hjå britane, og at det romerske framleis vart sett på som noko positivt. Det andre alternativet er at Gildas har hatt ein trong til å latinisera dei britiske namna for teksten sin del, og for sin eigen agenda og oppfatning om det romerske som noko positivt i Britannia. Dersom det er tilfelle vil vi i så fall ikkje kunne trekkja fram den romerske identitetskjennele frå dette dømet.

Sjølv om den romano-britiske kjensla kanskje framleis var verande hjå det britiske folket, kan ein ikkje sei det same for alle delar av den romano-britiske kulturen.

And yet neither to this day are the cities of our country inhabited as before, but being forsaken and overthrown, still lie desolate; our foreign wars having ceased, but our civil troubles still remaining. For as well the remembrance of such a terrible

²⁷⁶ Gildas *De Excidio Britanniae* 23

²⁷⁷ Lapidge 1984, 34

²⁷⁸ *Vita Gildae auctore monacho Ruiensi*. I *Two lives of Gildas*. Williams 1990, 17

desolation of the island, as also of the unexpected recovery of the same, remained in the minds of those who were eyewitnesses of the wonderful events of both (...) ²⁷⁹

På tida Gildas skriv er det altså ikkje lenger krig med saksarane, og tidene er faktisk i ferd med å snu seg mot det betre igjen. Til det som var før, nemleg eit romano-britisk levesett. Men i perioden Gildas skildrar står Britannia overfor problem i samfunnet, og bylivet i Britannia er heller ikkje lenger som før, men ligg aude att. I motsetnad til ei vedvarande romano-britisk haldning vitnar dette derimot om at det har skjedd eit brot i den romano-britiske urbane kulturen. Kanskje som følge av saksisk invasjon og øydeleggjing, og dei britiske innfødde følte seg tryggare mot dei nye fiendane i andre delar av provinsen. Eller kanskje er det som følge av at dei tidlegare herskarane reiste frå provinsen, og bylivet i Britannia ikkje lenger var ein attraktiv stad å opphalda seg på når det ikkje lenger var eit samfunn under den romerske byadministrasjonen. Måten Gildas ordlegg seg på vitnar om at dei samfunnsmessige problema ein stod overfor har vore gjeldande i ei viss tid, og at den urbane delen av provinsen har stått tom lenge.

I forskingslitteraturen er ein delte i oppfatningane angående den saksiske påverknaden på byane i det sub-romerske Britannia. N. J. Higham utelukka ikkje at Gildas har lagt i overkant stor vekt på at dei romano-britiske byane vart øydelagde av saksarane, for å fremja sitt ynskje om å trekkja parallellar mot Jerusalem og babyloniarane.²⁸⁰ David Mattingly, professor i Romersk Arkeologi ved University of Leicester, hevdar at allereie på slutten av 200-talet var bylivet i romersk Britannia eit feilslått prosjekt, men at livet i byane held fram, men på ein annan og sterkt redusert måte.²⁸¹

7.5 Religion

Ein annan del av verket som vitnar om framleis stor innflytelse frå det romano-britiske samfunnet er det emnet mesteparten av teksten dreier seg om: Religion. Av alle elementa i romaniseringsprosessane Britannia gjekk gjennom under romersk styre som til dømes, arkitektur, økonomi, kunst, språk, står religion igjen som kanskje det mest gjennomførte elementet av alle. Britannia var i den tidlege perioden av romersk styre godt utstyrt med

²⁷⁹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 26

²⁸⁰ Higham 1994, 83-84

²⁸¹ Mattingly 2006, 325; 343

tempel retta mot forskjellige gudar og kultar, og i den seinare perioden, etter at den ”britiske keisaren” Konstantin godkjente kristendom som religion i imperiet rundt år 330, vart også i Britannia religionen tatt til seg. Men den gamle måten å praktisera på eksisterte framleis. Gildas representerar klart og tydeleg ein person av særskilt høg kristen bevissthet, og skil seg gjerne i så måte litt frå gjennomsnittet blant sine landsmenn. Han skildrar mellom anna Britannia som eit land med eit stort antal heidenske artfaktar, sjølv om dette gjerne er gjenverande ruiner frå tida før kristinga av imperiet.

*... nor shall I enumerate those diabolical idols of my country, which almost surpassed in number those of Egypt, and of which we still see some mouldering away within or without the deserted temples, with stiff and deformed features as was customary.*²⁸²

Når vi no i dag, halvtanna årtusen seinare lever i ei verd der den kristne religionen har så høg status som den har, er det lett å ikkje leggja nokon som helst vekt på at kristendomen var stor også i den sub-romerske tida i Britannia. Kristendomen har jo alltid vore der, ikkje sant? Men eg meiner ein ikkje skal undervurdera posisjonen kristendomen står i i Britannia i perioden Gildas skriv. Britane har vore utsette for dårleg tilhøve og har vore under gjentatte fiendtlege angrep på provinsen, og som Gildas skriv har element frå eit romanisert Britannia forsvunne ut av dagleglivet, men ikkje alt. Det er lett å argumentera for at det i vanskelege tider er lettare for folk å finna stønad og håp i religion, og såleis lettare å halda fast i det enn andre delar av ein kultur. Men samstundes kan ein snu på det og sjå det slik at sidan ein i vanskelege tider velgjer å halde fast i denne delen av ein romersk livsstil betyr det ekstra mykje å halda fram med det. Spørsmålet vi då kan stilla er om dette er fordi dei innfødde i Britannia framleis vil halda seg inne med det romerske eller om det kan vera andre årsaker bak? Sjølv om eg ser det som eit viktig element av ein romaniseringsprosess i provinsane, vil det vera viktig for oss å skilje mellom kristendomen som religion og som eit romersk kulturelement, og korleis ein forestillar seg at dei innfødde såg på det. Dette til tross vil eg hevda at kristendomen i Britannia framleis stod att som eit døma på eit kontinuerleg romersk element i det sub-romerske britiske samfunnet. Uavhengig av korleis britane måtte sjå på kristendomen, om det var som eit romersk kulturelement eller som ein religion som ikkje lenger var å betrakta som ein vedvarande romersk del av dagleglivet, men som noko eiga og britisk.

²⁸² Gildas *De Excidio Britanniae*, 4

Romertida i Britannia er over, og eit av dei elementa som står sterkast att frå denne tida er religionene romarane innførte i provinsen. Ikkje berre i Britannia, sjølvsagt, men også resten av Europa har halde fast i denne religionen på eit vis. Og det vitnar om eit særst sterkt kontinuerleg mønster som har halde fram frå tida romarane herska, heilt fram i vår eiga tid, og med stort sannsyn langt inn i framtida også.

7.6 Språk

Det kanskje aller viktigaste å dra ut av denne kjelda i forbindelse med kva vi kan lære om brot eller kontinuitet av den romano-britiske kulturen er som eg nemnte litt tidlegare det at Gildas skriv noko i det heile tatt. Språket han nyttar for å fomidla denne teksten er latin. Den britiske historikaren Francis Haverfield, som er kjent for sitt arbeid med romanisering i Britannia, såg, som vi tidlegare har vore inne på, på bruken av det latinske språket som eit av dei viktigaste elementa i ein vellukka romaniseringsprosess i provinsen.²⁸³ Og i dette tilfellet er det ikkje vanskeleg å samtykke med han. Gildas skriv på latin, som ein ekte romersk borgar skulle, i ei tid lenge etter romerske borgar hadde tatt med seg både sine pennar og pergament frå provinsen. Språket til Gildas tyder på at han har hatt ei god utdanning og beherskar, som sagt tidlegare, ein grammatikk og ei språkform som vi i tid kan plassera i seinantikken. Han har truleg ikkje hatt ei klassisk latin-utdanning, men heller ei kristenorientert utdanning i språket, då det er fleire referansar til bibelske vers og passasjar og ikkje til klassisk litteratur. Higham plasserar verket til Gildas i ein seinklassisk, kristen historiekultur²⁸⁴, og måten sjølve verket hans er lagt opp på kan sjåast på som ein tekst inspirert av brev frå bibelen, mellom anna hjå Paulus.²⁸⁵ Her kan det også vera viktig å skyta inn at det med i betraktinga vår må vera at det gjerne ikkje var rare alternativet til latin, og at latin i aller høgaste grad var språket til kyrkja. På den tida så vel som det har vore i Europa i fleire hundre år etter. Peter Hunter Blair nemnar som alternativ til latin inskripsjonar skrivne med det irske alfabetet ved romerske festningar i den seinare romerske perioden i provinsen.²⁸⁶

Det er fullt mogleg å argumentera mot at kvaliteten på verket til Gildas når dei heilt store litterære høgden. Ein kan gjerne seie at det er ein skrivestil med pompøs og oppblåst

²⁸³ Haverfield 1912, 22-24

²⁸⁴ Higham 1994, 7

²⁸⁵ Higham 1994, 9 – Sjå også Higham 1994, 36 for henvisningar til bibelske tekstar ein finn parallellar til i *De Excidio*.

²⁸⁶ Hunter Blair 1990, 18

retorikk.²⁸⁷ Setningar som berre går og går, og setningar så fulle av innfløyte samanlikningar og allegoriar at ein må lesa det gjentatte gonger for å få med seg meininga. Det er langt frå dei retoriske mestarane frå storhetstida til romerske historikarar. Samstundes er det dei som ser på språket til Gildas som heilt i toppen av den litterære verda i 500-talets Europa.²⁸⁸

Har han gått gjennom denne utdanninga i Britannia er det eit klart bevis på korleis bruken av latin som element i den romano-britiske kulturen har overlevd og halde fram i 100 år etter romersk styre, og at denne delen av kulturen ikkje har vore utsatt for eit brot, men truleg heller ein kontinuerleg nedgang. Mangelen på andre dokument eller inskripsjonar på latin frå perioden indikerar sterkt at ein ikkje lenger var på same nivå som før, men takka vera dette verket veit vi at det framleis var ein del av det britiske livet. Det er sjølv sagt ikkje sikkert at Gildas fekk utdanninga si i Britannia, det er vel snarare meir sannsynleg at han har tatt utdanninga si ein annan stad i Europa. I første biografien om Gildas vert vi som sagt fortalt at han tilbrakte tid i Italia²⁸⁹, og i den andre biografien om Gildas blir vi fortalt at han reiste til Gallia i sju år for å studera, og vende tilbake til Britannia med mange bøker.²⁹⁰ Og dersom noko av dette er tilfelle kan det vera ein indikasjon på at latin ikkje stod så sterkt i Britannia likevel, sjølv om dette gjerne blir i overkant spekulativt. Peter Hunter Blair skriv på si side i boka si *The World of Bede* at sjølv om bruken av latin og lærestader for dette kan ha halde fram i den vestre delen av øya, er det ingen spor som tyder på at det på den austre sida av Britannia framleis var romano-britiske skulesystem som lærde vekk latin i den anglosaksiske perioden.²⁹¹ Michael Lapidge, professor i anglo-saksisk historie, meiner samstundes at språket til Gildas bør bli rekna som eit produkt av *late latin standards* og at han antakeleg vis har fått opplæringa si hjå ein romersk *Grammaticus*.²⁹² Lapidge peikar og på at Gildas skriv i *De Excidio* om Maglocune, ein av tyrannane han kritiserar, at han har gått i lære hjå

*the most eloquent master of almost all Britain.*²⁹³

Lapidge meiner dette må vera ein *rhetor*, og ikkje ein munk, og at det er eit døme på at det framleis eksisterte ei form for utdanning i det latinske språket i provinsen.²⁹⁴

²⁸⁷ Higham 1994, 9

²⁸⁸ Higham 1994, 10-11

²⁸⁹ *Vita Gildae auctore monacho Ruiensi*. I *Two lifes of Gildas*. Williams 1990, 13

²⁹⁰ *Vita Gildae auctore Caradoco Lancarbanensi*. I *Two lifes of Gildas*. Williams 1990, 85

²⁹¹ Hunter Blair 1990, 239

²⁹² Lapidge 1984, 39

²⁹³ Gildas *De Excidio Britanniae*, 36

Men sjølv om opplæringa til Gildas skal ha gått føre seg på det europeiske fastlandet hjå personar med langt betre kjennskap til språket enn dei ein fann hjå hans landsmenn er det faktumet at han skriv i sitt eige heimland, om sitt eige heimland og til sine eigne langsmenn for vesentleg til å oversjå. Eg meiner difor at vi likevel av denne teksten kan avdekkja at det i form av språk i Britannia på denne tida framleis var overlevd ein høg grad av romano-britisk kultur.

Eg la i eit tidligare avsnitt fram spørsmålet om vi kan rekna Gildas som representativ for den britiske folkegruppa. Svaret er truleg nei. Gildas er høgt utdanna, anser seg sjølv som betre enn sine medmenneske (sjølv om han hevdar det motsatte),²⁹⁵ og dersom vi skal tru tidslinene vi diskuterte, og levetidsteorien til Jones har han lengre levetid enn gjennomsnittet, noko som vil føre han i eit øvre sjikt av britane, truleg utanfor det som er normalen. Men sjølv om kanskje Gildas sjølv stod annleis stilt overfor denne situasjonen enn den gjennomsnittlege folkegruppa, er det likevel noko som kan gjere verket til Gildas gjeldande og representativt. Nemleg publikummet hans. Teksten er meint på nokon. Kanskje dei ikkje har same kunnskapsnivå som Gildas, verken til språket eller referansane, men det vil likevel vera meiningslaust å gje ut eit dokument der han rasar mot sine samtidige landsmenn, dersom det ikkje var nokon som kunne ta til seg teksten.

Det som slår oss då er gjerne at teksten er meint for dei truleg få i provinsen som kunne beherska det latinske språket på dette nivået. Ifølgje Tacitus var det riktig nok eliten i provinsen som tok til seg dei romerske elementa²⁹⁶, men no snakkar vi om ei tid fleire hundreår seinare. Vil det ikkje vera rimeleg å hevda at ein del av kulturen som i utgangspunktet var forbeholdt eliten har spreidd seg gjennom samfunnslaga over tid? Michael Lapidge meiner det ikkje fins nokon grunn til å sjå på Gildas som ei einsleg stemme i eit samfunn som ikkje hadde same forståelse verken av latin eller problemstillinga han tar for seg i teksten sin. Samstundes seier han og at ved å tenkja i desse retningane framstiller ein eit Britannia på 500-talet med langt større romersk innflytelse enn ein tidlegare har gått ut i frå.²⁹⁷

²⁹⁴ Lapidge 1984, 50

²⁹⁵ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1

²⁹⁶ Tacitus *Agricola*, 21

²⁹⁷ Lapidge 1984, 49-50

Kan det og henda at litt av poenget med verket til Gildas var å gje det ut som eit innlegg i ein pågåande debatt angående problema ein stod ovenfor i provinsen og korleis ein best kunne behandla desse? Han seier jo i innleiinga si at han er nedbroten av tilstanden landet hans er i, men at han ser fram til at dei skal reise seg att.²⁹⁸ Det verkar jo då som om dette er eit diskutert emne. I kapittel 92 refererer han også til ein tekst som mest sannsynleg er skriven av ein av hans landsmenn.

*(...) as the decrees of the Old Testament, even as one of ours right well doth say, We do exceedingly desire that the enemies of the church should also, without any manner of truce be our adversaries.*²⁹⁹

Dette kan tyda på at det var ein pågåande debatt i tida Gildas skreiv, og at lesaren av verket truleg var klar over teksten Gildas refererer til, noko som vil seia at det var fleire tilhøyrarar til verket hans enn berre nokre få utvalde, og at ei form for forståing av både det latinske språket og den pro-romerske oppfatninga hjå Gildas framleis var å finna hjå Britane.³⁰⁰

Samstundes skal vi gjerne ikkje utelukka moglegheita for at dette snarare kan vera eit teikn på det motsette. Nemleg at det snevrar inn snarare enn at det visar at det er fleire som er kyndige i det latinske språket. Ved å referera til ein tekst av ein annen forfattar kan ein visa at det er fleire enn berre Gildas i provinsen som var kyndige i språket og kunne utgje skriftlege verk. Men samstundes kan nettopp det å referera til andre tekstar tyda på at det er behov for ein intern forståing av teksten og det er i det heile er forbeholdt ei mindre gruppe.

Måten Gildas langar ut mot sine medmenneske og leverer eit gjennomført kritisk verk av leiarar i både den sekulære og den religiøse sfære seier meir til meg enn at han berre vil få utløp for frustrasjonen sin. For meg verkar det som han vil oppfordra sine landsmenn til å ta eit oppgjær med desse elementa av samfunnet han meiner er

*... the general growth of evil throughout the land.*³⁰¹

²⁹⁸ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1

²⁹⁹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 92

³⁰⁰ Higham 1994, 9-10

³⁰¹ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1 - Giles

Dette er i så fall ei oppfordring ikkje berre til dei øvre få og utvalte, men til heile den britiske nasjonen, noko som vil tyda på at teksten er meint å bli lest, eller i alle høve opplest til skikkelsar i fleire samfunnslag, og at vi på denne måten kan tolka det som eit vedvarande element av ein nedadgåande, men ikkje broten, romano-britisk kultur.

7.7 Arven frå Gildas

For å freista plassera Gildas sitt verk om øydeleggjinga av Britannia i eit større perspektiv vil eg her dra inn arbeidet til ein forfattar som til tross for sitt geistlege fokus, kan omtalas som britane sin første verkelege historikar. I 1899 vart han, som einaste engelskmann nokonsinne, utnemnt til ”doctor of the church” av pave Leo XIII.³⁰² *The Venerable Bede*, som han blir kalla³⁰³, var munk ved eit kloster i Northumberland, der han hadde vore sidan han var ein ung gut. Bortsett frå det vesle han fortel om seg sjølv i verket, veit vi ikkje særleg om han.³⁰⁴ Bede skreiv fleire verk i løpet av si tid ved klosteret, og det mest kjente verket hans *The Ecclesiastical History of the English Nation* er det vi skal sjå nærare på i denne delen av prosjektet.

Bede sitt arbeid er eit omfattande verk om den geistlege og verdslege historia til Britannia, i fem bøker som tar for seg ein periode på rundt 780 år³⁰⁵, frå Iulius Caesar sine ekspedisjonar til Britannia, til Bede sin eigen tid. Når han skal ta for seg tidlegare periodar i Britannia si historie er det tydeleg at han drar inn verket av Gildas og baserar mykje på det. Men samstundes gjer han også endringar. Han namngjer den britiske leiaren Vortigern, tyrannen Gildas kritiserar for å ha invitert saksarane, og han namngjer også leiarane av dei invaderande saksarane, som Hengest og Horsa.³⁰⁶ I tillegg kjem han med perioden 449 som årstalet for den saksiske adventus.³⁰⁷ Når vi får datoar og namn i ein tekst som er skriven rundt 300 år etter romarane reiste frå Britannia, og rundt 200 år etter Gildas skreiv, kan vi spørja om truverda på desse punkta. Når det verken er datert eller namngjeve hjå Gildas, er det truverdig når Bede kjem med det 200 år seinare, eller kan det vera spekulering frå Bede si side? Samstundes tenkjer eg at då Gildas skreiv kom han med sterk kritikk retta mot makthavarar i hans eigen

³⁰² Higham 2006, 38

³⁰³ I denne oppgåva blir han omtalt berre som Bede.

³⁰⁴ Higham 2006, 6-7

³⁰⁵ 55 før Kristus til rundt 730

³⁰⁶ Jones 1996, 58

³⁰⁷ Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, XV

periode. Bede skriv i ei heilt anna tid, lenge etter dei som då sat med makta har gått bort, og han treng i så måte ikkje vera redd for eventuelle konsekvensar som kunne koma ved å namngje folk.

Bede er også langt betre enn Gildas til å vise til kjeldene sine, og kjem i introduksjonen sin med ein takk til ein abbed for innsamling av informasjon. Michael Jones meiner det her må vere snakk om ein anglo-latin tekst, og ikkje ein munnleg overføring av historia. Men han meiner også at sidan anglo-saksarane ikkje hadde skriftspråk på tida då dei invaderte Britannia har informasjonen vore overført munnleg før den vart nedskriven.³⁰⁸ I teksten sin tar Bede også for seg den saksiske invasjonen på ein meir detaljert måte enn Gildas gjorde.³⁰⁹ Bede sin del om historia til Britannia er som sagt sterkt basert på *De Excidio*, men det skil seg frå Gildas si historie på somme punkt. Til dømes biten vi diskuterte tidlegare om datering, og dei 44 åra som har skapa problem i omsetjingar.³¹⁰ I dei ulike omsetjingane kunne vi lesa at Gildas var fødd 44 år etter at saksarane kom til Britannia, eller at Gildas skriv verket sitt 44 år etter slaget ved Badon Hill. Bede har tolka Gildas som at slaget ved Badon Hill fann stad 44 år etter at saksarane kom.³¹¹ Då Bede truleg arbeidde med eit manuskript av verket til Gildas, som låg nærare opp mot det manuskriptet våre versjonar i dag er bygga på, kan det gje oss grunn til å basera meir truverd på Bede si historie? Vi skal no sjå på om vi kan finna element av den romano-britiske kulturen i arbeidet til Bede, som skreiv verket sitt over 300 år etter brevet frå Honorius, som fortalte at romarane trekte seg ut av provinsen.

7.7.1 Religion

Det første vi kan trekkja fram er gjerne det mest openbare. Med tittelen *The Ecclesiastical History of the English Nation* er det kristendomen som står i fokus hjå Bede. Peter Hunter Blair poengterar at hjå Bede var det kristendomen som batt alle dei ulike folkeslaga i den tidlegare provinsen saman, og dei vart sameinte om den store sanninga, nemleg Guds ord. Han meiner altså at alle folkeslaga i Britannia var kristne.³¹² I følgje Same Hunter Blair hadde Gregory den store, biskopen i Alexandria, skildra britane som eit folkeslag som inntil nyleg

³⁰⁸ Jones 1996, 58-59

³⁰⁹ Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, XV

³¹⁰ Gildas *De Excidio Britanniae*, 26

³¹¹ Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, XVI

³¹² Hunter Blair 1990, 13

hadde tilbedd stein og stokkar,³¹³ og med Pave Gregory som i 585 sendte Augustin til Britannia for å omvenda dei heidenske engelskmennene kan det tyda på at religionen som stod sterkt under Gildas si tid, har møtt motbør, for så seinare å akselerera opp mot Bede si tid.³¹⁴

For det er ting som kan tyda på at etter at saksarane kom til Britannia har religionen fått seg ein knekk i den tidlegare romerske provinsen. I følgje Hunter Blair reiste mange engelskmenn til Irland for å få ei læra om religion dei ikkje kunne få i sitt eige land.³¹⁵ Samstundes skriv Bede at det på 620-30-talet kom misjonærar frå Irland til England for å oppretta kyrkjer og forkynna, til stor entusiasme for britane.³¹⁶ Det er ein spesiell situasjon dette her. For Bede skriv at då dei germanske nykommarane landa i Britannia, var britane, som var gudfryktige gode kristne, uvillige til å læra vekk religionen sin. Men på Bede si tid er rollane snudd, og engelskmenna blir omtalt som godt instruerte i den katolske tru, medan dei britiske innfødde har mista si. Men det er uviljen hjå britane til å læra om trua på nytt som er årsaka til dette, og ikkje uviljen hjå engelskmenna.³¹⁷

Bede samtykkjer også med Gildas om at det elendet britane var utsette for var eit resultat av Guds straff mot eit folkeslag som ikkje lenger levde etter Hans vilje.³¹⁸ Mellom anna ved å ikkje læra vekk den kristne trua til engelskmenna. I tillegg fortel Bede om manglande kjennskap hjå britane til gode kristne verdiar som sanning og rettferd.³¹⁹ Dette kan også sjåast på som eit teikn på at religionen (som eg framleis ser på som eit romano-britisk kultur-element) ikkje lenger hadde same status og hald i samfunnet, og at det dermed ikkje lenger var eit vedvarande trekk i kulturen som før.

7.7.2 Språk

Det mange forskarar tidlegare har sett på som eit særskild godt døme på romanisering, og som eg sjølv har trekt fram i dette kapitlet som eit mogleg døme på eit element frå ein vedvarande romano-britisk kultur er bruken av det latinske språket. I Bede sin tekst er tilhøva litt annleis

³¹³ Hunter Blair 1990, 7

³¹⁴ Hunter Blair 1990, 8

³¹⁵ Hunter Blair 1990, 105

³¹⁶ Bede *Historia Ecclesiastica Gentes Anglorum*, Bok III, III

³¹⁷ Bede *Historia Ecclesiastica Gentes Anglorum*, Bok V, XXII

³¹⁸ Bede *Historia Ecclesiastica Gentes Anglorum*, Bok I, XIV

³¹⁹ Bede *Historia Ecclesiastica Gentes Anglorum*, Bok I, XXII

enn hjå Gildas. Bede reknar nemleg fem språk som aktuelle for bruk i Britannia i perioden han skriv. English, British, Pictish, Irish og Latin.³²⁰ Med desse fem språka alle utbreidd i den tidlegare provinsen, og sjølv om Bede seier at talarane av desse andre språka er blitt kjende med latin gjennom Bibelen, ser det ut til at det latinske språket si rolle kan ha mista grepet. Truleg er det på denne tida som eit språk nytta av kyrkja³²¹, og ikkje like utbreidd som eg ville ha det til å vera i tida då Gildas skreiv sitt verk.

Dette kan altså tyda på at både kristendomen og det latinske språket ikkje lenger har den vedvarande effekten på innbyggjarane i den tidlegare provinsen, men at i alle høve eitt av desse elementa frå den romano-britiske perioden skulle reisa seg og nå nye høgder mot Bede si tid.

7.7.3 Andre romano-britiske element

I den førre biten om Gildas tok eg opp dette med ei romano-britisk identitetskjenning, at innbyggjarane, og då særskild Gildas, viste teikn til identifisering med den romerske kulturen og ideala framfor dei britiske og dei saksiske. Hjå Bede finn vi derimot eit heilt anna syn. Hjå han er det ikkje lenger det romerske som er idealet, men ei gjennomført kjensle om engelskmennene som det verkelege folkeslaget. Men det er gjerne ikkje så rart i høve til tidsperioden han skriv i.

Men sjølv om gjerne ikkje den romano-britiske identitetskjenninga framleis var å finna hjå Bede, drog han fram andre element som vi ikkje fann hjå Gildas. I si skildring av Britannia i det første kapitlet av verket sitt, nemnar Bede to ting som raskt knyttar tankane opp mot den romano-britiske kulturen. Det er ei kontinuering av den romerske badekulturen, og referansen til vindyrking.

Det er riktignok ikkje i same form som vi kjenner det frå dei klassiske romerske offentlege badehusa, men Bede gjer likevel eit poeng ut av å nemna interessen frå bebuarane i Britannia for å nytta desse varme kjeldene. Han skriv at det vart oppretta bygningar tilknytta desse kjeldene, der både menn og kvinner i alle aldre kunne nytta eit bad. I tillegg skriv han at vatn

³²⁰ Moorhead 2001, 104. I kjelda står irsk riktignok som *redshanks*. Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, I

³²¹ Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, I. Note 1, side 16

vart frakta distansar i rør, noko som kan minna om akveduktar.³²² Dette passar dårleg med synet hjå Mattingly som skriv om den store nedgangen av badekulturen i Britannia rundt år 300.³²³ Øydelagde eller tette kloakksystem, mellom anna i York, ser ut til å støtta denne nedgangen, men også Mattingly ser at det somme stadar var eit vedvarande element lenge etter. Akvedukten i St. Albans skal ha transportert vatn inn til byen godt inn på 400-talet³²⁴. Så dette er eit klart teikn på ein kontinuitet av eit romano-britisk element. Eventuelt kan ein sjå på det, som Moorhead seier det, som ei gjenopptaking av det romano-britiske.³²⁵

I Gildas sitt verk fann vi det eg meiner kan vera dømer på at det framleis eksisterte ei form for administrativ styre av romano-britisk karakter. Peter Hunter Blair meiner at Gurthrigern³²⁶, leiaren som inviterte saksarane til Britannia³²⁷ var ein romano-britisk aristokrat, som hadde eit politisk verv som ikkje var ulikt vervet til dei tidlegare guvernørane i romersk Britannia.³²⁸

*(...) and they agreed all with their king Vurtigern to call to their aid the nations of the Saxons beyond the seas: (...)*³²⁹

Hjå Bede kan vi lesa at dette ikkje var ei slutning fatta av Vurtigern, men at dette var viljen til det britiske folket, som i så måte kan visa teikn på eit vedvarande administrativt system i den tidlegare provinsen.

Eit siste element eg meiner kan tyda på ein vedvarande romano-britisk kultur hjå Bede, nemnar han berre som i eit åndedrag. I samband med ei skildring av ressursane og naturen i Britannia nemnar han at det fins vingardar i den tidlegare provinsen. Tacitus skriv i *Agricola* at jordsmonna i provinsen var fruktbar og god for dyrking, men ikkje når det gjaldt fruktar som haldt heime i varmare strøk, oliventreet og vinranken.³³⁰ David Mattingly viser til undersøkingar som har påvist romerske vingardar i Britannia, og seier at vindyrking vart innført i provinsen tidleg i den romerske perioden, men at det aldri nådde høgdene som i

³²² Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, I.

³²³ Mattingly 2006, 338

³²⁴ Mattingly 2006, 341

³²⁵ Moorhead 2001, 105

³²⁶ Som Guthrigern eller Vortigern i Gildas, som Vurtigern i Bede.

³²⁷ Gildas *De Excidio Britanniae*, 23

³²⁸ Hunter Blair 1970, 26

³²⁹ Bede *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum*, Bok I, XIV

³³⁰ Tacitus *Agricola*, 12

mellom anna Gallia.³³¹ Men at Bede kan trekkje det fram i ei kortfatta skildring av Britannia, som noko som ikkje er oppsiktsvekkjande, seier oss av det framleis var eit vedvarande element av kulturen, og at det ikkje hadde vore utsatt for eit brot.

7.8 Førebels samanfating

Å arbeide med ei kjelde som Gildas sitt verk er ei sær utfordrande oppgåve. For det første må ein i dei aller fleste tilhøva arbeide med ei omsetjing av teksten. Og det fins gjerne fleire omsetjingar ein må ta høgde for. I tillegg skapar det litterære språket Gildas nyttar eit problem når vi skal analysere teksten. Gildas skriv på eit veldig utbrodert språk, med stadige bibelske referansar og analogiar. Det fører til at ein må lesa seg opp på litteratur rundt kjelda for å verkeleg forstå kva han prøver å fortelja oss.

Eg har i denne delen av oppgåva freista gå gjennom teksten til Gildas på mest mogleg grundig vis, for så å trekkja ut det eg meiner eg teikn på brot eller kontinuitet av den romano-britiske kulturen i Britannia i tida etter at romarane hadde reist frå provinsen. Eg meiner eg har klart å finna klare teikn i teksten på at det framleis var ein relativt høg grad av ein vedvarande romano-britisk kultur på somme områder, medan det på andre områder viste teikn på at delar av den romano-britiske kulturen hadde møtt sin ende i Britannia i denne perioden.

Eg tok så på slutten kort for meg arbeidet til Bede for å sjå om eg kunne finna nokre teikn til den romano-britiske kulturen hjå ein forfattar som hadde si levetid lenge etter Gildas. Her fann vi teikn på at somme element av den romano-britiske kulturen vi hadde sett hjå Gildas var vedvarande hjå Bede, medan somme ikkje var det. I tillegg fann vi hjå Bede element på ein vedvarande romano-britisk kultur som vi ikkje fann hjå Gildas. Og det gjer Bede spanandes og interessant for eit vidare arbeid kring dette emnet.

³³¹ Mattingly 2006, 381-382

8.0 SAMANFATNING

I innleiinga til denne oppgåva byrja eg med forfattaren Richard Herrmann si skildring av korleis det britiske samfunnet tok til seg element frå den romerske kulturen etter at provinsen var blitt erobra av dei nye herskarane, og korleis det britiske samfunnet fall tilbake til sine primitive måtar utan den romerske leiinga.³³² Og Herrmann har rett i noko. Det tok veldig lang tid for britane å få tilbake mange av dei administrative og materielle godene dei kunne nytta seg av i dei romano-britiske perioden. Men var det verkeleg slik at med romarane, forsvann også kulturen?

Målet med denne oppgåva har, som sagt gjentatte gongar gjennom dette arbeidet, vore å sjå om det framleis var element av den romano-britiske kulturen vedvarande i det britiske samfunnet også etter perioden med romersk styre. Er synet Herrmann presenterar riktig, eller er det mogleg å bevisa det motsette? Dette har eg gjennom ei analyse av Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae*, den viktigaste litterære kjelda frå perioden, freista undersøkja, og kom innleiingsvis med følgjande problemstilling: **Kva kan Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae* fortelja oss om brot eller kontinuitet av den romano-britiske kulturen i den sub-romerske perioden i Britannia?**

Vi har i denne oppgåva sett på grove trekk til provinsen Britannia, og korleis ho over mange år var utsett for stadige endringar og konflikhtar, både med indre og ytre fiendar. Som ein utpost i ytterkanten av imperiet, langt frå varmen og komforten i Roma, stod Britannia både som eit døme på kor langt den romerske armen kunne strekkja seg, og som døme på den imperialistiske politikken keisardømet stod for i høve til dei barbariske provinsane. Men romarane hadde ikkje interesse av å gje opp det romerske levesettet berre fordi ein kom til ein stad med både underlegne menneske og underlegen kultur. I staden ville dei ta sitt eige levesett med seg.

Diskusjonen om romanisering har vore ein viktig del av forskning på antikkhistorie i mange år, og som vi har sett i denne oppgåva er det mange synspunkt og teoriar kring emnet. Den tidlege tankegangen om romanisering som ein rein assimilering, der dei innfødde erstattar sin

³³² Herrmann 1991, 22

eigen kultur med den nye fordi dei ser den som overlegen, kan gjerne reknast som ein utdatert teori frå den imperialistiske tidsalder.³³³ Nyare forskning visar at det gjerne heller kan vera snakk om kulturell identitet, og ein fusjon av både den innfødde og den romerske kulturen, som skapar eit eige og særskild tilhøve i dei ulike provinsane.³³⁴ I så måte kan ein stilla spørsmål om nytteverdien ved sjølv romaniseringsomgrepet, då ideen heile tida er i endring. Videre forskning kring dette emnet er truleg naudsynt og pågåande.

Romarane ville introdusera kulturen sin til sine nye undersåttar, og innbyggjarane i provinsane tok han til seg. I så måte skil ikkje Britannia seg særleg frå andre provinsar i det romerske keisardømet. Romaniseringsprosessane romarane førte med seg på sine ekspansjonstokt i Europa gjekk sin gang i andre provinsar, så vel som i Britannia. Men det som skil seg er gjerne oppfatninga om at med romarane forsvann også den romano-britiske kulturen som hadde bygd seg opp over ein periode på 400 år. Der ein til dømes kan sjå at i Spania og Frankrike, som båe har vore tidlegare provinsar, held det latinske språket fram og utvikla seg til dei spanske og franske språka i vår tid, var ikkje det tilfelle i Britannia, dei germanske språka tok over og utvikla seg til dagens engelsk.³³⁵ Sjølv om vi i dag kan slå fast dei store skilnadane mellom det spanske, franske og engelske språket i dei tidlegare provinsane, betyr ikkje det at bruken av latin forsvann frå Britannia med ein gong romarane reiste. Gjennom å sjå på Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae*, eit arbeid skrive over 100 år etter romersk styre, har vi kunna sett spesifikt etter desse elementa som den romano-britiske kulturen bestod av, deriblant det latinske språket.

Eg har i denne oppgåva vist at sjølv om det tydeleg har vore ein nedgang i fleire av elementa frå den romano-britiske kulturen, var det framleis på 500-talet i Britannia vedvarande element som tyder på ein kontinuering av somme delar av kulturen. Men på eit spørsmål om det var eit brot, eller det framleis var kontinuitet av denne kulturen, kan ein ikkje gje noko samla svar. Somme delar av det samfunnet som var skapa i den romano-britiske perioden fekk ein solid knekk, og er ikkje lenger på nivå som før. Til dømes var det eit brot med den urbane busetnaden, og ein nedgang i materiell kultur. Samstundes er det andre delar som framleis er vedvarande, og kan visa til ein kontinuering av den romano-britiske kulturen 100 år etter romersk styre, som religionen og språket og ei romersk identitetskjennele.

³³³ Haverfield 1912, 5

³³⁴ Woolf 2000, 11

³³⁵ Moorhead 2001, 106-107

Eg ser for meg tre moglege retningar ein kan ta for å vidare utforska om det var ein vedvarande romano-britisk kultur i perioden etter romerane reiste frå provinsen gjennom studiet av Gildas sitt verk *De Excidio Britanniae*. Det første er å arbeida vidare med truverda til Gildas, og utforska meir grundig kor mykje hald kjelda har i røynda. Den andre vegen er å freista vurdere dei elementa vi fangar opp frå studiet vårt av *De Excidio Britanniae* opp mot dei arkeologiske kjeldene frå perioden og sjå om ein kan finne vidare informasjon frå det perspektivet. Det tredje alternativet eg ser føre meg vil vere å stilla Gildas sitt verk i større grad opp mot andre verk frå den sub-romerske og saksiske perioden, som verka til Nennius, Bede, St. Patrick og St. Germanus of Auxerre, og vurdere kva informasjon dei kan gje oss. Og kanskje kan dette føra til ei betre forståing av den romano-britiske kulturen i den sub-romerske perioden.


*(...) the subject of my complaint is the general destruction of every thing that is good, and the general growth of evil throughout the land (...)*³³⁶

seier Gildas, men vi har sett i denne oppgåva at sjølv om det britiske samfunnet gjekk gjennom store endringar i den sub-romerske perioden, var det framleis vedvarande element av den romano-britiske kulturen. Så kanskje Britannia ikkje var så øydelagd likevel?

³³⁶ Gildas *De Excidio Britanniae*, 1

9.0 KART OG MYNTAR


9.1 Figur 1



Kart over provinsen Britannia med inndelingar.³³⁷

³³⁷ Ireland 1996, xvii


9.2 Figur 2



Kart som skildrar endringane i det militære fokuset over tid.³³⁸

³³⁸ Mattingly 2006, 133


9.3 Figur 3



Kart som skildrar Hadrians mur og den antoninske mur.³³⁹

³³⁹ Mattingly 2006, 155


9.4 Figur 4



Inndelinga av Britannia over tid.³⁴⁰

³⁴⁰ Mattingly 2006, 229

9.5 Figur 5



Kart som skildrar Britannia med fiendar på alle kantar på 300-talet.³⁴¹

³⁴¹ Jones 1996, ii

9.6 Figur 6



Mynt frå Claudius sin triumf i Britannia³⁴²

9.7 Figur 7



Mynt frå Antoninus Pius si regjeringstid. Skildrar Britannia sitjande på muren.³⁴³

³⁴² Reece 2002, Colour plate 2

³⁴³ Reece 2002, 42

10.0 BIBLIOGRAFI

10.1 Forkortingar

Dio – Dio Cassius

RIB – Roman inscriptions in Britain

10.2 Primærkjelder

Ammianus Marcellinus i tre bind. Omsatt til engelsk av John C. Rolfe The Loeb Classical Library. University press. Aberdeen. 1950

Bede. *Historia Ecclesiastica Gentis Anglorum* i to bind. Omsatt til engelsk av J. E. King i *Bede – Historical Works*. The Loeb Classical Library. William Heinemann Ltd. London. 1954.

Caesar, Gaius Julius. *Bellum Gallicum*. Omsatt til norsk av Johan Hammond Rosbach i G. Julius Cæsar – Gallerkrigen. Aschehoug & co. Oslo. 1964.

Dio Cassius. *Dio's Roman History*. I 9 bind. The Loeb Classical Library. Omsatt til engelsk av Earnest Cary. William Heinemann Ltd. London. 1954-1955. (1914-1927)

Cicero. *Letters to Quintus*. Omsatt av D. R. Shackleton Bailey. The Loeb Classical Library. Harvard University Press. Cambridge. 2002

Eutropius. *Breviarium Ab Urbe Condita*. Bok VIII, 19,1. Omsatt til engelsk av Brian Gibbons i *A Brief History From the Founding of the City*. Lulu.com. 2008

Herodian. I to bind. Omsatt av C.R. Whitaker. The Loeb Classical Library. Harvard University Press. Cambridge. 1969

Gildas. *De Excidio Britanniae*. Omsatt til engelsk av Hugh Williams. Bedford press. London. 1899.

Gildas. *De Excidio Britanniae*. Omsatt til engelsk av J. A. Giles. Dodo press. 1848

Gildas. *De Excidio Britanniae*. Omsatt til engelsk av Michael Winterbottom. I *Gildas: The Ruin of Britain and other Documents*. Chichester. 1978

Notitia Dignitatum. Redigert av Otto Seck. Minerva. Frankfurt am Main. 1962

Roman Inscriptions of Britain. Volume I Inscriptions on Stone. by R.G. Collingwood and R.P. Wright. The Clarendon Press. Oxford. 1995

Scriptores Historiae Augustae i tre bind. Omsatt til engelsk av David Magie. The Loeb Classical Library. William Heinemann Ltd. London. 1953.

Strabo. *The Geography of Strabo*. Books I-II. Omsatt til Engelsk av Horace Leonard Jones. The Loeb Classical Library. William Heinemann Ltd. London.

Suetonius Tranquillus, Gaius. *De Vita Caesarum*. Omsatt til norsk av Henning Mørland i *Sveton – Romerske Keisere*. Aschehoug & co. Oslo. 1974

Tacitus, Cornelius. *De vita et moribus Iulii Agricolae* – Om Julius Agricolas liv og karakter. Omsatt til norsk ved Trygve Width i *Agricola og Germania*. Aschehoug & Co. Oslo. 1997. (1968)

Tacitus, Cornelius. *Historiebøger*. Omsatt til dansk av O. A. Hovgård i *Den Ældre Romerske Kejsertid efter Cornelius Tacitus's Argbøger og Historiebøger*. Karl Schønbergs forlag. København. 1889.

Tacitus, Cornelius. *Årbøkene*. Omsatt til norsk ved Henning Mørland. Aschehoug. Oslo. 1988.

The Anglo-Saxon Chronicle. Omsatt til engelsk av James Ingram, J.M. Dent and Sons Ltd. London. 1912.

Vita Gildae Auctore Monacho Ruiensi. Omsatt til engelsk av Hugh Williams i *Two lives of Gildas*. Llanerch Enterprises. Felinfach.1990.

Vita Gildae Auctore Caradoco Lancarbanensi. Omsatt til engelsk av Hugh Williams i *Two lives of Gildas*. Llanerch Enterprises. Felinfach.1990.

Zosimus. *New History*. Omsatt til engelsk av Ronald T. Ridley i *Zosimus – New History*. Australian Association for Byzantine Studies. Canberra. 1982

Annales Cambriae. <http://www.fordham.edu/halsall/source/annalescambriae.html>. vitja seinast 13. mai 2009.

10.3 Sekundærlitteratur

Collingwood, R. G. 1994. *Roman Britain*. Barnes & Noble. New York (1923)

De La Bédoyère, Guy. 2002. *Architecture in Roman Britain*. Shire Publications Ltd. Buckinghamshire.

De La Bédoyère, Guy. 2007. *Gods With Thunderbolts – Religion in Roman Britain*. Tempus Publishing Ltd. Gloucestershire.

De La Bédoyère, Guy. 2006. *Roman Britain – A New History*. Thames and Hudson Ltd. London

Dumville, David. 1984. *Gildas and Maelgwm: Problems of Dating*. I *Gildas: New Approaches*. Edited by Michael Lapidge and David Dumville. The Boydell Press. New Hampshire.

Esmonde Cleary, A. S. 2000. *The Ending of Roman Britain*. Routledge. New York. (1989)

Faulkner, Neil. 2000. *The Decline and Fall of Roman Britain*. Tempus Publishing Ltd. Gloucestershire.

Gibbon, Edward. 2003. *The Decline and Fall of the Roman Empire*. Random House Inc. Toronto. (1776-1789)

Harris, W. V. 1971. *Rome in Etruria and Umbria*. Clarendon Press. Oxford.

Haverfield, Francis 1912. *The Romanization of Roman Britain*. Indypublish.com. Boston

Henig, Martin. 2004. *Roman Religion and Roman Culture. I A Companion to Roman Britain*. Edited by Malcolm Todd. Blackwell. Oxford.

Herrmann, Richard. 1991. *Mine Gleders By – London Gjennom 2000 år*. Cappelen's Forlag. Oslo (1983)

Higham, N. J. 2006. *(Re-) Reading Bede – The Ecclesiastical History in Context*. Routledge. New York

Higham, N. J. 1994. *The English Conquest – Gildas and Britain in the Fifth Century*. Manchester University Press. Manchester.

Hunter Blair, Peter. 1970. *The World of Bede*. University Press. Cambridge.

Ireland, S. 1996. *Roman Britain A Sourcebook*. Routledge. New York (1986)

Jones, Michael E. 1996. *The End of Roman Britain*. Cornell University Press. New York.

Lagaard, Andreas. 2008. *Roman era Carthage and Lepcis Magna – a comparative study of the Romanization and the Libyphoenician survival of the two leading cities of Africa Proconsularis*. Historisk Institutt, Universitetet i Oslo.

Lapidge, Michael. 1984. *Gildas's Education and the Latin Culture of Sub-Roman Britain*. I Gildas: New Approaches. Edited by Michael Lapidge and David Dumville. The Boydell Press. New Hampshire.

Madsen, Jesper M. 2006. *The Romanization of the Greek elite in Achaia, Asia and Bithynia: Greek Resistance or Regional Discrepancies?* University of Aarhus

Malcolm, Todd. 2004. *A Companion to Roman Britain*. Blackwell Publishing Ltd. Oxford.

Martin, Ronald. 1981. *Tacitus*. Bristol Classical Press. London

Mattingly, David. 2006. *An Imperial Possession: Britain in the Roman Empire, 54 BC – AD 409*. Penguin Books. London

Mellor, Ronald 1993. *Tacitus*. Routledge. New York

Mellor, Ronald. 1999. *The Roman Historians*. Routledge. New York

Meyer, Jørgen Christian. 2002. *Antikkens historie*. Cappelen Akademisk Forlag. Oslo

Moorhead, John. 2001. *The Roman Empire Divided, 400-700*. Pearson Education Limited. Essex.

O'Loughlin, Thomas. 1999. *St. Patrick – The Man and His Works*. Caledonian International Ltd. London

Reece, Richard. 2002. *The Coinage of Roman Britain*. Tempus Publishing Ltd. Gloucestershire.

Rivet, A.L.F. 1958. *Town and Country in Roman Britain*. Hutchinson & Co. Ltd. London

Salway, Peter. 1993. *The Oxford Illustrated History of Roman Britain*. Oxford University Press. New York.

Sawyer, P. H. 1978. *From Roman Britain to Norman England*. Methuen & Co Ltd. London.

Vidén, Gunhild. 2000. *Vad skrev författaren egentligen? Om texttradering och textkritik*. I *Ad fontes – Antikkvitenskap, kildebehandling og metode*. Redigert av John W. Iddeng. Norsk klassisk forbund. Oslo.

Ward-Perkins, Bryan. 2005. *The Fall of Rome and the End of Civilization*. Oxford University Press. Oxford.

Width, Trygve 1997. *Agricola og Germania*. Aschehoug & Co. Oslo. (1968)

Williams, Hugh. 1990. *Two lives of Gildas*. Llanerch Enterprises. Felinfach. (1899)

Woolf, Greg. 2000. *Becoming Roman. The Origins of Provincial Civilization in Gaul*. Cambridge University Press. Cambridge.